

# Når sant må seiast

Ein diskusjon av Karl-Otto Apels  
transcendentalpragmatiske sanningskonsepsjon



Hovudfagsoppgåve  
Vår 2005  
Filosofisk institutt  
Universitetet i Bergen

**Silje Aambø Langvatn**

***”Truth crushed to earth shall rise again.”***

W.C. Bryant, *The Battle-Field*, 1839  
(Sitert av C.S. Peirce i ”How to make our Ideas Clear”, 1878)

## **Forord**

Eg vil takke veiledaren min professor Gunnar Skirbekk. Det var gjennom hans forelesningsrekke hausten 2002 at eg først byrja å lese Apels filosofi. Som veileidar har Skirbekk vist engasjement og tolmod, og han har gitt meg tru på at eg kunne gjennomføre dette prosjektet.

Eg vil dessutan takke Siri G. Carson ved universitetet i Trondheim, Boris Rähme ved Freie Universität i Berlin og medstudent Kjetil Skjerve i Bergen, som alle har kome med viktige korrektiv. Takk til Svale A. Fossåskaret for korrekturlesing og formatering, og til Astrid Hovden for "Seint, men godt"-catering service og andre vennskapelege støttetiltak. Ein stor takk går til mor mi, Reidun Aambø, som har ytt meg uvurderlig moralsk (og økonomisk) støtte etter at Lånekassen sette kroken på døra. Og til slutt, men ikkje minst, vil eg takke Kim E. Andreassen for praktisk hjelp, og for å minne meg på det gode og det skjønne i dei periodane eg har tenkt mest på kva det sanne er.

Bergen, 15. mai, 2005

Silje Aambø Langvatn

# Når sant må seiast

## Ein diskusjon av Karl-Otto Apels transcendentalpragmatiske sanningskonsepsjon

### INNHALD:

<b>FORORD</b> .....	<b>iii</b>
<b>0 INNLEIING</b> .....	<b>1</b>
0.1 Mitt utgangspunkt for ein kritikk .....	3
0.2 Gangen i oppgåva .....	5
<b>KAPITTEL 1 TAKSONOMI FOR APELS TRANSCENDENTALE</b>	
<b>ARGUMENTASJONSTYPAR</b> .....	<b>7</b>
1.1 Førebels karakteristikk av Apels transcendentalfilosofiske argumentasjon .....	7
1.2 Forsøk på ein generell taksonomi for Apels transcendente argumentasjon og strategiar for å eksplisere sanning .....	9
1.2.1 Den transcendentalsemiotiske argumentasjonstypen .....	10
1.2.1.1 Rekonstruktiv transcendentalsemiotisk argumentasjon .....	11
1.2.1.1.1 Sanning i rekonstruktiv transcendentalsemiotisk argumentasjon .....	13
1.2.1.2 Kritisk transcendentalsemiotisk argumentasjon .....	16
1.2.2 Den transcendentalpragmatiske argumentasjonstypen .....	18
1.2.2.1 Rekonstruktiv transcendentalpragmatisk argumentasjon .....	19
1.2.2.1.1 Sanning som eit performativt gyldigheitskrav .....	20
1.2.2.1.2 Sanning som ein transcendentalpragmatisk føresetnad .....	22
1.2.2.2 Kritisk transcendentalpragmatisk argumentasjon .....	25
1.2.2.2.1 Teoriavhengig kritisk transcendentalpragmatisk argumentasjon .....	26
1.2.2.2.2 Ikkje-teoriavhengig, kritisk, transcendentalpragmatisk argumentasjon (strengt refleksiv transcendental argumentasjon) .....	27
1.3 Oppsummering .....	30
<b>KAPITTEL 2 RELASJONEN MELLOM APELS ARGUMENTATIVE TYPAR</b>	
<b>- DEN ARGUMENTATIVE ARKITEKTONIKKEN</b> .....	<b>31</b>
2.1 Konkurrerande former for transcendental argumentasjon og refleksjon? .....	34
2.2 Komplementære former for transcendental argumentasjon og refleksjon? .....	35
2.2.1 Den harde kjernen i Apels tilnærming - Kuhlmanns tolking .....	36
2.2.2 Eit øvste nivå av transcendentalargumentasjon - Böhlers tolking .....	37
2.2.3 Apel om eigen argumentasjonsarkitektonikk .....	40
2.3 Den strengt refleksive refleksjonen som kjernen i Apels tilnærming eller grunnmuren i Apels argumentative arkitektonikk .....	45
<b>KAPITTEL 3 Kritikk av Apels strengt refleksive ARGUMENTASJON</b> .....	<b>47</b>
3.1 Apels utgangspunkt: Münchhausen-trilemmaet og universell skeptisisme .....	47
3.2 Apels motsats: den strengt refleksive refleksjons- og argumentasjonsforma .....	49
3.2.1 Strengt refleksiv argumentasjon som sterk transcendentalargumentasjon .....	50
3.2.2 Strengt refleksiv argumentasjon som ikkje-teoriavhengig transcendentalargumentasjon .....	52
3.2.3 Apels kriterium for sistegrunngitte påstandar .....	54
3.3 Kritikk av Apels strengt refleksive argumentasjon .....	55
3.3.1 "Performativ sjølvmotseiing" - ein uklar teknisk term .....	56
3.3.2 "Performativ sjølvmotseiing" - ei problematisk diagnose .....	60
3.3.3 Kan vi ha ein infallibel tilgang til den immanente handlingskunnskapen? .....	63
3.3.4 Er den immanente handlingskunnskapen infallibel (og dermed "sann")? .....	65
3.3.5 "Blargumentasjonssituasjonar" og "argumentet om ei anna mulig fornuff" .....	66
3.3.6 Strengt refleksiv sistegrunngiving hamnar i Münchhausen-trilemmaet .....	68
3.3 Oppsummering .....	70

<b>KAPITTEL 4 APELS KRAV TIL EIN TILSTREKKELEG SANNINGSEKSPLIKASJON .....</b>	<b>72</b>
4.1 Apels utgangspunkt: tre første filosofiparadigme .....	72
4.1.1 Den ontologiske metafysikken .....	72
4.1.2 Den transcendentale epistemologien .....	74
4.1.2.1 Paradigmeovergang: Den lingvistiske vendinga .....	76
4.1.3 Transcendentalsemiotikken .....	79
4.1.3.1 Implikasjonar for ein meiningsteori .....	79
4.1.3.2 Implikasjonar for ein sanningsteori .....	82
<b>KAPITTEL 5 KRITIKK AV APELS <i>ULTIMAT KONSENSUS</i>-SANNINGSKONSEPSJON.....</b>	<b>86</b>
5.1 Ein einskapleg og meningsfull sanningskonsepsjon? .....	86
5.1.1 Sanning som den ultimate konsensusen .....	87
5.1.1.1 Wellmers kritikk av bruken av idealiseringar .....	87
5.1.1.2 Wellmer og Beckers kritikk av bruken av omgrepet "konsensus" .....	89
5.1.2 Den ultimate konsensusen som ein regulativ idé .....	90
5.1.3 Den ultimate konsensusen som eit naudsynt performativt gyldigheitskrav .....	93
5.1.4 Apels avgjerande prov .....	96
5.1.4.1 Problem med Apels avgjerande prov .....	98
5.2 Problema med sanningskonsepsjonen som symptom på problem i den transcendentalfilosofiske tilnærminga .....	99
5.2.1 Apels arkitektonikk .....	100
5.2.2 Spenningar i Apels arkitektonikk .....	102
<b>6 KONKLUSJON .....</b>	<b>106</b>
6.1 Verdien av Apels filosofiske tilnærming .....	106
6.1.1 Verdien av Apels teoriavhengige transcendentale argumentasjon .....	107
6.1.2 Verdien av Apels strengt refleksive, transcendentale argumentasjon .....	109
6.2 Ei alternativ tolking: "punktuell og fallibel refleksiv grunngeving" versus "infallibel strengt refleksiv sistegrunngeving" .....	110
<b>LITTERATURLISTE:.....</b>	<b>114</b>

## INNLEIING

Knapt noko omgrep i den filosofiske tradisjonen har ein så sentral plass og samstundes ei så omstridd tyding som omgrepet ”sanning”. Det næraste ein kjem ein definisjon med universell tilslutnad er Aristoteles’ definisjon av sanning som korrespondanse mellom ei utsegn og eit saksforhold:

” To say of the being that it is not, and to say of the non-being that it is, is false; but to say of the non-being that it is not and of the being that it is, is true.”<sup>1</sup>

Den tyske filosofen Karl-Otto Apel (f.1922) meiner at Aristoteles’ sanningsdefinisjon ikkje er anna enn ”das Namensklärung der Wahrheit”<sup>2</sup>: Den er ein minimumsdefinisjon av sanning som alle sanningsteoriar og sanningskonsepsjonar kan godta, men den er slett ingen opplysende eller tilstrekkeleg eksplikasjon av meininga til omgrepet “sanning”. Utfordringa for ein sanningsteori, eller ein sanningskonsepsjon, er såleis å gjere Aristoteles’ minimumsdefinisjon av sanning informativ eller filosofisk interessant. Men ifølgje Apel har alle dei velkjende filosofiske forsøka på å eksplisere sanningsomgrepet utover denne minimumsdefinisjonen alvorlege feil og manglar.<sup>3</sup>

I over 30 år har Apel vore ei motvekt til relativistiske sanningsteoriar og til dei straumdraga i moderne filosofi som ikkje ser “sanning” som eit nyttig filosofisk omgrep. Men Apel har også vore ein kritikar av alle metafysisk-realistiske sanningsteoriar, av såkalla “naiv realisme” og av ”semantisk realisme”. Apel meiner at ein svak versjon av ein realistisk korrespondanseteori om sanning uttrykkjer ein korrekt intuisjon om sanning og at denne intuisjonen må takast omsyn til i einkvar plausibel sanningsteori.<sup>4</sup> Sidan slutten på 60-talet har Apel forsøkt å ivareta denne realist-intuisjonen innanfor ei særskild form for sanningsrealisme som han kallar *meinungskritisk realisme* (”sinnkritischen Realismus”).<sup>5</sup> Innhaldet i denne

---

<sup>1</sup> Aristoteles, *Metafysikken* Bok IV, 7 1011b, 26f, Apel, K.-O. 1993: 191

<sup>2</sup> Kant, I. 1781/1787: A58/B83

<sup>3</sup> Jmf. Apel, K.-O. 1998: 90f

<sup>4</sup> ”In einem gewissen Sinne ist eine *realistische Korrespondenz-Theorie* der Wahrheit nicht nur die natürliche Grundintuition hinsichtlich der Aussagen-Wahrheit, sondern sie wird in diesem Sinn auch von allen Wahrheitstheorien als *notwendige Bedingung* vorausgesetzt [...]”Apel, K.-O. 1998: 190. Jmf. Apel, K.-O. 1993: 192

<sup>5</sup> Apel, K.-O. 2003: 180

meningskritiske realismen artikulere Apel i det eg vil kalle Apels *ultimat konsensus-sanningskonsepsjon*.<sup>6</sup> Denne seier:

”[T]ruth (with regard to reality in general) would be represented by that discursive consensus that would ultimately be reached in an unlimited community of research, if the process of research, under ideal communicative and epistemological conditions, could be continued in a way critically surpassing any factual consensus- that is, will go on potentially infinitely.”<sup>7</sup>

I sine skrifter forsvare Apel denne sanningskonsepsjonen som den einaste tilstrekkelege eksplikasjonen av meininga til omgrepet ”sanning” og som utgangspunktet for den einaste mulige koherente realistposisjonen. Dersom vi forstår Apels sanningskonsepsjon, så forstår vi Apels meningskritiske realisme. Men det finst eit utal måtar å forstå, og misforstå, kva Apel meiner med sin *ultimat konsensus-sanningskonsepsjon*. For å forstå korleis Apel sjølv ser innhaldet, funksjonen og statusen til denne sanningskonsepsjonen, så må vi sjå på dei måtane Apel utviklar og forsvare den på.

Det mest særmerkte ved måten Apel ekspliserer og forsvare sanningskonsepsjonen sin på, er at han gjer dette innanfor rammene av ein distinkt versjon av ei *transcendentalfilosofisk* tilnærming. Apels transcendentalfilosofiske tilnærming er vanskeleg å få grepet på, og det er fordi den ikkje er systematisk presentert i Apels skrifter og fordi den involverer fleire argumentasjonstypar og fleire nivå av filosofisk refleksjon. Eg vil hevde at fortolkingsproblem med omsyn til Apels transcendentalfilosofiske tilnærming har ført til ei rekke misforståtte kritikkar av Apels sanningskonsepsjon. I denne oppgåva forsøker eg å gi ei kort, systematisk oversikt over korleis Apel utviklar sin *ultimat konsensus-sanningskonsepsjon* innanfor Apels distinkte, transcendente tilnærming. Denne typen systematisk tilnærming til filosofi og sanningeksplikasjon hans er ei mangelvare både i Apels eigen produksjon og i kommentarlitteraturen. Ved å gjere Apels transcendente tilnærming meir oversiktleg, meiner eg at eg kan gi ein grundigare kritikk av Apels eksplikasjon av sanningsomgrepet.

---

<sup>6</sup> Apel nyttar omgrepet ”a conception of truth”, og meiner med dette ei utlegging av ei generell forståing av sanning. Apel nyttar dette omgrepet for å referere til noko som er mindre omfattande enn ein sanningsteori og mindre presist enn ein filosofisk sanningsdefinisjon, men samstundes noko meir enn berre ein leksikal eller konvensjonell definisjon. Apel, K.-O. 1994:175

<sup>7</sup> Apel, K.-O. 2001:18

## 0.1 Mitt utgangspunkt for ein kritikk

Apels forsøk på å eksplisere meininga til omgrepet ”sanning” og tilhøyrande meiningsskrittiske realisme er blitt møtt med kritikk frå mange hald. I ein diskusjon av problema med Apels sanningseksplikasjon vil det vere naturleg å ta utgangspunkt i dei velkjende kritikkane som Jürgen Habermas og Albrecht Wellmer har kome med. Habermas og Wellmer er interessante kritikarar av Apel sidan dei deler mange av Apels filosofiske utgangspunkt. Eg tenker her først og fremst på deira felles ønske om å utvikle ein postmetafysisk form for filosofisk refleksjon og deira språkpragmatiske tilnærmingar. Apel sjølv trekker fleire stader parallellar mellom si eiga forståing av sanning og Habermas’ konsensussteori om sanning. Men skilnaden mellom Habermas’ konsensus- eller diskursteori om sanning og Apels *ultimat konsensus-sanningskonsepsjon* har vorte klarare og meir aksentuert med Habermas’ verk *Wahrheit und Rechtfertigung* frå 1999. Wellmers kritikk av Apel går attende til *Ethik und Dialog* frå 1986. Fokuset i denne kritikken er Apels bruk av idealiseringar for å eksplisere meininga til omgrepet ”sanning”.

I min diskusjon kjem eg inn på både Habermas’ og Wellmers kritikk av Apels sanningskonsepsjon, men eg har likevel vald å ikkje byggje den kritiske diskusjonen i denne oppgåva på deira utleggingar. Grunnen er at Apel sjølv avviser deira kritikk som fundamentalt feilslått. Det er fordi desse to filosofane ikkje godtek det som er ein grunnleggande premiss i Apels tilnærming i sanningsspørsmålet, nemlig verdien av å ta i bruk ein *transcendental* type filosofisk refleksjon og argumentasjon for å kunne klargjere sanningsspørsmålet. Apel hevdar at Wellmer i sin kritikk på førehand har gjort seg opp ei meining om at:

”[...]*Transzendentalphilosophie* jeder Couleur zur *Metaphysik* gehört und insofern im Namen (*sprach-*) *pragmatischer Sinnkritik* überwunden werden muss. Es wird hier offenbar nicht ein *neues - möglicherweise postmetaphysisches - Paradigma der Transzendentalphilosophie nach der sprachpragmatischen Wende* für möglich gehalten: ein Paradigma, das nötig wäre, um dem universalen, intersubjektiven Gültigkeitsanspruch, der mit jedem Wahrheitsanspruch verbunden ist, Rechnung zu tragen.”<sup>8</sup>

Den same typen innvendingar rettar Apel mot Habermas som dei siste åra har lagt vekt på ei ”de-transcendentalisering” av sin filosofiske refleksjon og argumentasjon.

---

<sup>8</sup> Apel, K.-O. 2003: 174



Habermas sjølv omtalar skilnaden mellom si *universalpragmatiske* tilnærming og Apels *transcendentalpragmatiske* tilnærming som ein teoriarkitektonisk skilnad.<sup>9</sup> Ifølgje Apel er ei postmetafysisk form for transcendental refleksjon og argumentasjon ein føresetnad for at ein skal kunne forstå sanningskonsepsjonen hans rett. Under kontroversane mellom Apel og Habermas, og Apel og Wellmer, ligg det altså viktige skilnader i synet på kva filosofi som er mulig, og i synet på kva filosofisk verksemd skal vere.<sup>10</sup>

Eg ønskjer i denne diskusjonen å vurdere Apels filosofiske tilnærming og tilhøyrande eksplikasjon av ”sanning” på Apels egne premissar. Det vil seie at eg her i utgangspunktet har valt å ikkje utelukke muligheita for at Apel kan lukkast i å utforme ei postmetafysisk form for transcendental refleksjon og argumentasjon som kan gje ein filosofisk interessant eksplikasjon av meininga til omgrepet ”sanning”. I min diskusjon går eg difor frå å først undersøkje oppbygginga og koherensen i Apels transcendentalfilosofiske tilnærming, eller transcendentalargumentative arkitektonikk, til deretter å undersøkje koherensen i Apels meningskritiske realisme. Ein kan kanskje seie at eg ser det eine som ein test på det andre. Eg ser etter stader der det oppstår spenningar og problem, eller argumentative sprang, i Apels forsøk på å utforme ei transformert transcendentalfilosofisk tilnærming. Dette er spenningar og problem som kan forklare kvifor det er vanskeleg i det heile å forstå kva Apel meiner med sanning forstått som den ultimate konsensusen, og kvifor det er vanskeleg å forstå innhaldet i Apels ”meningskritisk realisme” (”Sinnkritischer Realismus”).

Eg er skeptisk til Apels påstand om at han kan gje ein tilstrekkeleg eksplikasjon av meininga til omgrepet ”sanning”. Hovudproblemet, slik eg ser det, er at Apel baserer seg på antakinga om at han gjennom sin ikkje-teoriavhengige, kritiske transcendentalpragmatiske argumentasjon kan gje ei filosofisk sistegrunniving (”Letztbegründung”) av *ultimat konsensus*-sanningskonsepsjonen. Likevel meiner eg at ein gjennomgang av Apels ulike argumentative strategiar gir nye og verdifulle perspektiv på, og innsikter i, korleis vi kan tenke på og argumentere kring sanning. Apels transcendentalsemiotiske og transcendentalpragmatiske perspektiv gir også eit nytt og verdifullt perspektiv på korleis vi kan drive filosofisk verksemd i det heile. Eg meiner at dette perspektivet er av interesse både for analytiske og kontinentalt orienterte filosofar.

---

<sup>9</sup> Habermas, J. 2003: 44

<sup>10</sup> Jmf. Habermas’ utsegner i Habermas, J. 2003: 44

Mitt fokus på Apels transcendentalfilosofiske metode, eller argumentasjonsarkitektonikk, gjer at framstillinga ber preg av mange teoretiske og lite elegante termar. Eg har i størst mulig grad forsøkt å nytte dei termene som Apel sjølv nyttar. Somme stader har eg likevel innført egne termar (som til dømes ”kritisk transcendentelpragmatisk argumentasjon” og ”ikkje-teoriavhengig, kritisk, transcendentelpragmatisk argumentasjon”) for å klargjere skilnader som Apels eigen vekslende og upresise terminologi lett kan tilsløre. Eg har også innført omgrepet ”*ultimat konsensus-sanningskonsepsjon*” som ein fellesnemnar for Apels konseptualiseringar av sanning. Den tyske transcendentelpragmatiske terminologien let seg ikkje omsette til nynorsk på ein god måte. Eit par stader har eg nytta bokmålsord som ”betvile” (”bezweifeln”) og ”benekte” (”bestreiten”) i staden for å skrive om, dette fordi dei ligg nærare opp til Apels tyske termar og fordi dei lettar flyten i framstillinga.

Eg har i denne diskusjonen vald å ta omsyn til Apels transcendentalsemiotikk.<sup>11</sup> I kommentarlitteraturen, og mellom Apels kritikarar, er det eit sterkt fokus på transcendentelpragmatikken noko som overskuggar Apels meir omfattande semiotiske rammeverk.<sup>12</sup> Eg meiner at det først er i lys av det siste at vi kan vurdere Apels sanningsomgrep på ein rettmessig måte. Han legg fram sin filosofi og sanningsteori på ein måte som er krevande for lesaren. Apel presenterer sin filosofi som ein transformert transcendentel logikk, og vi kan lese ein semiotisk teori for språk og kognisjon, samt ein talehandlingsteori ut av skriftene hans. Men vi må lese desse teoridanningane ut frå hans diskusjonar med andre filosofar der Apel for det meste argumenterer ved å gjentolke og syntesisere tidlegare filosofars posisjonar. Samstundes vegrar Apel seg mot filosofisk verksemd som noko knytt til posisjonar, teoriar og systematikk, og han held fram det diskursive, performative, sjølv-refleksive og punktuelle. Denne vegringa dannar ei uklarheit og spenning i lesinga av Apel, noko som eg meiner til sjuande og sist kan førast attende til uklarheit og spenning i Apels filosofiske tilnærming.

## 0.2 Gangen i oppgåva

I første kapittel forsøker eg å gje ei mest mulig heilskapeleg og systematisk framstilling av Apels ulike transcendentalfilosofiske argumentasjonstypar.

---

<sup>11</sup> Jmf. Apel, K.-O. 1994: 112-175 og 207-250

<sup>12</sup> Jmf. Wellmer, A. 2003

Samstundes viser eg korleis desse argumentasjonstypene korresponderer til Apels ulike strategiar for å eksplisere meininga til omgrepet “sanning”. I kapittel to ser eg på relasjonen mellom desse ulike transcendentale argumentasjonstypene som Apel operer med. Eg søker med andre ord etter det som kan kallast Apels metode eller argumentasjonsarkitektonikk. Her kjem eg fram til at Apels ikkje-teoriavhengige, kritiske transcendentalpragmatiske argumentasjonsform (også kalla Apels ”strengt refleksive transcendentale argumentasjonsform”) dannar grunnmuren i Apels argumentasjonsarkitektonikk. I kapittel tre går eg denne argumentasjonstypen nærare etter i saumane og finn fleire problematiske aspekt ved den.

I kapittel fire går eg over til å sjå på Apels krav til ein tilstrekkeleg sanningsteori. Det gjer eg ved å sjå på den måten Apel rekonstruerer filosofihistoria som ein dialektisk prosess som går frå det ontologisk-metafysisk paradigmat av førstefilosofi, via den transcendentale epistemologien til eit transcendentalsemiotisk paradigmat av førstefilosofi. Grunnen til at eg ser på Apels rekonstruksjon av ulike førstefilosofiparadigma er at Apel meiner dei ulike førstefilosofiparadigma, opnar for ulike typar sanningsteoriar. Dei to første paradigma eksplisierer ifølgje Apel relevante aspekt ved sanningsomgrepet, men det er berre snakk om del-rekonstruksjonar. Først i det transcendentalsemiotiske paradigmat vil muligheita opne seg for ein integrativ sanningsteori som er tilstrekkeleg, og ikkje minst sistegrunngitt, slik Apel meiner *ultimat konsensus*-sanningskonsepsjonen er. I siste kapitlet spør eg om Apels *ultimat konsensus*-sanningskonsepsjon er einskapeleg, tilstrekkelig og sistegrunngitt. Eg ser på den kritikken som har kome mot denne konsepsjonen frå filosofar som A. Wellmer, W. Becker og J. Habermas og på den måten Apel forsvarar seg mot denne kritikken. På den måten Apel forsvarar seg mot sine kritikkarar, ser vi korleis den ikkje-teoriavhengige, kritiske transcendentalpragmatiske argumentasjonen er den avgjerande argumentasjonstypen for Apel. Her ser vi også korleis svakheiter i Apels ulike transcendentale argumentasjonstypar gjer seg gjeldande. I siste del av konklusjonen gir eg eksempel på korleis eg trur ei moderert utgåve av Apels filosofi kan nyttast på ein fruktbar måte i filosofien.

# KAPITTEL 1

## Taksonomi for Apels transcendentale argumentasjonstypar

### 1.1 Førebels karakteristikkk av Apels transcendentalfilosofiske argumentasjon

Sidan 1967 har Apel omtala den filosofiske tilnærminga si som ein *transformasjon* av Kants transcendentalfilosofi.<sup>13</sup> For å forstå Apels transcendentalfilosofiske tilnærming kan det difor vere nyttig å sjå på kva Apel og Kant har til felles og på kva som skil deira tilnærmingar.

Både Kant og Apels filosofiske tilnærmingar utgår frå problemet med å attendevise universell skeptisisme eller frå problemet med å kunne gje ei filosofisk grunngeving og legitimasjon av den prinsipielle muligheita for at vi menneske kan ha reell kunnskap om verda. Korkje Apel eller Kant trur at deduktiv tenking kan løyse denne typen problem. Deira løysingsforslag ligg heller i ei “kopernikansk vending”: Dei går over til å ta refleksjonen over *muligheits- og gyldigheitsføresetnadane for vår eigen kognisjon (erkjening)* som *førstefilosofi* eller som utgangspunkt for den filosofiske refleksjonen.<sup>14</sup> Dei meiner at dersom vi finn noko som er universelt og naudsynt i den måten vi erkjenner objekta våre, så vil vi vite noko om korleis alle objekt i verda vil måtte vere *for oss*. Kant og Apel ser denne filosofiske kunnskapen som den einaste mulige basisen for å attendevise universell skeptisisme i forhold til vår evne til å ha reell kunnskap om verda. Med andre ord inneber både Apel og Kants filosofiske tilnærmingar eit forsøk på å avdekke ein *transcendental kognisjons-* eller *erkjenningsslogikk*.<sup>15</sup> Ein slik kognisjonslogikk kan ikkje openberrast gjennom empiriske undersøkingar av erkjeningsevnene våre. Ein kognisjonslogikk kan berre openberrast gjennom fornuftas *sjølvrefleksive refleksjon*, dvs. gjennom opplysning (“Aufklärung”) av fornufta gjennom fornufta der fornufta oppdagar sine egne *a priori* eller konstitutive prinsipp.<sup>16</sup>

Ein kan også finne fellestrekk mellom Apel og Kant i den forma som argumentasjonen deira tek. Som andre typiske transcendentale argument tek Apel og Kants transcendentale argument utgangspunkt i noko som vert teke for gitt at er

---

<sup>13</sup> Apel vart på denne tida inspirert av C. S. Peirces forsøk på å transformere transcendentalfilosofien. Jmf. Apel, K.-O. 1967/70 og Apel, K.-O. 2003: 172

<sup>14</sup> Apel, K.-O. 1973: 13ff

<sup>15</sup> Apel, K.O. 2003: 173

<sup>16</sup> Kant, I. 1781/1787: A 56/B 80

mulig eller som er filosofisk ukontroversielt. Dei forsøker så å presentere substansielle *muliggjerande* føresetnader for dette fenomenet. Nokre vil difor hevde at den formelle strukturen i deira transcendentale refleksjon og argumentasjon tek form av ei slutning i *modus ponens*:<sup>17</sup>

- 1) Dersom y (er mulig), så x
- 2) y (er mulig)
- 3) Ergo x

Alternativt kan den transcendentale argumentasjonen ha følgjande form:

- (1) Dersom ikkje x (er mulig), så ikkje y
- (2) y (er mulig)
- (3) Ergo x

Denne logiske argumentasjonsforma er ikkje eksklusiv for transcendental argumentasjon. Den måten premissane i denne typen argument vert etablerte på er også medbestemmande for at noko vert rekna som eit transcendentalt argument.<sup>18</sup> Eg trur vi kan seie at eit ytterligare og innhaldsmessig kjenneteikn ved transcendentale argument er at den andre premissen (den transcendentale underpremissen) vert rekna som sikker fordi ikkje-y vil vere absurd. Eit eksempel på dette er at Kant i sin transcendentale argumentasjon tek *muligheita for erfaring av eit objekt i det heile* som det sikre utgangspunktet, eller som den transcendentale underpremissen. Denne premissen meiner Kant er filosofisk ukontroversiell fordi han meiner at ”ikkje-y (er mulig)” vil vere umulig å forestille seg, og dermed absurd. Kant byggjer altså på ei antaking om at det ikkje er mulig å forestille seg at det ikkje er mulig å ha erfaring av eit objekt i det heile. Så langt om den generelle forma til transcendentale argument. Kva skil så Kant og Apels transcendentale tilnærmingar i filosofien?

Medan Kants transcendentale argumentasjon har som transcendental underpremiss at ”*erfaring av objekt i det heile* (er mulig)”, så har Apel som sikkert utgangspunkt at ”*meiningsfull argumentasjon* (er mulig)”. Ein annan skilnad er at Kant lokaliserer dei universelle og naudsynte prinsippa som muliggjer kognisjonen (x) i kvart enkelt *individ's kognitive utrusting*, medan Apel lokaliserer desse muliggjerande prinsippa (x) i det *intersubjektive språket*. Som ein konsekvens av dette legg Apel vekt på at transcendental refleksjon ikkje berre er ein kritisk refleksiv refleksjon i forhold til muligheitsføresetnader, men også i forhold til *intersubjektive*

---

<sup>17</sup> Jmf. Kuhlmann, W. 1996 og Philström, S. 2004: 291

<sup>18</sup> Jmf. Walsch, W.H. 1975: 102 sitert i Huithfeldt, C. 1984: 23

gyldighetsføresetnader.<sup>19</sup> Ein kan ifølgje Apel ikkje ha eit strengt skilje mellom mulighetsføresetnader for språkleg meining og intersubjektive gyldighetsføresetnader for språkleg meining.<sup>20</sup>

Dette er nokre av dei generelle karakteristikkane ved Apels forslag til ein transformasjon av filosofien. Når vi no går over til å sjå på Apels eksplikasjon av sanning som eit eksempel på korleis hans transcendentale tilnærminga vert nytta i praksis, så vert vi merksame på at det er eit mangfald av argumentasjonstypar innanfor det som eg her med ein fellesnemnar har kalla Apels transcendentale tilnærming eller metode.

## **1.2 Forsøk på ein generell taksonomi for Apels transcendentale argumentasjon og strategiar for å eksplisere sanning**

Apels distinkte transcendentale tilnærming vert presentert som to ulike hovudtypar av transcendental refleksjon og argumentasjon: *transcendentalsemiotisk argumentasjon* og *transcendentalpragmatisk argumentasjon*.<sup>21</sup> Desse to hovudtypane av argumentasjon finn vi i ulike versjonar i Apels skrifter. I dette kapittelet presenterer eg ein taksonomi for desse ulike hovudtypane av refleksjon og argumentasjon utan å analysere relasjonen mellom dei i Apels transcendentalfilosofiske metode eller argumentasjonsarkitektonikk. Ein slik analyse vil verte hovudfokuset i det andre kapittelet der vi vil sjå at nokre av dei skiljelinene eg dreg opp i dette kapittelet er meir avgjerande enn dei andre.

Differensieringa mellom Apels ulike transcendentale argumentasjonstypar er viktig i forhold til Apels meiningskritiske realisme. Grunnen til dette er at transcendentalsemiotikken og transcendentalpragmatikken i sine ulike former utgjer dei argumentative strategiane som Apel eksplisierer sanningskonsepsjonen sin gjennom, og dermed utviklar si særeigne form for meiningskritisk realisme gjennom. For å forstå Apels sanningskonsepsjon og meiningskritiske realisme må vi difor sjå på korleis sanningskonsepsjonen vert utvikla og forsvart i kvar av dei

---

<sup>19</sup> Apel, K.-O. 1994: 64

<sup>20</sup> Apel, K.-O. 1973: 75

<sup>21</sup> Seinare i denne diskusjonen vil det bli klart at transcendentalsemiotikk og transcendentalpragmatikk overlappar på mange vis. Eg trur likevel det er tenleg å skilje dei her innleiingsvis for å få eit grep på breidda i Apels argumentasjon i forhold til sanningsomgrepet. Apel nemner også *transcendentalhermeneutikken* som ei av sine filosofiske tilnærmingar. Jmf. Apel, K.-O, 1994: 78. Eg ser Apels transcendentalhermeneutikk som ein integrert del av både hans transcendentalsemiotikk og hans transcendentalpragmatikk. Difor vel eg å ikkje diskutere den som ein separat argumentativ strategi her.

argumentasjonstypene som Apel operer med, før vi går vidare og ser på korleis desse transcendentale argumentasjonstypene heng saman og utgjer ei bestemt transcendentalfilosofisk tilnærming eller metode.

### 1.2.1 Den transcendentalsemiotiske argumentasjonstypen

Det første vi kan merke oss i forhold til Apels transcendentalsemiotiske argumentasjon er at den ser ut til å veksle mellom to noko ulike former for transcendental argumentasjon, dette ville eg kalle Apels *rekonstruktive* og *kritiske* transcendentale argumentasjonsformer. Eg sa innleiingsvis at transcendentale argument tek form av ei slutning i *modus ponens*. Den første premissen i slike slutningar er: "Dersom y (er mulig), så x". Dette kan vi kalle den transcendentale hovudpremissen. Den andre premissen i slutninga, den transcendentale underpremissen, er "y (er mulig)". Konklusjonen, eller den transcendentale tesa, er "Ergo x". Eg skil mellom Apels rekonstruktive og kritiske transcendentale argumentasjonsformer fordi eg meiner Apel vekslar mellom to ulike måtar å etablere den transcendentale hovudpremissen i sine argument. På den eine sida har vi transcendentale argument der Apel byggjer på antakinga om at den transcendentale hovudpremissen kan etablerast eller sannsynleggjerast gjennom ein systematisk eller teoretisk rekonstruksjon av y som viser at det er eit nødvendig samband mellom y og x. Dette vil eg kalle ei *rekonstruktiv* form for transcendental argumentasjon. På den andre sida har vi transcendentale argument der Apel byggjer på antakinga om at den filosofisk ukontroversielle transcendentale hovudpremissen kan etablerast eller sannsynleggjerast gjennom kritisk *reductio ad absurdum* argumentasjon: gjennom å vise at ein teori (eller ein påstand eller ei førestilling) om y vert absurd, og dermed meningslaus, dersom x vert utelatt i teorien (eller påstanden eller førestillinga) om y. Den måten som premissane i eit transcendentalt argument til sjuande og sist vert etablerte eller sannsynleggjorte på vil som regel berre kome fram i dei tilfella der premissane vert møtt med kritiske innvendingar og må forsvarast. Det ser likevel ut som det er styrken i denne typen bakgrunnsantakingar som vil vere avgjerande for styrken i Apels transcendentale argumentasjonen.

Så langt om den generelle forma til Apels rekonstruktive og kritiske former for transcendentalsemiotisk argumentasjon. Like viktig er spørsmålet om kva Apel vonar å oppnå med ein distinkt transcendentalsemiotisk versjon av rekonstruktiv og kritisk transcendentalargumentasjon. Kva er variablane i denne typen transcendental

argumentasjon? Ein kan seie at Apel i sin transcendentalsemiotiske argumentasjon ser y, det ”ubetvilelege” filosofiske utgangspunktet, som muligheita for *meningsfulle dommar*. Vidare ser Apel her x, eller den muliggjerande føresetnaden for mulige meningsfulle dommar, som den *teiknmedierte kognisjons-* eller *tolkingsprosessen* (”semiosis”). Eg vil her utdjupe Apels transcendentalsemiotiske argumentasjon i kritisk og rekonstruktiv form med ei vektlegging av korleis sanning vert tematisert og eksplisert når Apel argumenterer på denne måten.

### 1.2.1.1 Rekonstruktiv transcendentalsemiotisk argumentasjon

Apel byggjer den rekonstruktive forma av transcendentalsemiotisk argumentasjon på antakinga om at den naudsynnte relasjonen mellom meningsfulle dommar (y) og den teiknmedierte tolkingsprosessen x (den transcendentale hovudpremissen  $y \rightarrow x$ ), kan gjerast sannsynleg gjennom ein teoretisk rekonstruksjon av y, eller ved å presentere ein transcendentalsemiotisk kognisjonslogikk som viser at x nødvendig eller konstituerande for meningsfulle dommar, dvs. for kognisjon (y).

Som Kant meiner Apel at vi har diskursive intellekt. Dette tyder at vi forstår ved å felle ein dom over noko, eller ved å plassere det ubestemte ”noko” under eit omgrep. Men i motsetnad til Kant meiner Apel at ein ikkje kan finne mulighetsføresetnadane for meningsfulle eller kognitive dommarar ved å reflektere over eigne medfødde kognitive kapasitetar, eller ved å reflektere over seg sjølv som eit transcendentalt ego. Apel meiner at meningsfulle kognitive dommar berre kan ekspliserast som del av ein offentleg og intersubjektiv teiknmedieringspraksis, eller som del av teiknmedieringsprosessen.

Apel er her inspirert av dei semiotiske tekstane til C.S.Peirce.<sup>22</sup> Eit av Peirces viktige poeng er at det er den spesielle funksjonen til *teikn* som gjer meningsfulle dommar og dermed kognisjon mulig. Berre teikn kan ifølgje Peirce fungere som *mediatorar* for objektmeininga. Dette tyder at berre teikn kan etablere ein relasjon mellom eit subjekt og verda som ikkje er reint mekanisk og kausal, men som også set subjektet i stand til å felle domar over verda og dermed sette subjektet i stand til å ha ein *forståande* relasjon til verda. Peirce seier at eit teikn “...is something which stands to somebody for something in some respect or capacity”. Han seier også at “[a] sign is a conjoint


---

<sup>22</sup> Jmf. Apel, K.-O. 1970 og Apel, K.-O. 1975



relation to the thing denoted and to the mind”.<sup>23</sup> I sitt forsøk på å rekonstruere meningsfulle dommar og deira relasjon til den teiknmedierte tolkingsprosessen, supplerer Apel Peirces triadiske forståing av teiknet med C.Morris’ teori om teiknets ulike dimensjonar.<sup>24</sup> På grunnlag av dette rekonstruerer Apel teiknet ved å skilje mellom ein *syntaktisk* relasjon mellom eit teikn og andre teikn, ein *semantisk* relasjon mellom teiknet og objektet som teiknet representerer, og ein *pragmatisk* relasjon mellom teiknet og teiknfortolkaren. Apel inkluderer også ein fjerde dimensjon i sin rekonstruksjon av teiknet og det er den *performative* relasjonen mellom teiknet og teiknbrukarane i intersubjektiv kommunikasjon.<sup>25</sup> Ut frå denne forståinga av teiknets natur presenterer Apel det han kallar “Peirce/Morris skjemaet” som er ei skjematisk framstilling av dei konstitutive komponentane og relasjonane i teiknmediert kognisjon. Apel ser denne forma for kognisjon som den einaste mulige forma for (menneskeleg) kognisjon. Difor er ”Peirce/Morris skjemaets” forsøk på ein rekonstruksjon av teiknet og den teiknmedierte kognisjonens muligheitsføresetnader samstundes eit forsøk på ei skjematisk framstilling av kognisjonens muligheitsføresetnader meir generelt. Skjemaet er med andre ord eit forsøk på ei skjematisk framstilling av Apels *transformerte transcendentale kognisjonslogikk*:

Illustrasjon 1: “Peirce/Morris-skjemaet” over den teiknmedierte kognisjons- eller tolkingsprosessen (“semiosis”):<sup>26</sup>



<sup>23</sup> Peirce, C.S. 1958: 2.228 og 3.360.

<sup>24</sup> Apel, K.-O. 1994: 136ff

<sup>25</sup> Dette er ein pragmatisk type relasjon fordi den uttrykker ein av dei måtane som teiknet inngår i ein praksis.

<sup>26</sup> Dette er ei forenkla utgåve av Apels skjema i Apel, K.-O. 1994:179.

Med Peirce/Morris-skjemaet vil Apel illustrere at teiknet er naudsynt for mediering mellom verda og tolkarar. Skjemaet skal også vise at eit medierande teikn berre kan eksistere som del av eit teikn- eller språkssystem som irreduisibelt involverer alle dei komponentane og relasjonane som er avbiletta her, inkludert tolkande ko-subjekt og eksistensen av eit kommunikasjonsfellesskap.

Apels rekonstruksjon av den teiknmedierte tolkingsprosessen er ikkje uttømmende illustrert i Peirce/Morris skjemaet. Det er særskild viktig å merke seg at Apel følgjer Peirces forståing av den teiknmedierte tolkingsprosessen som seier at den involverer både ein *lingvistisk* teikntype, og dessutan ein *prelingvistisk* teikntype som vert integrert i tolkingsprosessen gjennom *perseptuelle dommar*.<sup>27</sup> Ifølgje Apel viser innlemminga av prelingvistiske teikn at den teiknmedierte tolkingsprosessen er ein tovegsprosess: På den eine sida styrer dei konvensjonelle lingvistiske teikna<sup>28</sup> i eit teikn- eller språkssystem til ei kvar tid korleis objekt kan verte individuerte og tolka for eit medlem av dette teikn- eller språkssystemet. På denne måten fungerer dei konvensjonelle og intersubjektive teikna som ein mulighetsføresetnad for meining og kognisjon for deltakarane. Men på den andre sida vert desse konvensjonelle eller intersubjektive teikna sjølve endra og modifiserte som ein konsekvens av einskilde fortolkarars perseptuelle dommar, dvs. gjennom einskilde fortolkarars prediskursive og delvis prelingvistiske møte med verda.

#### **1.2.1.1 Sanning i rekonstruktiv transcendentalsemiotisk argumentasjon**

I førre avsnitt såg eg på nokre av kjenneteikna ved Apels transcendentalsemiotiske argumentasjon i si rekonstruktive form. Eg går no vidare til å sjå på korleis Apel nyttar denne typen refleksjon og argumentasjon i eksplikasjonen av sanningsomgrepet.

Apels transcendentalsemiotiske tilnærming fortel oss for det første at sanning er noko vi kan tilskrive våre meiningsfulle dommar over objekta, og at sanning ikkje er

---

<sup>27</sup> Apel meiner at perseptuelle dommar er *prediskursive*. Perseptuelle dommar er berre *delvis* intersubjektive og lingvistiske, men dei er ikkje *ikkje-lingvistiske*: i intersubjektiv kommunikasjonspraksis referer vi til die mellom anna gjennom indeksikalske termar som “dette”. Dvs. at perseptuelle dommar, i motsetnad til rein sanseleg påverknad, alltid involverer ei omgrepsleg syntese eller mediering gjennom omgrep (dvs. intersubjektive eller konvensjonelle teikn). Likevel, innhaldet i den perseptuelle dommen vil alltid vere underdeterminert, eller ubestemt, og alltid potensielt vere i stand til å yte motstand mot våre etablerte omgrep. På denne måten kan dei inspirere, gjennom ubeviste abduktive slutningar, til skaping av nye omgrep og hypoteser, eller dei kan inspirere til at ein forkastar gamle omgrep og hypoteser. Jmf. Apel, K.-O. 1994: 194ff

<sup>28</sup> Dvs. omgrepa, teoriane og det implisitte ”world-view” i ein gitt teikn- eller språkpraksis.

noko vi kan tilskrive objekta sjølve. Med andre ord viser den transcendentalsemiotiske tilnærminga at meiningsfulle dommar er dei einaste mulige *sanningsberarane*.<sup>29</sup> Alle meiningsfulle dommar er ikkje sanne dommar, men å vere ein meiningsfull dom blir her sett som eit *formalt kriterium* for å vere ein mulig sann dom. Dette har som konsekvens at det å undersøke muligheitsføresetnadane for sanne kognitive dommar også involverer det å undersøkje muligheitsføresetnadane for meiningsfulle dommar.

Som vi har sett argumenterer Apel for at muligheitsføresetnadane for meiningsfulle dommar berre kan kartleggast på ein tilstrekkeleg måte i form av ein ikkje-abstraktiv rekonstruksjon av den teiknmedierte tolkingsprosessen. I rekonstruksjonen av den teiknmedierte tolkingsprosessen viser Apel at mulige sanningsberarar må vere *interpretantar*, eller resultatet av ei tolking i ein teiknmediert tolkingsprosess.<sup>30</sup> Sidan alle sanningsberarar må vere interpretantar kan ikkje sanning eksistere utanfor teiknmedierte tolkingsprosessar, dvs. utanfor ein praksis med å tolke objekt gjennom prediskursive og lingvistiske teikn. Frå dette sluttar Apel at einkvar tilstrekkeleg eksplikasjon av meininga til omgrepet “sanning” må ha utspring i ei transcendentalsemiotisk undersøking som nettopp tek utgangspunkt i den teiknmedierte tolkingsprosessen.

Når Apel seier at alle mulige sanningsberarar må vere interpretantar i ein teiknmediert tolkingsprosess, så presenterer han eit *formalt* eller *negativt sanningskriterium*. Frå dette formale sanningskriteriet kan vi slutte at dersom noko ikkje kan være ein mulig meiningsfull dom, så kan det heller ikkje vere sant. Men vi forventar meir enn eit slikt formalt kriterium når Apel seier at han kan gje ein tilstrekkeleg eksplikasjon av meininga med omgrepet “sanning”. Det vi vil ha er eit kriterium for å skilje sanne interpretantar frå falske interpretantar. Sagt på ein annan måte ønsker vi eit *substansielt kriterium* for å skilje dei meiningsfulle dommane om verda som “korresponderer med objektet sitt” frå dei meiningsfulle dommane som ikkje gjer det.

Apel meiner at eit slikt substansielt og generelt sanningskriterium ikkje er mulig og viser til sjølve den teiknmedierte tolkingsprosessen som forklaring på dette. Grunnen er at den teiknmedierte tolkingsprosessen, som den muliggjerande føresetnaden for alle interpretantar eller meiningsfulle dommar, er ein pågåande og

---

<sup>29</sup> Dvs. “Truth-bearers”, eller det som har den eigenskapen at det kan vere falskt eller sant.

<sup>30</sup> Apel, K.-O. 1994: 169

logisk sett *uendelig* prosess. I den teiknmedierte tolkingsprosessen vert eit objekts meining mediert gjennom eit teikn som produserer ein *interpretant*, dvs. ein teikneffekt eller meining, i fortolkaren. Men slike interpretantar er sjølve teikn, og som andre teikn må interpretanten tolkast vidare i lys av andre teikn. På denne måten er den teiknmedierte tolkingsprosessen ("semiosis") uendelig.<sup>31</sup>

"[I]t is a postulate of the transcendental semiotic conception of the triadic structure of sign-mediated interpretation of the real that the empirical process of semiosis, that is, of sign-mediated reference to the real object as well as of sign-interpretation, must be potentially infinite, even though it takes place between really existing interpreters and really existing things which may be encountered by interpreters as "brute facts" resisting their wills."<sup>32</sup>

Dei lingvistiske teikna, dvs. omgrepa, i språkssystemet vårt, som vi til ei kvar tid tolkar verda gjennom, er historisk og kulturelt kontingente. Dei kan alltid endre seg som resultat av at teiknbrukarane har nye delvis prelingvistiske møte med verda. Slike møte kan føre til at teiknbrukarane ser at dei gamle teikna eller omgrepa må modifiserast eller forkastast, og slike møte kan inspirere til at ein skaper nye teikn omgrep. Omgrep kan også endre seg, eller verte forkasta, som resultat av teoretiske og logiske funn, eller som resultat av at dei pragmatiske interessene våre i forhold til omgjevningane endrar seg. Ein kvar interpretant, dvs. tolking eller meningsfull dom, er til ei kvar tid avhengig av dei teikna eller dei omgrepa, teoriane og det "world-view" som er tilgjengelege for tolkaren. Resultatet er at ein kvar substansiell dom om verda, dvs. alle empiriske dommar, i prinsippet alltid er opne for seinare revideringar, nytolkingar og kritikk. Dette tyder at empiriske dommar i prinsippet alltid er fallible og at dei aldri kan gje absolutt sikker kunnskap. Denne typen refleksjonar leier Apel mot oppfattinga om at eit verkeleg substansielt eller materielt og generelt sanningskriterium ikkje er mulig.<sup>33</sup>

Apel gir likevel ikkje opp å snakke om "sanning" som eit meningsfullt omgrep i filosofien. Det ei transcendentalsemiotisk tilnærming til sanning seier er at vi ikkje kan forstå kva sanning er dersom vi abstraherer sanning frå den teiknmedierte tolkingsprosessen og interpretantane i denne prosessen. Ifølgje Apel må vi forstå sanning som den *ultimate interpretanten*, eller som den endelege tolkinga som ville ha blitt akseptert dersom den teiknmedierte tolkingsprosessen hadde kunne fullførast.<sup>34</sup>

---

<sup>31</sup> Apel, K.-O. 1994: 217f

<sup>32</sup> Ibid.

<sup>33</sup> Jmf. Kant, I. 1781/1787: A59/B83

<sup>34</sup> Apel, K.-O. 2003: 173

Vi ser her at den transcendentalsemiotiske tilnærminga leier Apel mot dei sterke idealiseringane i Apels *ultimat konsensus*-sanningskonsepsjon.<sup>35</sup> Apel forsvarar denne sanningskonsepsjonen som den einaste meiningsfulle konseptualiseringa av sanning, og som det mest substansielle kriteriet som er mulig for å seie at ein påstand er nødvendig sann.<sup>36</sup> Apel meiner at denne måten å sjå på sanning viser den naudsynte relasjonen mellom sanning og teikn- eller språktolking, utan å redusere sanning til konkrete tolkingar, interpretantar, oppfattingar eller argument i ein faktisk historisk tolkingsprosess.<sup>37</sup>

Apel meiner at den forståinga av sanning som *ultimat konsensus*-sanningskonsepsjonen uttrykker er i samsvar med våre mest urokkelege intuisjonar om sanning. Den samsvarer med vår intuisjon som seier at sanning er noko konteksttranscenderande, tidlaust og ikkje-omstøyteleg.<sup>38</sup> Men Apel seier også at *subjektet* til den ultimate konsensusen ikkje kan vere noko historisk individ, og heller ikkje noko historisk kommunikasjonsfellesskap. Berre det *ideelle forskarfellesskapet* eller *fellesskapet av alle mulige teikntolkjarar og teiknbrukarar* ville kunne vere subjektet til absolutt sanne meiningsfulle dommar, ultimate interpretantar eller endelege oppfattingar.<sup>39</sup>

### 1.2.1.2 Kritisk transcendentalsemiotisk argumentasjon

I den kritiske varianten av den transcendentalsemiotiske argumentasjonen byggjer Apel på antakinga om den nødvendige relasjonen mellom meiningsfulle dommar og den teiknmedierte tolkingsprosessen (den transcendentale hovudpremisen  $y \rightarrow x$ ) kan gjerast sannsynleg gjennom å vise at filosofiske teoriar om meiningsfulle dommarar (og dessutan teoriar om mening og språk meir generelt) vert absurde og meiningslause dersom ein i teoriar om (eller påstandar om) meiningsfulle dommar abstraherer vekk frå den teiknmedierte tolkingsprosessen. Absurditet eller teoretiske anomaliar og meiningsløyse vert ifølgje Apel også resultatet dersom ein forsøker å

---

<sup>35</sup> Apel, K.O. 2001:18

<sup>36</sup> Apel, K.-O. 2001: 3

<sup>37</sup> Apel, K.-O. 2001: 5ff

<sup>38</sup> Apel, K.-O. 2003: 179

<sup>39</sup> Apel, K.-O. 1990: 203ff. Somme stader uttrykker Apel seg likevel svært forvirrande. Han seier til dømes: "Meistens habe ich den Begriff der "idealen Kommunikationsgemeinschaft" nur im Kontext der Diskursethik verwendet, während ich das Wahrheitsproblem im Anschluss an Peirce nur im Hinblick auf die naturwissenschaftliche Forschung behandelt habe." Apel, K.-O. 2003: 177f. Dette stemmer ikkje med mi generelle lesing av Apel. Eksempel på at Apel seier det motsette finn vi i Apel, K.-O. 2001: 2f. og Apel, K.-O. 1973: 60

abstrahere vekk frå nokon av dei komponentane som konstituerer den teiknmedierte tolkingsprosessen.<sup>40</sup>

I eksplikasjonen av sanningsomgrepet argumenterer Apel ut frå denne typen transcendentalsemiotiske tenking når han seier at vi berre kan forstå sanningsomgrepet på ein tilstrekkelig måte dersom vi tek utgangspunkt i den teiknmedierte tolkingsprosessen. Sagt på ein meir presis måte meiner Apel at han kan vise at teori om mulige sanningsbærarar (meningsfulle dommar eller argument) som abstraherer vekk frå teikn- eller språkdimensjonen, eller frå nokre av dei komponentane og relasjonane som utgjer den teiknmedierte tolkingsprosessen, vil vere ein teori som byggjer på ei *abstraktiv feilslutning* og som er absurd eller meningslaus.<sup>41</sup> I praksis tyder dette at Apel avviser alle sanningsteoriar som ikkje inkluderer alle dei komponentane og relasjonane som Apel sjølv opererer med i sin rekonstruksjon av teiknfunksjonen,<sup>42</sup> som abstraktive sanningsteoriar gjennom denne *reductio ad absurdum*-argumentasjonen.

Apel meiner at vi kan identifisere anomaliar som kan førast attende til abstraktive feilslutningar i alle dei mest framtrudande sanningsteoriane i moderne filosofi. Apel identifiserer mellom anna abstraktive feilslutningar i ulike variantar av korrespondanseteorien om sanning, evidensteorien om sanning og i variantar av konsensusteorien om sanning.<sup>43</sup> Han meiner til dømes at dei metafysiske korrespondanseteoriane om sanning er meningslause fordi dei fullstendig abstraherer vekk frå både kognisjonens rolle og frå språkets rolle.<sup>44</sup> Dei fleste konsensusteoriane om sanning ser han som abstraktive og absurde fordi dei ikkje integrerer perseptuell evidens i si språk- og diskursforståing.<sup>45</sup> Eksempel på slike abstraktive konsensusteoriar om sanning er ifølgje Apel Habermas' konsensusteori om sanning.<sup>46</sup> Vidare diagnostiserer Apel semantiske sanningsteoriar som abstraktive fordi dei ikkje tek omsyn til den pragmatiske dimensjonen ved teiknformidlinga.<sup>47</sup> Abstraktive sanningsteoriar er ikkje tilstrekkelege sanningsteoriar fordi dei ikkje kan gje ein meningsfull og tilstrekkeleg eksplikasjon av korleis sanningsbærarar, dvs.

---

<sup>40</sup> Jmf. Apel, K.-O. 1998: 97f

<sup>41</sup> Jmf. Apel, K.-O. 1990:192-202 og Apel, K.-O. 1998: 92-146

<sup>42</sup> Jmf. Peirce/Morris-skjemaet ovanfor.

<sup>43</sup> Jmf. Apel, K.-O. 1990: 192-203

<sup>44</sup> Apel, K.-O. 1990: 192ff

<sup>45</sup> Apel, K.-O. 1990: 194ff

<sup>46</sup> Habermas har no gått vekk frå denne konsensusteorien om sanning, mellom anna etter påtrykk frå A. Wellmer og C. Lafontes kritikk. Jmf. Habermas, J. 1999

<sup>47</sup> Apel, K.-O. 1994: 175ff og Apel, K.-O. 1990: 197

meningsfulle dommar, kan vere mulige og gyldige. Gjennom denne typen kritisk, eller *reductio ad absurdum*, argumentasjon meiner Apel å kunne avvise ei lang rekke sanningsteoriar. Samstundes er dette ei meiningkritisk form for påvising av naudsynete element i ein tilstrekkeleg eksplikasjon av sanningsomgrepet. Apel impliserer i denne typen argumentasjon at *ultimat konsensus*-sanningskonsepsjonen er den einaste konseptualiseringa av sanning som kan unngå dei abstraktive feilslutningane og tilhøyrande anomaliane som underminerer andre sanningsteoriar.<sup>48</sup>

### 1.2.2 Den transcendentpragmatiske argumentasjonstypen

Transcendentpragmatikken er den andre av Apels to transcendentale hovudtypar av argumentasjon.<sup>49</sup> Denne argumentasjonstypen utgjer også ein av Apels strategiar for å eksplisere meininga med omgrepet “sanning”. Som tilfellet var i Apels transcendentalsemiotiske argumentasjonstilnærming, så vekslar Apels transcendentpragmatiske tilnærming mellom det eg har kalla ein kritisk og ein rekonstruktiv versjon. Men kva er skilnaden mellom ein transcendentalsemiotisk og ein transcendentpragmatisk type argumentasjon? Kva variablar opererer Apel med her?

Den transcendentale underpremissen (y) i denne typen transcendentale argument, er muligheita for meningsfulle dommar. Vi ser her at Apel set sin lit til det same sikre punktet som han gjorde i den transcendentalsemiotiske argumentasjonen. Skilnaden mellom dei to argumentasjonstypane er så vidt eg kan sjå at Apel i den transcendentpragmatiske argumentasjonstypen legg vekt på at vi ikkje kan forstå meningsfulle dommar<sup>50</sup> som abstrakte *proposisjonar*. Ifølgje Apel kan vi berre forstå meningsfulle dommar som den irreducible einskapen av ein lingvistisk proposisjon og den performative handlinga som proposisjonen vert tenkt eller ytra gjennom, dvs. vi kan berre forstå meningsfulle dommar som noko som har ein *performativ-proposisjonal dobbeltstruktur*.<sup>51</sup> Med dette meiner Apel at meningsfulle dommar må ha forma til mulige assertive (“påståande”) *talehandlingar* eller forma til utsegn i

---

<sup>48</sup> Apel, K.-O. 1990: 203

<sup>49</sup> Apel ser relasjonen mellom transcendentalsemiotikken og transcendentpragmatikken som ein relasjon der transcendentalsemiotikken utgjer “systemkonteksten” til transcendentpragmatikken. Dette vil kome klart fram i kapittel 2 der vi også vil sjå at det er skiljet mellom ein av undertypane av den transcendentpragmatiske argumentasjonstypen og dei øvrige argumentasjonstypane hjå Apel, som utgjer det eigentlege hovudskiljet i Apels transcendentpragmatiske strategiar.

<sup>50</sup> Dvs. meningsberande lingvistiske einingar som kan representere eit aspekt ved verda og vere mulige sanningsberarar.

<sup>51</sup> Apel, K.-O. 1998: 200f. Jmf. Habermas, J. 1973: 213ff

offentleg argumentasjon.<sup>52</sup> Apel seier ikkje at alle meningsfulle dommar faktisk er assertive talehandlingar eller utsegn i offentlig argumentasjon. Det han seier er at "private" tankar og oppfatningar på same måte som offentlege talehandlingar har ein performativ-proposisjonell dobbeltstruktur. Med andre ord meiner han at "private" tankar ligg under for dei same muligheits- og gyldighetsføresetnadane som offentlig argumentasjon.<sup>53</sup> Ifølgje Apel er det utsegner eller talehandlingar som utgjer byggesteinane i språket vårt. Denne forståinga av språk og kognisjon som noko som har ein irreduksibel *dobbeltstruktur* (ein performativ og pragmatisk dimensjon i tillegg til ein syntaktisk og semantisk dimensjon) er allereie tilstades i Apels transcendentalsemiotiske argumentasjon. Men i den transcendentalsemiotiske argumentasjonen vert ikkje den performative dimensjonen, eller språkpragmatikken, vektlagt på same måte som den gjer i den spesifikt transcendentalepragmatisk argumentasjonen.

I den transcendentalepragmatisk argumentasjonstypen ser altså Apel den transcendentale underpremissen (y) som muligheita for meningsfulle dommar, forstått som meningsfull argumentasjon eller offentlege talehandlingar. Den transcendentale hovudpremissen er at slik meningsfull argumentasjon berre er mulig dersom visse *pragmatiske prinsipp eller idéar* er gyldige (x). Eit eksempel på eit transcendentalt argument som vil falle inn under denne typen Apeliensk transcendentale argumentasjon er følgjande: 1) For at meningsfull argumentasjon skal vere mulig, så må ein performativt forutsette idéen om det ultimate konsensus. 2) Meningsfull argumentasjon er mulig (det ville vere absurd å førestille seg at dette ikkje er mulig) 3) Ergo må vi forutsette idéen om det ultimate konsensus. I denne typen transcendentale argumentasjon forsøker altså Apel å etablere at idéen om det ultimate konsensus har status som ein transcendentalepragmatisk føresetnad. Dette er såleis ein av Apels strategiar for å eksplisere sanningsomgrepet.

### 1.2.2.1 Rekonstruktiv transcendentalepragmatisk argumentasjon

I den rekonstruktive versjonen av transcendentalepragmatisk argumentasjon baserer Apel seg på antakinga om at det er mulig å sannsynleggjere den transcendentale hovudpremissen (den nødvendige relasjonen mellom meningsfulle argument og visse transcendentalepragmatisk føresetnader som idéen om det ultimate konsensus) ved å

---

<sup>52</sup> Apel, K.-O. 1994: 170

<sup>53</sup> Apel, K.-O. 1976:205



gje ein teoretisk rekonstruksjon av argumentasjonens eller talehandlingars “grammatikk”.<sup>54</sup>

Det første vi merkar oss ved Apels teoretiske rekonstruksjon av argumentasjons- eller talehandlings-grammatikken er at det å utføre ei talehandling er å sette fram eit *performativt gyldigheitskrav* for eins proposisjon.<sup>55</sup> Med andre ord seier Apels rekonstruksjon at vi må forstå det å felle ein meningsfull dom som det å utføre ei talehandling,<sup>56</sup> som vi igjen må forstå som noko som involverer det å sette fram eit gyldigheitskrav (på det performative nivået av talehandlinga) for eins proposisjon (på det proposisjonale nivået av talehandlinga). Slik kjem Apel fram til at talehandlingar, og dermed argumentasjon og språk generelt, ikkje berre har ein irreduisibel performativ-proposisjonell dobbeltstruktur, men også ein *performativt sjølvrefererande struktur*. Dette er eit avgjerande punkt for Apel fordi han ser denne performativt sjølvrefererande strukturen i språket som det som opnar opp for ein språkmediert sjølvrefleksivitet i forhold til vårt eige språk, og dermed for ein sjølvrefleksivitet i forhold til vår eigen språklege kognisjon.<sup>57</sup> Dette forklarar Apels påstand om at den djupaste forma for filosofiske refleksjon vil måtte ta form av ein sjølvrefleksiv refleksjon over språket og argumentasjonens dobbeltstruktur og performative sjølvreferensialitet.

#### 1.2.2.1.1 Sanning som eit performativt gyldigheitskrav

I likskap med Habermas differensierer Apel mellom fleire ulike typar performative gyldigheitskrav.<sup>58</sup> Som Habermas seier Apel at alle meningsfulle dommar vil innebere eit performativt krav om å vere forståelege. Spesifikt moralske dommar vil i tillegg klart uttrykke eit performativt ”riktigheitskrav”, medan assertive meningsfulle dommar vil klart uttrykkje eit performativt *sanningskrav*.<sup>59</sup> Ifølgje Apel *inneberer* det å utføre ei assertiv talehandling, (dvs. å argumentere eller sette fram ein påstand), å sette fram eit performativt gyldigheitskrav for eins proposisjon. Å argumentere for, eller å tru at, “Palme vart myrda” er *in actu* å argumentere for, eller å tru at, det er

---

<sup>54</sup> Ein kan også seie at Apel i denne typen argumentasjon forsøker å “omsette” vår kommunikative eller argumentative “know-how” til eit “know-that”, dvs. omsette mediet for argumentasjonen til eit objekt for argumentasjon.

<sup>55</sup> Apel, K.-O. 1994: 167

<sup>56</sup> Eventuelt som ei ”tenkehandling” som ligg under for dei same mulighetsføresetnadane som ei offentleg talehandling.

<sup>57</sup> Apel, K.-O. 1994: 164f

<sup>58</sup> Apel, K.-O. 1994: 168

<sup>59</sup> Apel nemner også *sannferdigheit* (“Wahrhaftigkeit”) som ei type performativt gyldigheitskrav i diskursen. Ibid.

sant at “Palme vart myrda”. Apel seier at sanningskrav, som andre gyldigheitskrav, er implisitt forutsatt og anerkjende i talehandlinga, men at dei også kan gjerast eksplisitte i ein performativ frase som “Eg hevdar som sant at...”Palme vart myrda””.<sup>60</sup>

Her bestemmer altså Apel sanning som eit performativt gyldigheitskrav i argumentativ diskurs,<sup>61</sup> men kva fortel dette oss eigentleg om sanning? For at denne bestemminga av sanning skal vere informativ, og ikkje sirkulær, vil vi i det minste vite kva som gjer eit performativt sanningskrav til eit performativt *sanningskrav*. Apels forklarar dette på følgjande måte: Det å sette fram ein sanningspåstand for ein proposisjon tyder at ein set fram eit krav om at proposisjonen *korresponderer* med den objektive realiteten, eller at ein set fram eit krav om at proposisjonen uttrykkjer noko som er tilfelle i realiteten: ”Eg hevdar som saksforhold i verda at...”Palme vart myrda””. Men Apel slår seg ikkje til ro med denne type forklaring av sanningsomgrepet, fordi han meiner at det å forklare sanning som korrespondanse på denne måten ikkje er anna enn ein tautologi.<sup>62</sup> Ein tilstrekkeleg eksplikasjon av sanningsomgrepet må ifølgje Apel også eksplisere sjølv korrespondanserelasjonen.

Apels første steg mot å eksplisere korrespondanserelasjonen er som hjå Kant å peike på at vi menneske har diskursive intellekt som ikkje kan ha ein direkte intellektuell persepsjon av realiteten: Vår type intellekt forstår eller erkjenner ved å felle dommar og for Apel inneberer det å felle dommar nødvendigvis også det å nytte intersubjektive teikn, eller det å nytte omgrep. Som vi har sett tidlegare meiner Apel i motsetnad til Kant at meningsfulle kognitive dommar har ein performativ-proposisjonal og sjølvrefererande dobbeltstruktur, og det vil seie at meningsfulle dommar har forma til argumentasjon eller assertive talehandlingar. Ei kvar form for *evidens for korrespondanse* til det reale må ifølgje Apel ha ei form som er tilgjengeleg for våre intellekt. Det vil seie at evidens for korrespondanserelasjonen må ta form av slik (mulig) argumentasjon. Apel seier her at vi berre kan forstå ein korrespondanserelasjon til det reale ut frå argumentativ evidens eller diskursiv grunngeving.<sup>63</sup> Men problemet er at sjølv om noko vert akseptert som ein tilstrekkeleg diskursivt grunngett påstand av eit individ, eller av eit heilt kommunikasjonsfellesskap

---

<sup>60</sup> Apel, K.-O. 1998:159f

<sup>61</sup> Apel, K.-O. 1994: 177

<sup>62</sup> Apel argumenterer for at “svake” versjonar av korrespondanseteorien om sanning er tautologiske, medan dei “sterke” versjonane er ontologisk-metafysiske og pragmatisk meningslause. Jmf. kap 5.

<sup>63</sup> Apel, K.-O. 1994: 194

på eit visst tidspunkt, så vil denne påstanden kunne vise seg å vere falsk under nye epistemologiske og diskursive tilhøve.<sup>64</sup> Difor kan vi ifølgje Apel berre forstå sanning som det som vil vere akseptert eller rekna som tilstrekkeleg diskursivt grunnlegg under *ideelle* epistemologiske og diskursive tilhøve.<sup>65</sup> Sanning er det som det kan vere ein *argumentativ konsensus* om i eit *uendeleg og ideelt kommunikasjonsfellesskap*. Vi ser her at Apel går attende til den same måten å eksplisere sanning på som han gjorde i sin transcendentalsemiotiske argumentasjon, dvs. han set sin lit til dei sterke idealiseringane i det eg har kalla Apels *ultimat konsensus-sanningskonsepsjon*. Apel meiner at berre dei sterke idealiseringane i denne sanningskonsepsjonen kan vise det naudsynte interne sambandet mellom sanning og diskursivt grunnlegg konsensus (resultat av ein teiknmediert tolkingsprosess), utan å redusere sanning til noko *de facto* tilfelle av diskursivt grunnlegg konsensus.

Ut frå denne måten å forstå sjølve sanningsomgrepet følgjer det at eit performativt *sanningskrav* er eit performativt krav om at eins proposisjon kan endeleg innløysast med diskursiv grunnlegg eller eit krav om at det ville vere konsensus om proposisjonen i det ultimate kommunikasjonsfellesskapet. Apel seier også at det å sette fram eit performativt gyldigheitskrav, er offentleg å ta på seg ei *forplikting* til å *innløyse* eins performative sanningskrav med diskursive *grunnar*. Berre diskursiv evidens eller diskursive grunnar kan innløyse eit performativt gyldigheitskrav.<sup>66</sup>

Apel meiner at *ultimat konsensus-sanningskonsepsjonen* fangar inn ei type idealisering som er *performativ*, dvs. som er del av talehandlingane våre i form av implisitte performative gyldigheitskrav.<sup>67</sup> Denne typen performativ idealisering har ifølgje Apel status som ein *transcendental føresetnad* for assertive talehandlingar eller meningsfull argumentasjon og kognitive dommar.

#### **1.2.2.1.2 Sanning som ein transcendentalpragmatisk føresetnad**

Apels posisjon i spørsmålet om meininga til omgrepet “sanning” byggjer på ei *språkpragmatisk* tilnærming i filosofien. Ei slik tilnærming forstår for det første meningsfulle dommar som noko som alltid involverer språk eller intersubjektive teikn. Ei språkpragmatisk tilnærming tyder vidare at ein ser språk som noko som alltid

---

<sup>64</sup> Apel, K.-O. 2001: 23

<sup>65</sup> Ibid.

<sup>66</sup> Apel, K.-O. 2003: 181. Det er viktig å merke seg at Apel meiner at argumentative grunnar også inkluderer indeksikalske referansar til perseptuelle dommar.

<sup>67</sup> Apel, K.-O. 2003: 183f

er *pragmatisk integrert*; dvs. at ein meiner at den faktiske intersubjektive praksisen med tolking og kommunikasjon gjennom språk ikkje kan skiljast frå språkets eller teiknets evne til å vere eit medium for meningsfulle dommar.<sup>68</sup>

Jürgen Habermas, Robert Brandom og Albrecht Wellmer er andre velkjende talsmenn for ei språkpragmatisk tilnærming i filosofien. Som Apel ser dei språket og språkleg kommunikasjon som ein *normativt strukturert praksis*, eller som ein *normativt regulert "kvasi-institusjon"*.<sup>69</sup> Apel nyttar Wittgensteins analogi mellom språkpraksis og spel for å skildre språkets natur. Når Apel rekonstruerer språket talar han såleis om språk som eit *språkspel* der dei konstituerande trekka i spelet er talehandlingane som vi gir grunnar og spør etter grunnar gjennom.<sup>70</sup> Apel meiner at dei pragmatiske reglane som regulerer praksisen med å gje grunnar og spørje etter grunnar utgjer "djupgrammatikken" i alle spel som vi vil kunne kalle språkspel.<sup>71</sup> Praksisen med å gje grunnar og spørje etter grunnar skaper ein horisont av intersubjektivt tilgjengelege teikn, eller omgrep, teoriar og "world views". Det er berre på bakgrunn av denne intersubjektive horisonten at intersubjektivt gyldige, eller meningsfulle dommar og argument, vert mulige. Filosofar med språkpragmatisk tilnærming forstår gjerne omgrepa "forståing", "overtydning", "mening", "kunnskap" og "sanning" som statusar som spelarar kan tilskrive seg sjølv og andre i eit språkspel.<sup>72</sup>

Som andre språkpragmatikarar skildrar og analyserer Apel det normativt strukturerte spelet, eller den kvasi-institusjonen, som vi kallar argumentasjon. Men i si transcendentalpragmatiske tilnærming går Apel eit steg vidare enn dei fleste filosofane innanfor den språkpragmatiske tradisjonen. Apel er ikkje nøgd med berre ei *deskriptiv* tilnærming til den kvasi-institusjonen som vi kallar argumentasjon. Apel set seg også føre å identifisere dei *transcendentale* føresetnadane for denne institusjonen. Vi har tidlegare sett at Apel identifiserer den argumentative praksisen som den transcendente føresetnaden (muligheits- og gyldigheitsføresetnaden) for meningsfull argumentasjon, men her går Apel altså vidare og søkjer å etablere eller gjere sannsynleg visse transcendente føresetnader for den argumentative praksisen

---

<sup>68</sup> Jmf. "Peirce/Morris-skjemaet" ovanfor (punkt 1.2.1.1). Den horisontale linja viser bruken av teikn i tolkinga, medan den vertikale linja viser bruken av teikn i kommunikasjon, dette er to irreducibile aspekt ved den teiknmedierte tolkingprosessen.

<sup>69</sup> Apel, K.-O. 1994:181. Jmf. Apel, K.-O. 1994: 99

<sup>70</sup> Apel, K.-O. 1976:247ff

<sup>71</sup> Apel, K.-O. 1994:105

<sup>72</sup> Jmf. Brandon, R. B. 1995: 895

sjølv. I den rekonstruktive transcendentalpragmatiske argumentasjonen byggjer Apel altså på ein teoretisk rekonstruksjon av dei normene, prinsippa eller idéane som konstituerer alle språkspel eller språkpraksisar, slik vi kjenner desse praksisane.

Ifølgje Apels rekonstruksjon av ein slik transcendental språklogikk er den “ørvste” transcendentalpragmatiske føresetnaden for meningsfull argumentasjon *idéen om sanning*<sup>73</sup> forstått som idéen om ein logisk interpretant, ei endeleg og tidlaus meining eller tolking eller idéen om den ultimate konsensusen i det ideelle kommunikasjonsfellesskapet.<sup>74</sup> Apel meiner at idéen om sanning fungerer som ein *regulativ idé* i den argumentative praksisen med å gje grunnar og krevje grunnar.

Apel ekspliserer her sanning som ein regulativ idé i kantiansk forstand: Det er ein idé utan referanse eller empirisk innhald, som likevel får oss til å forme våre empiriske dommar om verda på ein bestemt måte.<sup>75</sup> Idéen om sanning fungerer som ein *regel* i vår produksjon av empiriske dommar, på den måten at den får oss til å felle desse empiriske dommane utfrå eit “prinsipp om fullstendigging” (“Vervollständigung”):<sup>76</sup> Dette vil seie at vi i vår empiriske undersøkingar alltid vil søke å oppnå ei fullstendigheit av og ei syntese av alle empiriske tolkingar av verda. Apel finn at idéen om endeleg sanning, idéen om den ultimate konsensusen, er den mest grunnleggande idéen eller prinsippet i språkpragmatikken vår. Denne idéen om fullstendigheit og einskap “tvingar” oss til alltid å søkje ytterlegare grunnar eller evidens for våre oppfattingar.<sup>77</sup> Når vi argumenterer forutsetter vi og aksepterer vi alltid implisitt denne idéens gyldigheit eller normativitet, og det er på grunn av denne idéen at vi er motiverte til å gå inn i praksisen med å gi grunnar og krevje grunnar i det heile. På denne måten rekonstruerer og forsvarar Apel sanning som ei delvis umedviten, men *uunngåeleg, performativ idealisering* i argumentasjon. Og sidan Apel meiner at all kognisjon må ta forma til offentleg argumentasjon, så meiner Apel også at sanning, eller den ultimate konsensusen, er ei uunngåeleg performativ idealisering i alle våre meningsfulle dommar om verda. Dersom det argumentative spelet ikkje involverte idéen om ein endeleg konsensus så ville det argumentative spelet miste si retning og sitt rasjonale. Språkspel fungerer berre så lenge deltakarane deler fiksjonen, på eit performativt og implisitt nivå, om at det er mulig å kome fram til ei

---

<sup>73</sup> For Apel vil idéen om sanning vere idéen om *absolutt* sanning (“der absoluten Wahrheit”). Jmf.

Apel, K.-O. 2003: 183

<sup>74</sup> Apel, K.-O. 2003: 173

<sup>75</sup> Apel, K.-O. 1998: 113

<sup>76</sup> Apel, K.-O. 2003: 184

<sup>77</sup> Jmf. Kant, I. 1781/1787: A334/B391f

endeleg sanning, tolking eller konsensus om faktiske saksforhold. Som Kant meiner Apel at den regulative idéen om sanning fortsetter å vere verksam sjølv når vi innser idéens illusoriske natur, eller mangel på empirisk innhald.<sup>78</sup>

På denne måten forklarar og forsvarar Apel sanning som ei delvis umedviten, men *uunngåeleg*, *performativ idealisering* i argumentasjon. Og sidan Apel meiner at all kognisjon må ta forma til offentleg argumentasjon, så meiner Apel også at sanning, eller den ultimate konsensusen, er ei uunngåeleg performativ idealisering i kognisjonsprosessen. Dersom vi på alle plan trudde at sanning var fullstendig relativ eller subjektiv, så ville det ikkje vere nokon grunn til å delta i den offentlege grunngivingspraksisen, hevdar Apel. Det er ut frå denne typen refleksjonar at Apel kjem fram til at (absolutt) sanning ikkje berre er ein *regulativ* i den argumentative praksisen, men også ein *konstitutiv* eller *muliggjerande* idé for heile den argumentative praksisen, som i sin tur muliggjer meningsfulle dommar og argument. Sanning er ei performativ idealisering utan empirisk innhald. I ein forstand er absolutt sanning ein fiksjon, men som transcendentalpragmatisk føresetnad er det er ein *naudsynt* fiksjon, eller ein “konstitutiv institusjonell fiksjon”.<sup>79</sup>

Kva seier desse utgreiingane oss om meininga til omgrepet “sanning”? Eg ser ikkje at Apel her seier oss noko meir om innhaldet i ”den ultimate konsensusen”, men han seier her noko om den funksjonen som han meiner sanning, eller idealiseringa “den ultimate konsensusen”, har. I den rekonstruktive transcendentalsemiotiske argumentasjonstypen ekspliserer altså Apel sanning utifrå den transcendentalpragmatiske statusen, eller ut frå den spesielle konstitutive funksjonen som idéen om den ultimate konsensusen har i språkpraksisen vår og i kognisjonspraksisen vår.

### 1.2.2.2 Kritisk transcendentalpragmatisk argumentasjon

Apels distinkt *kritiske* form for transcendentalpragmatisk argumentasjon baserer seg på *reductio ad absurdum*-argumentasjon for å etablere eller gjere sannsynlig den transcendentale hovudpremissen som seier at det er ein naudsynt relasjon mellom muligheita for meningsfull argumentasjon (y) og visse pragmatiske føresetnader, som til dømes idéen om den ultimate konsensusen (x). Ulike former for absurditet, anomaliar eller meningsløyse vert ifølgje Apel resultatet dersom ein i ein teori om

---

<sup>78</sup> Jmf. Kant. I. 1781/1787: A341/B399

<sup>79</sup> Apel, K.-O. 1998: 111

(eller eventuelt i ein påstand eller førestilling) om meiningsfull argumentasjon forsøker å abstrahere vekk frå pragmatiske føresetnader for meiningsfull argumentasjon. Eg ser det som nødvendig å skilje mellom *to* former for kritisk transcendentalpragmatisk argumentasjon i Apels skrifter.<sup>80</sup>

#### 1.2.2.2.1 Teoriavhengig kritisk transcendentalpragmatisk argumentasjon

I den første av desse to formene går Apel langt på veg fram på same måten som han gjer i sin kritiske transcendentalsemiotiske argumentasjon. I mangel på betre terminologi vil eg kalle denne argumentasjonstypen Apels *teoriavhengige* kritiske transcendentalpragmatiske argumentasjon. Apel analyserer her *teoriar* om meiningsfulle dommar, meiningsfulle argument, talehandlingar og mulige sanningsberarar (y), og han identifiserer tilfelle av absurditetar, anomaliar eller meiningsløyse som han fører attende til ein abstraksjon vekk frå visse pragmatiske komponentar eller relasjonar.<sup>81</sup>

I nokre tilfelle forsøker Apel å vise at teoretiske anomaliar eller absurditetar oppstår dersom ein fullstendig abstraherer vekk frå den språkets pragmatiske dimensjon i teoriar om .<sup>82</sup> I andre tilfelle forsøker Apel å vise at teoretiske absurditetar oppstår når ein abstraherer vekk frå visse språkpragmatiske føresetnader som til dømes den regulative idéen om den ultimate konsensusen.<sup>83</sup> Ved å analysere dei anomaliene, absurditetane eller teoretiske manglane som stammar frå denne typen teoretiske abstraktive feilslutningar meiner Apel å kunne sirkle inn dei språkpragmatiske idéane eller prinsippa som må inkluderast i det som vil kunne kalle seg ein tilstrekkeleg teoretisk rekonstruksjon av meiningsfull argumentasjon. Apel meiner med denne argumentasjonen å kunne vise at den regulative idéen om sanning må inkluderast i einkvar meiningsfull teoretisk rekonstruksjon av mulighets- og gyldigheitsføresetnadane for meiningsfull argumentasjon (mulige sanningsberarar). Apel meiner til dømes at teoriar om “grunngeving” som ikkje tek omsyn til den regulative idéen om det ultimate konsensus vil verte absurde.<sup>84</sup> Utan “den institusjonelle fiksjonen”<sup>85</sup> om ei *endeleg* forståing, mening eller tolking, vi ikkje meiningsfullt kunne snakke om *betre* forståing, *betre* grunngeving, eller om *framsteg*

---

<sup>80</sup> Jmf. Böhler, D. 2003 for ei tolking langs desse linene.

<sup>81</sup> Jmf. Apel, K.-O. 1999: 4-10 og Apel, K.-O. 1998: 97-135

<sup>82</sup> Apel, K.-O. 1999: 6ff

<sup>83</sup> Apel, K.-O. 1994: 194

<sup>84</sup> Jmf. Rähme, B. 2003: 229ff

<sup>85</sup> Apel, K.-O. 1994: 77. Jmf. Apel, K.-O. 1973: 261

i vitenskapane, for utan denne fiksjonen ville vi ikkje vere i stand til å sjå to tilfelle av grunngeving som relatert til eitt og same saksforhold.<sup>86</sup>

#### **1.2.2.2.2 Ikkje-teoriavhengig, kritisk, transcendentalpragmatisk argumentasjon (strengt refleksiv transcendental argumentasjon)**

Denne varianten av kritisk transcendentalpragmatisk argumentasjon skil seg frå den teoriavhengige typen ved at Apels transcendentale underpremiss her er at ”*aktuell*”<sup>87</sup> meningsfull argumentasjon er mulig” istadenfor ”meningsfull argumentasjon er mulig”. Det Apel her vil prove er den transcendentale statusen til visse pragmatiske føresetnader for aktuell meningsfull argumentasjon. Ein annan skilnad er at Apel her byggjer på antakinga om at ein kan etablere eller sannsynleggjere både den transcendentale underpremissen og den transcendentale hovudpremissen gjennom identifikasjonen av ei særskild *performativ* type absurditet (gjennom ein performativ type *reductio ad absurdum*-argumentasjon).<sup>88</sup> Eg vil kalle denne typen argumentasjon Apels ”*ikkje-teoriavhengige, kritiske, transcendentalpragmatiske argumentasjon*”, eller Apels ”strengt refleksive transcendentale refleksjons- og argumentasjonsform”.<sup>89</sup>

For å forstå Apels ikkje-teoriavhengige, kritiske, transcendentalpragmatiske argumentasjon kan det vere nyttig å gå attende til nokre av Apels grunnantakingar. For det første skal vi merke oss at Apel ikkje meiner at det han ser som transcendentalpragmatiske føresetnader, som til dømes den regulative idéen om sanning, er naudsynte og gyldige i *absolutt* forstand. Apel meiner berre at dei er nødvendig gyldige *relativt* til den argumentative praksisen, dvs. relative til praksisen med å gje og krevje grunnar. Men samstundes seier Apel at den argumentative praksisen er ein praksis som vi ikkje rasjonelt ”kan kome bak” (”*Nichthintergebar*”).<sup>90</sup> Med dette meiner Apel at argumentasjonspraksisen utgjer det rammeverket som alle våre undersøkingar, all vår tenking, vår tvil, våre omgrep og våre argument får si mening innanfor. Apel snakkar difor om ”argumentasjonens *a priori*”<sup>91</sup>, dette uttrykket viser til at alle forsøk på å undersøkje noko rasjonelt, alle

---

<sup>86</sup> Jmf. Rähme, B. 2003: 229

<sup>87</sup> Med *aktuell* argumentasjon meiner Apel argumentasjon *her og no*. Jmf. Apel, K.-O. 1998: 149ff

<sup>88</sup> Den teori-avhengige, kritiske, transcendentalpragmatiske argumentasjonen baserte seg derimot på identifikasjonen av abstrakte feilslutningar i *teoretiske* rekonstruksjonar av meningsfull argumentasjon, (dvs. ein *reductio ad absurdum*-argumentasjon retta mot teoriar).

<sup>89</sup> Apel tek over denne termen frå W. Kuhlmann og nyttar den i sine seinare skrifter. Jmf. Kuhlmann, W. 1986. I kommentarlitteraturen og hjå Apel sjølv er denne argumentasjonsforma ofte, og upresist, referert til som Apels ”transcendentalpragmatiske argumentasjon”.

<sup>90</sup> Apel, K.-O. 1998: 160

<sup>91</sup> Apel, K.-O. 1998: 589



forsøk på å gjere seg opp ei meining om noko, og alle forsøk på å betvile noko og kritisere noko, *alltid allereie* vil finne stad innanfor “argumentasjonssituasjonen” (språkspellet eller den normregulerte settingen som eit kommunikasjonsfelleskap utgjer). Ein kan også seie at Apel ser argumentasjonssituasjonen som *metodisk uunngåeleg* for alle rasjonelle undersøkingar, inkludert alle filosofiske undersøkingar. Og no kjem vi til Apels poeng i den ikkje-teoriavhengige, kritiske, transcendentalpragmatiske argumentasjonstypen: Sidan sjølve argumentasjonssituasjonen eller argumentasjonspraksisen er metodisk uunngåeleg i ei kvar rasjonell undersøking, *så er dei prinsippa, idéane eller normene som regulerer og konstituerer denne argumentasjonssituasjonen også metodisk uunngåelege*.

Ifølgje Apel er der visse idéar, prinsipp eller normer som regulerer og konstituerer argumentasjonssituasjonen eller den argumentative praksisen; det er med andre ord visse idéar, prinsipp eller normer som utgjer dei transcendentalpragmatiske føresetnadane for meningsfull argumentasjon. Apel meiner at desse idéane, prinsippa eller normene kan identifiserast og at deira nødvendige gyldigheit kan grunnvist nettopp på grunn av at dei er metodiske uunngåelege. I ein svært viktig passasje skriv Apel :

”Wenn ich etwas nicht ohne aktuellen Selbstwiderspruch bestreiten und zugleich nicht ohne formallogische *petitio principii* deduktiv begründen kann, dann gehört es eben zu jenen transzendentalpragmatischen Voraussetzungen der Argumentation, die man immer schon anerkannt haben muß, wenn das Sprachspiel der Argumentation seinen Sinn behalten soll.”<sup>92</sup>

Apel seier her at dei transcendentalpragmatiske føresetnadane er metodisk uunngåelege eller ”Nichthintergehbare” fordi dei ikkje kan nektast for eller tvilast på.<sup>93</sup> Dei kan ikkje meningsfullt nektast for eller tvilast på fordi dette vil resultere i ei *performativ sjølvmotseiing*. Med ”performativ sjølvmotseiing” meiner Apel at talaren på det proposisjonale nivået av talehandlinga si motseier dei idéane, prinsippa eller normene som han må forutsette på det performative nivået av talehandlinga si for at talehandlinga eller argumentet hans i det heile skal kunne vere mulig.<sup>94</sup> For det andre seier Apel her at transcendentalpragmatiske føresetnader er metodisk uunngåelege i

---

<sup>92</sup> Apel, K.-O. 1976: 72f, også i Apel, K.-O. 1998: 33f. Dette vert ofte vist til som Apels sistegrunningsformel (“Letztbegründungsformel”).

<sup>93</sup> Gert Keil nyttar omgrepet “Nichtverwerfbar” i si analyse av denne tekststaden hjå Apel. Keil, G. 2003:66

<sup>94</sup> Eg diskuterer innhaldet i omgrepet “performative sjølvmotseiingar” nærare i kap 3.

den forstand at dei er ikkje-deduserbare<sup>95</sup>: dei kan ikkje utleiast eller grunngis utan formallogisk *petitio principii*, dvs. utan at deira gyldigheit allereie er performativt forutsatt i det argumentative forsøket på å utleie eller grunngi dei.<sup>96</sup> Dei argumentasjonsføresetnadane som vert identifiserte i denne testen kan vi ikkje meiningsfullt betvile, meiner Apel.<sup>97</sup>

Med desse bakgrunnsføresetnadane på plass kan vi no betre forstå det som særpregar Apels strengt refleksive transcendentalargumentasjon, eller Apels ikkje-teoriavhengige, kritiske, transcendentalpragmatiske tilnærming. Apels tilnærming her består i å identifisere tilfelle av *performativ absurditet*, eller *performativ sjølvmotseiing* og samstundes *petitio principii*, i den argumentative praksisen. Ifølgje Apel vil denne typen performativ absurditet eller meiningsløyse til dømes oppstå når talaren nektar for sin eigen eksistens, eksistensen til andre subjekt eller eksistensen av ei ytre objektiv verd.<sup>98</sup>

For min diskusjon av Apels sanningsomgrep er det av spesiell interesse å observere Apels påstand om at denne typen performativ meiningsløyse *også vil oppstå dersom talaren nektar for muligheita for sanning eller muligheita for den ultimate konsensusen*.<sup>99</sup> Meiningsløysa oppstår her fordi talaren performativt, implisitt eller heuristisk må forutsette at sanning er mulig for at hans eller hennar argument skal kunne vere mulig og gyldig. Når ein person argumenterer, dvs. utfører ei talehandling har personen allereie implisitt akseptert og forutsatt muligheita for sanning på det performative nivået. Gjennom denne typen ikkje-teoriavhengig, kritisk, transcendentalpragmatisk argumentasjon meiner Apel å kunne vise at idéen om ikkje-relativ sanning ikkje meiningsfullt let seg betvile, fordi idéen om ikkje-relativ sanning, eller idéen om den ultimate konsensusen, er ein muligheitsføresetnad for alle typar meiningsfulle argument, inkludert filosofisk tvil og kritikk. Med andre ord, gjennom denne typen argumentasjon meiner Apel å kunne prove endeleg at den regulative idéen om sanning har status som transcendentalpragmatisk føresetnad (x) for aktuell meiningsfull argumentasjon (y).

---

<sup>95</sup> Keil nyttar omgrepet “Nichtdeduzierbar”. Keil, G. 2003:66

<sup>96</sup> Som vi skal sjå i kapittel 3 meiner ikkje Apel at dette er eit sjølvstendig kriterium for transcendentalpragmatiske føresetnader. Jmf. Apel, K.-O. 1998: 11

<sup>97</sup> Apel, K.-O. 1998: 11

<sup>98</sup> Apel, K.-O. 1998: 159f

<sup>99</sup> Apel, K.-O. 2003: 191

### 1.3 Oppsummering

Dersom vi forstår Apels sanningskonsepsjon så forstår vi innhaldet i Apels meiningskritiske realisme. Men Apel vekslar kontinuerlig mellom ulike argumentasjonstypar og nomenklatur i sin eksplikasjon av sanning og dette gjer det vanskeleg å sjå einskapen i *ultimat konsensus*-sanningskonsepsjonen. I dette kapitlet har eg forsøkt å gi ei systematisk framstilling av Apels ulike eksplikasjonsstrategiar. Eg har teke utgangspunkt i det eg ser som dei hovudtypane av argumentasjon som Apel nyttar meir generelt i si filosofiske tilnærming. Eg har såleis differensiert mellom ein transcendentalsemiotisk og ein transcendentalpragmatisk argumentasjonstype hjå Apel. Eg har også differensiert mellom rekonstruktive og kritiske versjonar av desse argumentasjonstypane, og mellom ein teoretisk og ein distinkt ikkje-teoriavhengig og kritisk, eller strengt reflektiv, versjon av den kritiske transcendentalpragmatiske argumentasjonstypen. Til saman har eg identifisert fem typar av argumentasjon og refleksjon i Apels filosofiske tilnærming som korresponderer til Apels fem ulike argumentasjonsstrategiar for å eksplisere meininga til omgrepet “sanning”.

## KAPITTEL 2

### Relasjonen mellom Apels argumentative typar - den argumentative arkitektonikken

For at Apel skal lukkast i å gje ein koherent eksplikasjon av meininga til omgrepet “sanning” må Apels ulike strategiar for å kome fram til og forsvare *ultimat konsensus-sanningskonsepsjonen* utfylle kvarandre. Ettersom eg ser Apels ulike strategiar for å forsvare *ultimat konsensus-sanningskonsepsjonen* som ei eksemplifisering av hans transcendentalfilosofiske argumentasjon meir generelt, så byrjar eg mi kritiske undersøking av Apels sanningskonsepsjon med å sjå på korleis Apel lukkast i å relatere sine fem ulike typar transcendental argumentasjon i den *argumentative arkitektonikken* som utgjer Apels *transcendentalfilosofiske tilnærming*.

Generelt kan vi seie at Apels transcendentalfilosofiske tilnærming er eit radikalt forsøk på å overvinne det Apel kallar *metodisk solipsisme* i ein kantiansk type transcendental refleksjon og argumentasjon.<sup>100</sup> Apel definerar metodisk solipsisme som:

” [...die] Unterstellung, daß *ein* Bewußtseinssubjekt (...) ohne im Prinzip sprachliche Bedeutungen mit Anderen teilen zu müssen, zum gültigen Denken bzw. zur Erkenntnis befähigt wäre.”<sup>101</sup>

Innanfor rammene av ein transcendentalfilosofisk type refleksjon og argumentasjon forsøker Apel altså å overvinne ei metodisk antaking som vert innleidd med Kant, og som er spesielt framtreddande i Husserls filosofi; antakinga om at det transcendentale spørsmålet etter *muligheits-* og *gyldigheitsføresetnadane* for kognisjonen vår tilstrekkeleg kan svarast på gjennom ein refleksjon over det *transcendentale ego* og det transcendentale egos “gegenstandskonstitutive Leistungen”.<sup>102</sup> Ifølgje Apel krev eit tilstrekkeleg svar på det transcendentale spørsmålet om kognisjonens muligheits- og gyldigheitsføresetnader at ein også reflekterer over dei muliggjerande føresetnadane for *meningsfull intersubjektiv språkbruk*. Dette følgjer av Apels antaking om at all forståing av verda er mediert gjennom teikn eller gjennom språk.

---

<sup>100</sup> Apel, K.-O. 1994: 234

<sup>101</sup> Apel, K.-O. 1988: 94. Jmf. Apel, K.-O. 1998: 72. Metodisk solipsisme må skiljast frå ontologisk solipsisme. Ontologisk solipsisme er førestillinga om at eit erkjennande subjekt er mulig utan ei objektiv ytre verd.

<sup>102</sup> Apel, K.-O. 1993: 40.

Apel tek altså ei språkleg eller lingvistisk<sup>103</sup> forståing av kognisjonen som utgangspunkt for den transcendentale refleksjonen over kognisjonen.

Apel meiner likevel at forståinga av kognisjonen kan vere abstraktiv sjølv når ein tek omsyn til språket som mediator for objektmeininga. Dette fordi ein kan ha ei abstraktiv tilnærming til språket sjølv.<sup>104</sup> Eit døme på ei slik abstraktiv tilnærming til språket finn vi det Apel kallar den *transcendentale semantisismen*, eksemplifisert ved den tidlege Wittgensteins filosofi.<sup>105</sup> I *Tractatus* tematiserer Wittgenstein primært den representerande funksjonen til språket. For å forstå korleis språket kan opprette ein relasjon mellom oss og verda som set oss i stand til å individuere konkrete enkelting i verda, må ein ifølgje Apel også integrere *pragmatikken* i språkforståinga. Å integrere pragmatikken, eller å ha ei pragmatisk integrert forståing av språket, tyder at ein ikkje abstraherer vekk frå *språkets bruk i kommunikasjonen*. Ifølgje Apel tyder det også at ein ikkje abstraherer vekk ifrå *relasjonen mellom språk og persepsjon*. Apel ser det slik at vi berre med ei pragmatisk integrert forståing av språket vil vere i stand til å gjere greie for språket som *hermeneutisk* medium, altså i stand til å gjere greie for språkets evne til i det heile å sette *nokon* i stand til å oppleve objekt i verda *som noko* bestemt.<sup>106</sup>

Apels utgangspunkt er såleis at vi må ha ei ”*hermeneutisk-lingvistisk-pragmatisk-semiotisk*” forståing av kognisjonen.<sup>107</sup> Berre ein transcendentalfilosofi som tek ei slik forståing av kognisjonen som utgangspunkt for den transcendentale refleksjonen vil vere i stand til å overvinne den metodiske solipsismen i refleksjonen. Apel meiner at Kants transcendentale refleksjon ikkje frir seg frå den metodiske solipsismen. Dette fordi Kant ikkje tematiserer det *mediumet* som Kant faktisk nyttar i sin eigen transcendentalfilosofiske refleksjon; det naturlege og intersubjektive språket med den performativ-proposisjonale og sjølvrefererande dobbeltstrukturen.<sup>108</sup> Det Apel kallar ein ”*hermeneutisk-lingvistisk-pragmatisk-semiotisk*” transformasjon av transcendentalfilosofien er ikkje berre eit skifte i tema for den transcendentale

---

<sup>103</sup> Her nyttar Apel omgrepet ”lingvistisk” i ein vid forstand, som eit synonym for ”språkleg”, jmf. omgrepet ”the linguistic turn”. Jmf. Apel, K.-O. 1994: 233

<sup>104</sup> Jmf. Kap 1 (punkt 1.2.2.2) Jmf. Apel, K.-O. 1998: 97ff

<sup>105</sup> Apel, K.-O. 1994: 31 og 133ff. Jmf. Wittgenstein, L. 1922: 6.13. og 5.555 og 5.556.

<sup>106</sup> Apel, K.-O. 1973: 75, fotnote 121a

<sup>107</sup> Apel, K.-O. 1994: 233

<sup>108</sup>”Kant [hat] in seiner Konzeption der Transzendentalphilosophie die sprachlichen Bedingungen seines ”theoretischen Diskurses” ebensowenig berücksichtigt [...] wie die sprachlichen Bedingungen der Möglichkeit einer intersubjektiv gültigen Sinn-Konstitution von Gegenständen *als etwas*.” Apel, K.-O. 1973:76f, fotnote 121a

refleksjonen. Apels transformasjon er samstundes eit forsøk på radikaliserings av den metodiske sjølvrefleksiviteten i den transcendentale refleksjonen. Ifølgje Apel må vi difor forstå det transcendentale spørsmålet om kognisjonen og kunnskapens muligheitsføresetnader som eit spørsmål etter muligheits- og gyldigheitsføresetnadane for våre *eigne* performative og dermed intersubjektive *gyldigheitspåstandar*.<sup>109</sup> Ved å transformere den transcendentale refleksjonen til ei form for refleksjon der filosofen minner seg sjølv på det filosofen sjølv gjer og forutset i sin eigen filosofiske argumentasjon, så meiner Apel at han har funne ei form for transcendental refleksjon og argumentasjon som endeleg maktar å innhente sine metodiske muligheits- og gyldigheitsføresetnader (som maktar ”å innhente seg sjølv”).<sup>110</sup> Metoden kan samanlikast med å gjennomføre det Theodor Litt kallar ei ”Selbstaufstufung der Sprache”.<sup>111</sup> Hjø Apel tek dette form av ein refleksiv refleksjon over den performativ-proposisjonale dobbeltstrukturen og dermed den sjølvrefererande strukturen i det naturlege språket som ein nyttar i den filosofiske argumentasjonen og refleksjonen. Apel meiner at berre ein slik transformert transcendental refleksjon og argumentasjon kan gje ei sistegrunnaving (”Letztbegründung”) i filosofien, og då nettopp på grunn av radikaliteten i denne transcendentale refleksjonens sjølvrefleksivitet.

Så langt om dei generelle kjenneteikna ved Apels transformerte transcendentalfilosofiske tilnærming. Det vi no må sjå på er korleis Apel maktar å omsette intensjonen om å gjennomføre ein slik type sjølvinnhentande transcendental refleksjon i praksis. Når vi ser på dei måtane som Apel argumenterer i forhold til sanningsspørsmålet, så er det langt ifrå klart at kvar og ein av dei argumentasjonstypene som Apel tek i bruk er uttrykk for ein filosofisk refleksjons- og argumentasjonsmetode som kan ivareta intensjonen om å vere fullstendig refleksiv og sjølvinnhentande. Det ser mellom anna ut som Apels ikkje-teoriavhengige, kritiske, transcendentalpragmatiske argumentasjon er sjølvinnhentande og sjølvrefleksiv på ein langt meir radikal måte enn Apels rekonstruktive transcendentalsemiotiske argumentasjon.

---

<sup>109</sup> Apel, K.-O. 1994: 180f

<sup>110</sup> Apel nyttar omgrepet ”Selbsteinholung”. Jmf. Apel, K.-O. 1998: 604f og 688f

<sup>111</sup> Jmf. Böhler, D. 2003: 19

## 2.1 Konkurrerende former for transcendentale argumentasjon og refleksjon?

Ein kunne tenke seg at det eg har kalla Apels ulike transcendentale argumentasjonstypar i røynda er ulike og konkurrerende forsøk frå Apels side på å utforme ei transformert transcendentalfilosofisk tilnærming. Det er ikkje urimeleg å sjå føre seg at Apel i sitt storslåtte prosjekt med å utvikle ein ”hermeneutisk-lingvistisk-pragmatisk-semiotisk transformert transcendentalfilosofi” har prøvd ulike variantar av refleksjon og argumentasjon for å oppnå denne målsettinga. Men når vi samanliknar Apels tidlege verk som *Transformation der Philosophie* I og II<sup>112</sup> med hans heilt nylege artiklar,<sup>113</sup> ser det ikkje ut til å vere radikale brot i måten Apel argumenterer på. Det ein *kan* peike på er visse endringar i kva type argumentasjon Apel vektlegg. Men denne typen endring kan vi like gjerne tolke som eit utslag av at Apel har vore i konfrontasjonar (”Auseinandersetzungen”) med ulike typar av filosofiske motstandarar dei siste åra.

E. Mendieta peikar på at Apel på slutten av 60-talet og 70-talet var oppteken av å mobilisere ein hermeneutisk orientert filosofi mot *scientismen* og den *metodiske solipsismen*.<sup>114</sup> Frå tidleg 80-tal vart Apel meir oppteken av å mobilisere mot den *historiske relativismen* og resultatane av ein ”ontologisk radikaliserert hermeneutikk”. Apel ville då først og fremst ta eit oppgjær med det han ser som diakron og synkron relativisme hjå filosofar som til dømes M. Heidegger, H.-G. Gadamer, L. Wittgenstein og R. Rorty.<sup>115</sup> Dette er også utgangspunktet for Apels nylege ordskifte med A. Wellmer, J. Habermas og C. Lafont.<sup>116</sup> Med dette delvise skiftet av filosofiske diskursmotstandarar ser det ut som Apel i sin seinare filosofi i større grad vektlegg at ein refleksjon over føresetnadane for eins eigne performative gyldigheitskrav må vere tilstrekkeleg radikal eller sjølvrefleksiv. Det kan likeeins sjå ut som Apel etter kvart har fått ei sterkare vektlegging og ei utdjuping av sistegrunningsansatsen i transformasjonsprosjektet sitt. Eg meiner difor at ein kan seie at det eg har kalla Apels ikkje-teoriavhengige, kritiske, transcendentalepragmatiske argumentasjon har vorte meir framtrødande i Apels seinare tekstar. Dette er også konklusjonen til Apel-eleven Dietrich Böhler som meiner at

---

<sup>112</sup> Apel, K.-O. 1973 og Apel, K.-O. 1976. Eg meiner at vi allereie i innleiinga til *Transformation der Philosophie* vol. I kan finne dei viktigaste idéane som Apel byggjer sin eksplikasjon av meininga til omgrepet ”sanning” på i sine seinare skrifter.

<sup>113</sup> Jmf. Apel, K.-O. 2003

<sup>114</sup> Mendieta, E. 2002: XXVI

<sup>115</sup> Ibid.

<sup>116</sup> Jmf. Apel, K.-O. 2003

Apel frå 1998 og *Auseinandersetzung*en lar denne typen argumentasjon verte meir framtreddande.<sup>117</sup> Men denne utviklinga i vektlegging tyder ikkje at Apel har gått vekk frå nokon av dei fem argumentasjonstypene som eg skisserte i første kapittel.

## 2.2 Komplementære former for transcendentale argumentasjon og refleksjon?

Er Apels argumentasjonstypar komplementære? Er det ei nødvendig og utfyllande arbeidsdeling mellom dei? La meg byrje med å gå attende til det eg har kalla Apels to hovudformer for argumentasjon: den transcendentalsemiotiske og den transcendentalepragmatiske argumentasjonsforma. Apel ser ikkje på desse to argumentasjonsformene som utslag av historisk prøving og feiling. Også i dag snakkar Apel om transcendentalepragmatikk og transcendentalsemiotikk innanfor ein og same tekst.<sup>118</sup> Men kva som er den eksakte relasjonen mellom desse argumentasjonsformene innanfor Apels argumentasjonsarkitektonikk er likevel ikkje så lett å sjå. Fleire stader seier Apel at transcendentalsemiotikken inkluderer, eller inneheld, transcendentalepragmatikken og dessutan transcendentalehermeneutikken.<sup>119</sup> I desse tekststadane ser det ut som transcendentalepragmatikken og transcendentalehermeneutikken berre er underkategoriar av ein transcendentalsemiotikk. Andre stader formulerer Apel seg på ein måte som gjer at ein får inntrykk av at transcendentalepragmatikken er den primære og at transcendentalsemiotikken er ei teoretisk overbygging over denne. Dette inntrykket kan ein få når Apel skriv at transcendentalsemiotikken utgjer "systemkonteksten" til transcendentalepragmatikken.<sup>120</sup> Det er ikkje alltid lett å forstå kva Apel meiner når han omtalar sin eigen filosofi på dette abstraksjonsnivået og eg vurderer det slik at Apel har ein noko upresis omgrepsbruk i fleire av sine tekstar.<sup>121</sup>

Eit anna spørsmål som melder seg når ein vil forstå oppbygginga i Apels argumentasjonsarkitektonikk er spørsmålet om forholdet mellom det eg har kalla Apels *kritiske* og *rekonstruktive* versjonar av transcendentale argumentasjon. Apel vekslar mellom ein rekonstruktiv og ein kritisk måte å etablere den transcendentale hovudpremissen i sine transcendentalsemiotiske og transcendentalepragmatiske argument. Men kva kjem først og sist av den rekonstruktive og den kritiske metoden?

---

<sup>117</sup> Böhler, D. 2003: 23

<sup>118</sup> Jmf. Apel, K.-O. 2003: 172f

<sup>119</sup> Apel, K.-O. 1994: ix og 129

<sup>120</sup> Jmf. Apel, K.-O. 1998: 11

<sup>121</sup> Eg trur nærare bestemt at Apel nyttar omgrepa "transcendentalsemiotikk" og "transcendentalepragmatikk" på to ulike måtar. Dette kjem eg attende til i slutten av dette kapitlet.



Apel gir fleire stader inntrykk av at den kritiske påvisinga av absurditet eller meningsløyse er avgjerande og grunnleggande i hans transcendentale metode.<sup>122</sup> Men må ikkje *reductio ad absurdum*-argumentasjon alltid ha ein viss teoretisk rekonstruksjon som bakteppe?<sup>123</sup>

Eit tredje spørsmål som melder seg når vi prøver å sjå samanhangen i Apels tilnærming er spørsmålet om kva forholdet er mellom det eg har kalla Apels *teoriavhengige* og *ikkje-teoriavhengige* typar av transcendental argumentasjon. Eg trur dette siste forholdet er heilt avgjerande for å forstå Apels transcendentale argumentasjonsarkitektonikk: Gjennom å sjå på forholdet mellom den *teoriavhengige* og den *ikkje-teoriavhengige* argumentasjonen hjå Apel kan vi finne årsakene til det som ser ut som spenningar mellom Apels transcendentalsemiotiske og transcendentalpragmatiske argumentasjon, samt årsakene til spenningane mellom det kritiske og det rekonstruktive i Apels filosofi.<sup>124</sup> Eg meiner såleis at det sentrale i ei undersøking av Apels argumentative arkitektonikk er spørsmålet om kva som er forholdet mellom Apels ikkje-teoriavhengige, kritiske, transcendentalpragmatiske argumentasjon (den strengt refleksive transcendentale argumentasjonen) og Apels øvrige transcendentale argumentasjonstypar som alle i ein eller annan forstand er teoriavhengige anten dei er kritiske eller rekonstruktive og anten dei er formulerte i eit generelt semiotisk eller meir distinkt språkpragmatisk nomenklatur. Eg byrjar her med å sjå på tolkingane til Apel-elevane Wolfgang Kuhlmann og Dietrich Böhler som begge ser den ikkje-teoriavhengige, kritiske, transcendentalpragmatiske argumentasjonen som Apels sentrale argumentasjonsform.

### 2.2.1 Den harde kjernen i Apels tilnærming - Kuhlmanns tolking

I si tolking av Apel innfører Kuhlmann eit skilje mellom Apels ”teoretiske refleksjon” og Apels ”strengte refleksjon”.<sup>125</sup> Dette er omgrep som Apel sjølv overtek i seinare skrifter. Den strengte refleksjonen i Kuhlmanns tolking tilsvarer det eg i mi tolking har kalla Apels ikkje-teoriavhengige, kritiske, transcendentalpragmatiske refleksjon og argumentasjon. Slik eg ser det, viser Kuhlmanns omgrep ”teoretisk refleksjon” ikkje berre til deduktiv empirisk refleksjon og argumentasjon, men også til dei formene for

---

<sup>122</sup> Apel, K.-O. 1998: 468ff

<sup>123</sup> Eg kjem nærare inn på dette spørsmålet i kap. 3 og kap. 5.

<sup>124</sup> Eg meiner dette er spenningar som vi vil finne att i Apels forsøk på å eksplisere meininga med omgrepet ”sanning”.

<sup>125</sup> Kuhlmann innfører skiljet mellom *teoretisk* refleksjon og *streng* refleksjon (”strikt Reflexion“) i Kuhlmann, W. 1985: 76ff

transcendental argumentasjon i Apels filosofi som er teoriavhengige, dvs. typar av argumentasjon som byggjer på antakingar som kan førast attende til visse teoretiske rekonstruksjonar.

I den strenge, eller strengt refleksive, refleksjonen reflekterer ein over muligheits- og gyldigheitsføresetnadane til sine *eigne* filosofiske påstandar.<sup>126</sup> Dette skjer ved hjelp av ei negativ eller kritisk påvising av *performative sjølvmotseiingar i den aktuelle diskursen*. Å identifisere ei performativ sjølvmotseiing er ifølgje Kuhlmann å identifisere ein diskrepans mellom eins implisitte *kommunikative* eller *performative handlingskunnskap her og no*, og det *proposisjonale innhaldet i talehandlinga*.<sup>127</sup> Ifølgje Kuhlmann gir erfaringa av den performative meningsløysa ein *direkte refleksiv evidens* av eins eigen aktuelle (her og no) talehandlingskunnskap som ikkje er fallibel og som ikkje kan kritiserast.<sup>128</sup> Den strenge refleksjonen gir altså ein direkte refleksiv evidens av den objektive gyldigheita til visse *syntetiske a priori* dommar, dvs. til visse filosofiske utsegner om muligheitsføresetnadane for meningsfull argumentasjon og kognisjon. I ein teoretisk type transcendental refleksjon er grunninginga av dei *syntetisk a priori* dommane derimot *avleidd frå teoriar om kognisjon og argumentasjon*. I slik teoretisk refleksjon er altså premissane, så vel som sjølve den teoretiske avleiinga, kritiserbare eller fallible. Kuhlmann omtalar den strenge refleksjonen som den *harde kjernen* i Apels transformerte transcendentalfilosofiske tilnærming, medan dei øvrige argumentasjons- og refleksjonstypane er tilordna den *mjuke periferien*.<sup>129</sup>

### 2.2.2 Eit øvste nivå av transcendentalargumentasjon - Böhlers tolking

Dietrich Böhler refererer til Apels ikkje-teoriavhengige, kritiske, transcendentalpragmatiske refleksjons- og argumentasjonsform som *dialogrefleksiv meningskritikk* ("dialogreflexive Sinnkritikk").<sup>130</sup> Også Böhler ser denne argumentasjonsforma som den eigentlege kjerna i Apels transformerte transcendentalfilosofiske tilnærming. Böhler seier til dømes at denne argumentasjonsforma er "[...] der eigentliche Begründungsort der Transzendentalpragmatik, auf

---

<sup>126</sup> Kuhlmann, W. 1986: 76ff

<sup>127</sup> Kuhlmann, W. 1986: 82

<sup>128</sup> Kuhlmann, W. 1996: 32

<sup>129</sup> Jmf. Kuhlmann, W. 1987

<sup>130</sup> Böhler, D. 2003: 15-44

den Apel rekurrert, ohne ihn jedoch hinreichend zu topographieren und zu kultivieren.”<sup>131</sup> Böhler meiner altså at Apel ikkje sjølv ser heilt klart kva argumentasjons- og refleksjonsform som er den mest sentrale. Den diskursrefleksive argumentasjonen har ikkje alltid kome klart fram hjå Apel, seier Böhler, men den har likevel vore ”...die Athene, die der sokratische Transcendentalphilosoph bei seiner Odyssee im Rücken hatte”<sup>132</sup>.

I staden for å snakke om ein hard kjerne og ein mjuk periferi i Apels transcendentalfilosofi, slik Kuhlmann gjer, så meiner Böhler at Apel opererer med høgare og lægre nivå av transcendental refleksjon.<sup>133</sup> Dei ulike nivåa korresponderer til ulike grader av sjølvrefleksivitet i den transcendentale refleksjonen og transcendentale argumentasjonen. Böhler meiner at Apel i røynda opererer med tre nivå av refleksivitet i forhold til språket:

1) Apel seier for det første at all faktisk språkbruk er refleksiv, på grunn av språkets performativ-proposisjonale dobbeltstruktur. Å sette fram ein påstand er å sette fram eit performativt gyldigheitskrav for denne proposisjonen. Performative gyldigheitskrav rettar vi ikkje berre mot oss sjølve og mot tilhøyrarane (det *reelle kommunikasjonsfellesskapet*), men også mot *alle andre* som vi potensielt vil kunne dele eit språk med (det *ideelle kommunikasjonsfellesskapet*). Böhler, som Apel, meiner at denne primære og ibuande refleksiviteten i språket opnar for eit andre nivå av refleksivitet i forhold til språket og den språkmedierte kognisjonen:<sup>134</sup>

2) På dette andre nivået forsøker Apel å gjennomføre ein systematisk etterkonstruksjon, eller rekonstruksjon, av vår språklege handlingsviten. Med andre ord forsøker Apel på dette refleksjonsnivået å rekonstruere vår implisitte kommunikative ”know how”, til ein proposisjonale ”know that”<sup>135</sup>. Innanfor rammene av ein semiotisk teori om språk og kognisjon (som også inneheld ein språkpragmatikk) spør Apel her etter argumentasjonens muligheits- og gyldigheitsføresetnader. Böhler kallar dette ein ”Rekonstruktion der Dialoggrammatik”.<sup>136</sup> Apels transcendentalsemiotiske og transcendentalpragmatiske argumentasjon - både i rekonstruktive og i teoriavhengig-kritiske

---

<sup>131</sup> Böhler, D. 2003: 24

<sup>132</sup> Böhler, D. 2003: 27

<sup>133</sup> Böhler, D. 2003: 23ff

<sup>134</sup> Böhler, D. 2003: 19

<sup>135</sup> Jmf. Kuhlmann, W. 1992a: 280

<sup>136</sup> Böhler, D. 2003: 23

versjonar - inngår i dette prosjektet. Men Böhler, som Apel, meiner at denne typen refleksiv refleksjon over språket ikkje er direkte sjølvrefleksiv, og at den ikkje er tilstrekkeleg "sjølvinnhentande". Den tillet berre det Böhler kallar ein *teoretisk distansert refleksjon* over føresetnadene for forståeligheita, muligheita og gyldigheita til det talte språket.<sup>137</sup> Böhler hevdar at refleksiviteten i denne forma for refleksjon kan samanliknast med den refleksiviteten ein grammatikar har når han spør etter reglane for eit språk som han også talar sjølv. Dette *er* ei form for "Selbstaufstufung" av språket, eller ei form for refleksiv sjølvinnhenting. Men ifølgje Böhler "[...] kommt die reflexive Selbstaufstufung der Sprache durch eine Rekonstruktion nicht zum Abschluß. Denn diese erfolgt in theoretischer Einstellung, so daß sich hier noch keine reflexive Selbsteinholung des Sprechers *in* seiner augenblicklichen Rede ergeben kann."<sup>138</sup> Den yttarste forma for refleksiv sjølvinnhenting kan først realiserast på eit tredje nivå av refleksjon og argumentasjon.<sup>139</sup>

3) På det tredje nivået av Apels sjølvrefleksive refleksjon vert den teoretisk-rekonstruktive typen av refleksiv refleksjon testa gjennom det Böhler kallar "ein aktuell meiningskritisk diskursrefleksjon": "(H)ier geht es um eine reflexive Sinnkritikk ad hominem qua Diskurspartner."<sup>140</sup> For Böhler inneber dette at ein forlet ei "teoretisk innstilling", for å "ta si eiga rolle som diskurspartner" seriøst. Å ta si eiga rolle som dirskurspartner seriøst tyder at ein går inn i ein refleksjon over dei prinsippa, idéane eller normene som ein alltid allereie *implisitt forutset* når ein seier noko og som ein difor også *eksplisitt må anerkjenne* dersom ein vil argumentere meningsfullt (eller tenke og filosofere meningsfullt).<sup>141</sup> Vi vert merksame på den normative forpliktinga vi har i forhold til desse diskursprinsippa ved å sjå at dei ikkje kan benektast eller betvilast, utan at ein viklar seg inn i ei *performativ sjølvmotseiing*. På dette nivået av refleksjon kan vi ifølgje Apel og Böhler sjå at implisitt må anerkjenne desse diskursprinsippa eller idéane som gyldige, og at vi ikkje eksplisitt kan benekte dei, dersom vi med vår ytring her og no vil kome med

---

<sup>137</sup> Böhler, D. 2003: 19

<sup>138</sup> Ibid.

<sup>139</sup> Dvs. ei øvste form for "Selbstaufstufung".

<sup>140</sup> Böhler, D. 2003: 24 Apel seier at dette refleksjonsnivået består av ein meiningskritisk test som tek form av "Reflexion auf den *Diskurs im Diskurs*." Apel, K.-O. 1998: 179.

<sup>141</sup> Det er denne typen normativ forplikting som dannar utgangspunktet for Apels transcendentalpragmatiske diskursetikk. Jmf. Apel, K.-O. 1988

eit meningsfullt filosofisk bidrag.<sup>142</sup> Apel meiner dermed å kunne prove den objektive validiteten til slike muliggjerande diskursive prinsipp eller idéar.

Omsett til den omgrepsbruken eg har lagt til grunn i første kapittelet, kan ein seie at Böhler som Kuhlmann ser den ikkje-teoriavhengige, kritiske, transcendentalpragmatiske argumentasjonen som den typen argumentasjon som åleine kan garantere gyldigheita til Apels filosofiske påstandar om muligheits- og gyldigheitsføresetnadane for vår kognisjon og argumentasjon.

### 2.2.3 Apel om eigen argumentasjonsarkitektur

Apel stadfestar den særlege tydinga som den ikkje-teoriavhengige, kritiske, transcendentalpragmatiske argumentasjonstypen har i hans argumentasjonsarkitektur. Dette går særleg klart fram i essaya "Fallibilismus, Konsensstheorie der Wahrheit und Letztbegründung"<sup>143</sup>, "Transcendental Semiotics and Hypothetical Metaphysics of Evolution"<sup>144</sup> og i "Pragmatic Philosophy of Language based on a transcendental Semiotics".<sup>145</sup> I det siste av desse essaya innfører Apel eit skilje mellom ein *empirisk* og ein *transcendentallogisk* forståingsmåte i filosofien. Dette skiljet ser ut til å vere i tråd med Böhler og Kuhlmanns skilje mellom *teoretisk* og *strengt refleksiv innstilling* i den filosofiske refleksjonen. Apel omtalar skilnaden mellom dei to forståingsmåtane som to ulike måtar å forstå ein ikkje-abstraktiv kognisjonslogikk, dvs. to ulike måtar å forstå ein "hermeneutisk-lingvistisk-pragmatisk-semiotisk" forståing av kognisjonen.<sup>146</sup> Apel meiner med dette at ein må skilje mellom ei empirisk forståing og ei transcendentallogisk forståing av Peirces semiotikk.<sup>147</sup> Apel skildrar korleis Peirce sjølv vekslar mellom dei to forståingane av semiotikken, noko som ifølgje Apel skaper ei "irriterande uklarheit" i lesinga av Peirce.<sup>148</sup>

---

<sup>142</sup> Jmf. Böhler: "...wenn wir uns selber nicht unglaubwürdig machen und aus einem ernsthaften Dialog über Grunde ausscheiden wollen." Böhler, D. 2003: 25

<sup>143</sup> Apel, K.-O. 1998: 81-195

<sup>144</sup> Apel, K.-O. 1994: 207-231

<sup>145</sup> Apel, K.-O. 1994: 231-253

<sup>146</sup> Jmf. "Peirce/Morris-skjemaet" ovanfor (punkt 1.2.1.1.). Jmf. Apel, K.-O. 1994: 249 for den mest utfyllande skjematisk framstillinga av semiosis.


<sup>147</sup> Apel, K.-O. 1994: 238. Apel hevdar her at ein metafysisk forståingsmåte fell inn under den empiriske forståingsmåten snarare enn den transcendentallogiske.

<sup>148</sup> Apel, K.-O. 1994: 239

”The specifically semiotic texts of Peirce often suggest a replacement of the two nonsemiotic relata of the sign by other signs, in such a manner that instead of the *triadicity* of the sign-relation an infinite regress comes about. Thus, on the left side, the ”immediate object”, which emerges only in light of the characterization of something as something, appears to take the place of the *real object* of sign reference, such that the ”immediate object” indicates again a further immediate object, and so forth ad infinitum; this corresponds to the fact that on the right side the ”interpretant”, that is, an *interpreting sign*, which points to a further sign, and so forth ad infinitum, takes the place of the *real interpreter*.”<sup>149</sup>

I staden for å vise til tolkaren viser altså Peirce somme stader til tolkinga eller interpretanten som det tredje relata i den semiotiske triaden.<sup>150</sup> Ei tolking eller ein interpretant er både *effekten* av eit teikn i tolkaren og samstundes noko som fungerer som ein *regel* for å relatere teiknet til teiknets objekt.<sup>151</sup> I den doble tydinga av å vere ein effekt og ein regel, så er interpretanten teiknets *meaning*. Men samstundes er interpretanten også sjølv eit teikn: Interpretanten til eit teikn er eit anna teikn som igjen har sin interpretant, eller interpretantar...osb.<sup>152</sup> Kvart teikn står i ein triadisk relasjon som er sett saman av teiknet, teiknets objekt og interpretanten; og der interpretanten er eit mulig teikn for ein ny triadisk semiotisk konstallasjon, eller utgangspunktet for eit nytt steg i den teiknmedierte tolkingprosessen.<sup>153</sup> Peirces påstand om at den teiknmedierte tolkingprosessen er ein uendeleg prosess (i begge retningar), kan vi forsøksvis illustrere på følgjande måte:

Illustrasjon 2.  
Ein illustrasjon av Peirces idé om ein uendeleg teiknformidla tolkingprosess (”semiosis”):<sup>1</sup>



<sup>149</sup> Apel, K.-O. 1994: 239

<sup>150</sup> Apel, K.-O. 1994: 217

<sup>151</sup> Sagt på ein annan måte: interpretanten er det som set teiknet i relasjon til teiknets objekt

“...establishing a habit or a general rule whereby (signs) will act on occasion”. Apel, K.-O. 1994: 239

<sup>152</sup> Cobley, P. 1997: 29

<sup>153</sup> Apel, K.-O. 1994: 217f. Jmf. Kap 1. (punkt 1.2.1)

Peirce vekslar altså mellom å snakke om ein *tolkar* og ein *interpretant* (ei tolking) i sine tekstar. Han vekslar også mellom å snakke om *reale objekt* og *umiddelbare objekt* (eit teiknmediert objekt som sjølv er eit teikn). Ifølgje Apel er denne vekslinga eit utslag av at Peirce vekslar mellom 1) ein empirisk forståingsmåte av den teiknmedierte tolkingsprosessen, der Peirce ser den triadiske semiotiske relasjonen som ein uendeleg regress av teikn, og 2) ein transcendentallogisk forståingsmåte, der Peirce ser den semiotiske triaden som definitivt triadisk.

Apel meiner at både den empiriske og den transcendentallogiske forståingsmåten let seg rettferdiggjere og at det er nødvendig å postulere både ein skilnad og ein nødvendig samanhang mellom desse to forståingsmåtene.<sup>154</sup> Dersom ein let den empiriske forståinga av ein triadisk semiotikk vere det einerådande utgangspunktet for den refleksive, filosofiske refleksjonen, så endar ein ifølgje Apel opp i filosofisk *semiotisme*; dvs. ein endar opp med at verda løyser seg opp i teikn, og i ”teikn om teikn om teikn...”.<sup>155</sup> Objektet og fortolkaren vert her ikkje anna enn teikn i ein uendeleg teikntolkingsprosess. Apel meiner vi finn eksempel på slik semiotisme mellom anna i den franske poststrukturalismen.<sup>156</sup> Ifølgje Apel kan ein slik semiotisme, eller ei konsekvent og isolert empirisk forståing av ein triadisk semiotikk, ikkje vere basis for ein haldbar filosofisk posisjon. Apels argument er som følgjer: Dersom det er korrekt at dei ikkje-semiotiske relata i den semiotiske triaden (dvs. objektet og tolkaren) *i prinsippet ikkje kan vere noko anna enn teikn, så løyser også meininga til det semiotiske relata i triaden seg opp* (dvs. meininga til ”teiknet”). For at ei empirisk undersøking som leier fram mot førestillinga om at ”alt er teikn om teikn om teikn...” i det heile skal vere mulig, og for at denne førestillinga skal kunne gi meining, så må *noko allereie vere på plass* eller *forutsett*, hevdar Apel.<sup>157</sup>

Det som må vere på plass er ei performativ, heuristisk antaking om at det finst verkelege objekt, verkelege tolkarar og ei mulig endeleg tolking av objektet (dvs. ei objektmeining). For at ein skal kunne kome fram til, og forstå, den empiriske tesa om at den meiningsfulle verda er ein prinsipielt uendeleg semiotisk prosess så må ein altså i utgangspunktet implisitt eller performativt forutsette og akseptere ”the

---

<sup>154</sup> Apel, K.-O. 1994: 217

<sup>155</sup> Apel, K.-O. 1994: 239

<sup>156</sup> “[...]for which the person as well as reality- the ”signifié”- appears to dissolve into the reference web of the ”signifiants””. Apel, K.-O. 1994: 239

<sup>157</sup> Ifølgje Apel inkluderer den empiriske undersøkingsmåten også metafysiske undersøkingar. Apel, K.-O. 1994: 240

transcendental-semiotic primacy of the triadicity of the sign-relation.”<sup>158</sup> Apel formulerer dette poenget på ulike måtar. Han seier til dømes at ein på det performative nivået heurisisk må forutsette eksistensen og gyldigheita til den *endelege interpretanten* (dvs. den ultimate logiske interpretanten, eller den endelege og tidlause meininga). Sagt på endå ein annan måte: Apel meiner at vi må praktisk forutsette og føregripe gyldigheita til det *transcendentale språkspelet*, dvs. språkspelet i det ultimate kommunikasjonsfellesskapet, for å kunne ta del i det faktiske språkspelet der vi kan felle meiningsfulle empiriske dommar. Dette er for Apel ein annan måte å formulere at ein må ha ein performativ kontrafaktisk antisipasjon av endeleg sanning, eller at ein må forutsette gyldigheita til den regulative idéen om den ultimate konsensusen på det performative nivået. Apel ser parallellar mellom dette poenget og H.G.Gadamers påstand om at eit ”Vorgriff der Vollkommenheit” er naudsynt i den hermeneutiske prosessen.<sup>159</sup> Apel viser også til D. Davidson og W.Quine som snakkar om at det er nødvendig å legge eit ”principle of charity” til grunn i eitkvart forsøk på tolking.

Det at vi må sjå den semiotiske triadiskheita som definintiv og gi den paradigmatiske prioritet er, ifølgje Apel, ikkje berre psykologisk nødvendig. Apel meiner dette er å forstå som eit prinsipp som utgjer det ”høgaste punktet” i den undersøkingslogikken som tek plassen til Kants transcendentale logikk i Apels transformerte transcendentalfilosofi. Dette prinsippet utgjer altså grunnprinsippet i Apels transcendentallogikk.<sup>160</sup> Apels transcendentallogiske grunnprinsipp er ikkje berre ein muligheits- og gyldigheitsføresetnad for *objektet for* transcendentalfilosofiens undersøking (som er meiningsfull kognisjon og argumentasjon). Apel ser dette grunnprinsippet som ein muligheits- og gyldigheitsføresetnad også for den filosofiske meta-refleksjonen og meta-argumentasjonen (det filosofiske språkspelet) som ein undersøker slike muligheits- og gyldigheitsføresetnader gjennom. Ifølgje Apel er det transcendentallogiske grunnprinsippet såleis ”immerschon in Anspruch genommen” i ei kvar undersøking av kognisjonen og av kognisjonens og argumentasjonens muligheitsføresetnader.

Apels differensiering mellom ei transcendentallogisk og ei empirisk forståing av ei hermeneutisk-lingvistisk-pragmatisk kognisjonsforståing (dvs. av ein

---

<sup>158</sup> Apel, K.-O. 1994: 23

<sup>159</sup> Apel meiner at desse filosofane ikkje dreg dei fulle konsekvensane av deira innsikt i det transcendentahermeneutiske grunnprinsippet. Jmf. Apel, K.-O. 1997: 69ff

<sup>160</sup> Apel, K.-O. 1994: 197 og 239f.



transcendentalsemiotikk) gjer det mulig å differensiere mellom to nivå av transcendentalsemiotisk refleksjon og argumentasjon:

1) Transcendentalsemiotisk refleksjon og argumentasjon kan vere ein type refleksjon og argumentasjon som undersøker muligheits- og gyldigheitsføresetnadane for teiknmediert kognisjon. Slik refleksjon og argumentasjon innhentar ikkje sitt naudsynte normative utgangspunkt som er deltakinga i den institusjonelle fiksjonen som er *antakinga om den definitive semiotiske triadiskheita*. Eller som Böhler ville sagt det; denne typen transcendentalsemiotisk refleksjon og argumentasjon innhentar ikkje refleksivt den normative argumentasjonssituasjonen, eller diskurspartner-rolla, som vi alltid allereie har innteke når vi argumenterer, også når vi argumenterer transcendentalfilosofisk.<sup>161</sup>

2) Transcendentalsemiotisk refleksjon og argumentasjon kan også vere ei form for refleksjon og argumentasjon som eksplisitt tematiserer sine egne pragmatiske og normative føresetnader og som dermed refleksivt innhentar sine implisitte performative gyldigheitskrav.<sup>162</sup> Her vert den transcendentale semiotikken (dei normregulerte teiknprosessane som er konstitutive for vår kognisjon) ikkje berre forstått som eit *objekt* for transcendentalfilosofisk undersøking, men også som *utgangspunktet* for den transcendentalfilosofiske undersøkinga av desse transcendentalsemiotiske prosessane. Dette er ifølgje Apel ei transcendentalsemiotisk form for refleksjon som tek transcendentalsemiotikken sjølv som *prima philosophia*, dvs. som *førstefilosofi* eller som *paradigmatisk sikkert og gyldig utgangspunkt* for den vidare filosofiske undersøkinga.<sup>163</sup>

Apel nyttar termen transcendentalsemiotisk i begge tydingane og skil ikkje alltid så klart mellom dei to nivåa eller typane av transcendentalsemiotisk refleksjon.<sup>164</sup> Dette fører til ein del forvirringar i lesinga av Apel. Oftast nyttar Apel termen ”transcendentalpragmatikk” for å vise til den siste av desse to tydingane av transcendentalsemiotisk refleksjon og argumentasjon. Grunnen til dette er at

---

<sup>161</sup> Jmf. Böhler, D. 2003

<sup>162</sup> Jmf. Apel, K.-O. 1994: 50

<sup>163</sup> Jmf. Apel, K.-O. 1994: 83ff og Apel, K.-O. 1994: 112ff

<sup>164</sup> Jmf. Böhler, D. 2003

transcendentalsemiotikk i denne forstanden nettopp er ei form for refleksjon og argumentasjon som ikkje abstraherer vekk frå den pragmatiske og normative dimensjonen. Men ein kan hevde at også ”transcendentalpragmatisk refleksjon og argumentasjon” har to tydingar for Apel: I *ein* bruk viser ”transcendental (språk) pragmatikk” til ei utleiing og bevisføring av dei transcendentale føresetnadane for meningsfull argumentasjon. I Apels *andre* bruk viser ”transcendentalpragmatikk” til ein filosofi der dei språkpragmatiske føresetnadane for meningsfull argumentasjon og refleksjon vert medreflektert som utgangspunktet for den transcendentale undersøkinga av talehandlingane sine muligheits- og gyldigheitsføresetnader.

### **2.3 Den strengt refleksive refleksjonen som kjernen i Apels tilnærming eller grunnmuren i Apels argumentative arkitektur**

Begge dei to typene av transcendentalsemiotisk argumentasjon som Apel her skisserer inngår i det eg har kalla Apels transcendentale metode eller argumentasjonsarkitektur. Men det er først i kraft av den siste typen av transcendentalsemiotisk argumentasjon at Apel meiner å kunne overkomme den metodiske solipsismen. Sagt på ein annan måte; det er først med den siste radikaliseringa av den sjølvrefleksive og transcendentale refleksjonen over språket som medium for eigen *aktuell* filosofisk argumentasjon at Apel meiner den ”hermeneutisk-lingvistisk-pragmatisk-semiotiske vendinga” er fullført i filosofien. Denne siste typen av transcendentalsemiotisk argumentasjon tilsvarer det eg har kalla ikkje-teoriavhengig, kritisk, transcendentalpragmatisk refleksjon og argumentasjon, eller til det Kuhlmann kallar ”streng refleksjon” og det Böhler kallar ”reflexive Sinnkritik ad hominem qua Diskurspartner”.<sup>165</sup>

Vi har her sett at Böhlers, Kuhlmanns og Apels meir eller mindre samanfallande analysar viser at den strengt refleksive refleksjonen og argumentasjonen (den ikkje-teoriavhengige, kritiske, transcendentalpragmatiske argumentasjonen)

”[...] kann durchaus als das systematische Zentrum der Transzendentalpragmatik gelten. Sie ist zugleich auch dasjenige, an dem das Spezifische der Apelschen Philosophie am meisten hängt.”<sup>166</sup>

Den strengt refleksive refleksjonen og argumentasjonen framstår såleis som det arkimediske punktet for grunngeving av både den teoretiske og den praktiske

---

<sup>165</sup> Böhler, D. 2003: 24

<sup>166</sup> Kuhlmann, W.1993: 212

filosofien til Apel. Det er berre gjennom denne forma for transcendental refleksjon og argumentasjon at Apel meiner å kunne unngå dei problema som ifølgje Apel underminerer Kants transcendentalargumentasjon. Og det er berre på bakgrunn av denne typen transcendental argumentasjon at Apel meiner seg i stand til å gje filosofisk sistegrunngiving ("Letztbegründung") av *ultimat konsensus-sanningskonsepsjonen*. Før eg går vidare til å vurdere verdien av Apels transformerte transcendentalfilosofiske tilnærming som ein metode for å avklare sanningsproblematikken, vil eg sjå nærare på denne strengt refleksive transcendentale refleksjons- og argumentasjonstypen som er den karakteristiske for heile Apels tilnærming.

## KAPITTEL 3

### Kritikk av Apels strengt refleksive argumentasjon

#### 3.1 Apels utgangspunkt: Münchhausen-trilemmaet og universell skeptisisme

Apels strengt refleksive transcendentale refleksjons- og argumentasjonstype<sup>167</sup> er eit motsvar til *sistegrunngivingsproblemet*.<sup>168</sup> Sistegrunngivingsproblemet er det filosofiske problemet som oppstår når ein forsøker å gje ei sistegrunngeving ("Letztbegründung"), dvs. når ein fristar å gje ei siste, absolutt sikker, infallibel, eller ikkje-kritiserbar grunngeving av noko, til dømes av kunnskapskrava og sanningskrava våre.<sup>169</sup> Meir presist sagt er Apels strengt refleksive argumentasjon eit motsvar til Hans Alberts formulering av sistegrunngivingsproblemet frå *Traktat über kritische Vernunft*.<sup>170</sup> I dette verket hevdar Albert at alle forsøk på å kome fram til ei sistegrunngeving fører inn i eit uløselig trilemma, som han kallar *Münchhausen-trilemmaet*.<sup>171</sup> Ifølgje dette trilemmaet vil ein i forsøket på å grunnge eit siste aksiom i ei grunngivingsrekke alltid støyte på eit av følgjande alternativ:

1. Einem *infinitem Regreß*, der durch die Notwendigkeit gegeben erscheint, in der Suche nach Gründen immer weiter zurückgehen, der aber praktisch nicht zu durchzuführen ist und daher keine sichere Grundlage liefert;
2. Einem *Logischen Zirkel* in der Deduktion, der dadurch entsteht, daß man im Begründungsverfahren auf Aussagen zurückgreift, die vorher schon als begründungsbedürftig aufgetreten waren, und der, weil logisch fehlerhaft, ebenfalls zu keiner sicheren Grundlage führt; und schließlich
2. Einem *Abbruch der Verfahrens* an einem bestimmten Punkt, der zwar prinzipiell durchführbar erscheint, aber eine willkürliche Suspendierung des Prinzips der zureichenden Begründung involvieren würde."<sup>172</sup>

Trilemmaet seier altså at ein anten hamnar i ein uendeleg grunngivingsregress (*regressus ad infinitum*), i ei logisk sirkelgrunngeving (*circulus vitiosus*), eller at ein må avbryte grunngevinga på eit ikkje-sistegrunngett punkt (*desisjonisme* eller

---

<sup>167</sup> Eg viser her til den type argumentasjon og refleksjon som eg i første delen av oppgåva også refererte til som Apels "ikkje-teoriavhengige, kritiske, transcendentalpragmatiske argumentasjon". Jmf. kap 1 (punkt 1.2.1 og 1.2.2.).

<sup>168</sup> Apel, K.-O. 1998: 39ff

<sup>169</sup> Vi finn liknande formuleringar av dette problemet allereie i Aristotles verk *Analytica Posteriora*, bok 1, kap 3. Jmf. Apel, K.-O. 1998: 39, fotnote 15. Problemet er også kjend som "Agrippas trilemma" og "Fries-dilemmaet".

<sup>170</sup> Albert, H.1968. Jmf. Apel, K.-O. 1998: 35ff

<sup>171</sup> Albert låner likninga om friherren Münchhausen frå Nietzsches første del av *Jenseits von Gut und Böse*. Friherren hadde sett både seg og hesten sin fast i myra og prøvde å kome laus ved å dra seg sjølv opp etter hårpisken sin. Reese-Schäfer, W. 1993: 37

<sup>172</sup> Albert, H. 1968: 13

”Abbruch der Verfahrens”). Münchhausen-trilemmaet vert også omtala som eit *kriterieproblem* i grunngivingslogikken.<sup>173</sup> For at ein påstand skal vere sistegrunnigitt eller absolutt sikker, så må ein vise at påstanden innfrir eit sistegrunnigivingskriterium. Men dette sistegrunnigivingskriteriet må sjølv sistegrunnigis, eller innfri eit anna sistegrunnigivingskriterium. Dermed endar forsøket på å sistegrunngi den første påstanden i ein uendeleg regress, med mindre ein avbryt grunngivingsprosessen på eit ikkje-sistegrunnigitt punkt, eller med mindre ein allereie forutset det som ein skal grunngi.<sup>174</sup> Albert meiner at Münchhausen-trilemmaet gjeld for alle typar argumentasjon og slutningar, og hans grunngivingslogiske konklusjon er difor at sistegrunnigiving ikkje er mulig. Albert meiner også at trua på sistegrunnigiving kan vere skadelig, fordi den gjennom dogmatisering kan forhindre utviklinga i vitenskapane. Apel derimot, hevdar at det er Alberts konklusjon som ikkje kan stå uimotsagt fordi den opnar for *universell skeptisisme* som vil kunne undergrave legitimiteten til alle våre kunnskaps- og sanningskrav.

Omgrepet ”universell skeptisisme” har fleire ulike tydingar. Den type universell skeptisisme som Apel fryktar og vil attendevise, er ein epistemologisk posisjon som seier at (1) ”vi kan ikkje erkjenne noko”, fordi (2) ”vi kan ikkje oppnå absolutt sikker kunnskap på noko område”, noko som vert ført attende til (3) ”vi kan ikkje sistegrunngi nokon påstandar”. Forstått på denne måten overlappar universell skeptisisme med universell eller konsekvent *fallibilisme*.<sup>175</sup> Dersom ingenting let seg sistegrunngi kan vi heller ikkje sistegrunngi sanningsomgrepet vårt eller fornuftsbegrepet vårt. Denne typen skeptiske argument seier ikkje at ein kan vite sikkert at sanning og kunnskap ikkje er mulig. Denne typen skeptiske argument hevdar berre at det kan finnast andre tydingar av *sann* enn den vi no legg til grunn sidan sanningsomgrepet vårt og fornuftsomgrepet vår ikkje let seg sistegrunngi.

Opninga for denne typen universelle skeptiske argument er uakseptabel for Apel. Apel tenker ikkje berre på behovet for å ha eit meningsfullt sanningsomgrep i vitenskapane. For Apel er den skeptiske konklusjonen uakseptabel ikkje minst av omsyn til den praktiske filosofien og muligheita for å kunne grunngi etiske normer.<sup>176</sup>

---

<sup>173</sup> Skjei, E. 2003: 9

<sup>174</sup> Skjei, E. 2003: 10f

<sup>175</sup> For at den universelle fallibilisten (den universelle skeptikaren) skal vere konsekvent må han/ho også meine at ingen utsegner – inkludert utsegnet ”ingen utsegner let seg sistegrunngi” - let seg sistegrunngi”. Eg byggjer denne argumentasjonsrekkja på Erling Skjeis tolking av den skeptikaren som Apel, Kuhlmann og V. Höhle forsøker å attendevise. Skjei, E. 2003: 2f

<sup>176</sup> Jmf. Apel, K.-O. 1998: 660ff

Behovet for å kunne attendevis universell skeptisisme gir opphav til Apels mest kontroversielle påstand; påstanden om at sistegrunngeving for visse filosofiske påstandar er mulig. Med sistegrunngeving meiner Apel ei påvising av at det finst visse påstandar som kan grunngivast utan å hamne i Münchhausen-trilemmaet, og som dessutan er eigna til å grunngi andre påstandar.<sup>177</sup>

### 3.2 Apels motsats: den strengt refleksive refleksjons- og argumentasjonsforma

Apel finn ikkje nokon feil i Alberts Münchhausen-trilemma. Men, seier Apel, trilemmaet er berre dekkande for forsøk på å gi sistegrunngeving når ein forstår grunngeving på den avgrensa måten som Albert gjer.<sup>178</sup> Problemet med Alberts trilemma er at Albert avgrensar grunngeving til grunngeving som *utleiing frå noko anna*. Apel meiner det er råd å forstå grunngeving også på ein annan måte der Münchhausen-trilemmaet ikkje vil gjere seg gjeldande:

”Der transzendentalpragmatische Begründungs-Begriff ist prinzipiell verschieden von dem traditionellen - im klassischen Rationalismus bzw. Empirismus vorausgesetzten - Begriff der Begründung als *Ableitung aus etwas anderem* (Deduktion, Induktion oder Abduktion). Das besagt: Die nachweisbaren *Existential- und Regel-Präsuppositionen* des Argumentierens sind letztbegründbar nicht als *Prämissen* von Argumenten, sondern deshalb, weil sie *notwendige Sinnbedingungen gültiger und ungültiger Argumente sind*.<sup>179</sup>

Apels alternativ til grunngeving som utleiing frå noko anna (deduksjon, induksjon og abduksjon) er altså den *strengt refleksive forma for grunngeving* som han meiner den strengt refleksive argumentasjonen kan gi. Denne typen grunngeving er å forstå som ein rekurs til dei føresetnadene som Apel meiner at eit tenkande og argumenterande vesen *ikkje meiningsfullt kan benekte eller betvile*.<sup>180</sup> Meir presis er det ein rekurs til dei føresetnadane<sup>181</sup> som også den som forsøker å benekte eller betvile muligheita for sistegrunngeving alltid allereie må ha tatt i hevd når han/ho benektar eller betvilar muligheita for sistegrunngeving. Ein kan også seie at den strengt refleksive argumentasjonen er ei form for anti-skeptisk *indirekte* argumentasjon.<sup>182</sup> Apel er

---

<sup>177</sup> Apel, K.-O. 1998: 64ff

<sup>178</sup> Apel, K.-O. 1998: 39ff

<sup>179</sup> Apel, K.-O. 1998: 165

<sup>180</sup> Som vi skal sjå har Apel ei bestemt oppfatting av kva det vil seie at noko ikkje meiningsfullt kan benektast eller betvilast.

<sup>181</sup> Apel omtalar desse føresetnadane på ei rekke ulike vis: Nokre stader snakkar Apel om skeptikarens *metodisk a priori* føresetnader, andre stader om skeptikarens transcendentalpragmatiske føresetnader, skeptikarens argumentasjonsføresetnader eller skeptikarens implisitte kommunikative (performative) handlingskunnskap.

<sup>182</sup> Skjei, E. 2003: 160ff

merksam på at eitkvart direkte argument mot ein skeptikar vil mislukkast fordi direkte motargument alltid forutset noko som skeptikaren ikkje vil godta. Det Apel gjer i den strengt refleksive argumentasjonen er å skifte fokus til det som skeptikaren sjølv må forutsette i sin kritiske argumentasjon. Argumentet til skeptikaren kan ifølgje Apel visast å vere performativt absurd eller performativt meiningslaust fordi skeptikaren som talsperson for den skeptiske posisjonen undergrev sitt eige syn. Skeptikaren må performativt forutsette det som han nektar for og dermed undergrev han/ho sitt eige syn. Det som skeptikaren performativt må forutsette, og som ikkje let seg benekte utan ein performativ absurditet, er ifølgje Apel sistegrunngitt.<sup>183</sup>

Apels forsøk på å gje sistegrunngiving ser ut til å falle inn under det tredje av dei tre uønska alternativa i Münchhausen-trilemmaet; det ser ut til å vere ei form for sirkulær grunngiving. Men Apel, som Kuhlmann, benektar at det her er snakk om ein logisk sirkel eller *circulus vitiosus*. Dei meiner at den strengt refleksive sistegrunngivinga består av ein hermeneutisk *sjølvgrunngivingssirkel* som er god og som kan stanse grunngivingsregressen.<sup>184</sup> Som Kuhlmann seier:

”Die für diese Philosophie wichtigen Begründungslinien führen nicht von dem jeweils zu Begründeten weg auf immer neue, sich als problematisch erweisende Prämissen, sie führen in anderer Richtung als üblich auf das, was sicher sein muss, soll das Problem der Begründung überhaupt existent und sinnvoll für uns sein, sie führen auf unser Handlungswissen vom Argumentieren, welches die Basis für jedes Problem und dessen mögliche Lösung ist, und *sie enden hier.*”<sup>185</sup>

### 3.2.1 Strengt refleksiv argumentasjon som *sterk* transcendentalargumentasjon

Apel presenterer den strengt refleksive argumentasjonen som ei distinkt *transcendental* refleksjons- og argumentasjonsform. Kva er det som gjer den strengt refleksive argumentasjonen til ei transcendental argumentasjonsform som er i stand til å gje sistegrunngiving? Kuhlmann<sup>186</sup> omtalar den strengt refleksive argumentasjonen som ein *sterk* variant av transcendentalargumentasjon. Denne typen transcendental

---

<sup>183</sup> Kuhlmann, W.1985a : 365. Jmf. Skjei, E. 2003: 8

<sup>184</sup> På tysk; ”der Zirkel der Selbstbegründung”. Kuhlmann, W. 1985:101

<sup>185</sup> Kuhlmann, W. 1996: 29

<sup>186</sup> Apel-eleven Wolfgang Kuhlmann er sentral i diskusjonen av Apels forsøk på å vise at sistegrunngiving er mogeleg. I avhandlinga *Reflexive Letztbegründung* (1985) og i ei rekke artiklar utdjuvar Kuhlmann Apels tanke om ei spesiell form for refleksiv sistegrunngiving på ein langt meir detaljert og systematisk måte enn kva vi finn i Apels eigne tekstar. Kuhlmann går ei rekke stader utover det som ein kan finne direkte tekstbelegg for hjå Apel, men Apel tek ikkje avstand frå Kuhlmanns tolkingar og nyttar sjølv fleire av Kuhlmanns omgrep og eksempel.

argumentasjon står ifølgje Kuhlmann i kontrast til ein *regressiv* eller *deduktiv* og *svak* variant av transcendentalargumentasjon.<sup>187</sup> Eksempel på den siste typen transcendentalargumentasjon er ifølgje Kuhlmann den klassiske transcendentalargumentasjonen slik vi finn den hjå Kant.<sup>188</sup> Kuhlmann meiner den svake eller deduktive typen transcendental argumentasjon har følgjande form og innhald:

”Der Kern der transzendentalen Beweisführung [...] ist ein Schluss im modus ponens: Wenn nicht x (die objektive Gültigkeit der Kategorien), dann auch nicht y (*die schwer bestreitbare Möglichkeit von Erfahrung*), bzw.: Wenn y, dann x. Nun y (die Möglichkeit von Erfahrung), also x (die objektive Gültigkeit der Kategorien)”<sup>189</sup>

Denne typen transcendental argumentasjon er ifølgje Kuhlmann ute av stand til å gje sistegrunniving fordi den transcendente underpremissen berre er *vanskelig*, men ikkje *umulig*, å benekte eller å betvile på ein meningsfull måte.<sup>190</sup> Kuhlmann meiner at alle premissane og stega i denne typen transcendental argumentasjon meningsfullt let seg betvile, slik at grunngivingsregressen går vidare. Denne varianten av transcendentalargumentasjon slepp altså ikkje unna Münchhausen-trilemmaet. Den strengt refleksive sterke varianten av transcendentalargumentasjonen som er i stand til å gje sistegrunniving, har derimot følgjande form og innhald:

”Wenn nicht x, dann auch nicht *das von Dir qua Skeptiker aktuell und notwendig immer schon in Anspruch genommene (für die Skepsis also unverzichtbare)* y [Nun y, also x]”<sup>191</sup>

Vi ser at både den refleksive og den deduktive måten å argumentere transcendentalt på har den same logiske forma. Den avgjerande skilnaden mellom dei ligg i innhaldet i premissane og i korleis premissane let seg etablere. Strengt refleksive transcendente argument er ifølgje Kuhlmann kjenneteikna ved at den transcendente underpremissen (y)<sup>192</sup> ikkje er noko som berre er *vanskeleg* å benekte eller å betvile. Underpremissen er her noko som er *umulig* å benekte på ein

---

<sup>187</sup> For ein diskusjon av skillet mellom *deduktiv* og *refleksiv* transcendentalargumentasjon jmf. Huithfeldt, C. 1984.

<sup>188</sup> Jmf. Kuhlmann, W. 1987. Jmf. også Walker, R.C.S. 1978:10 i Huithfeldt, C. 1984: 44ff, for ei tolking av Kant langs desse linene.

<sup>189</sup> Kuhlmann, W. 1987: 91. Min kursiv.

<sup>190</sup> ”Wenn nicht x, dann auch nicht das sehr schwer bestreitbare y ( wobei ”schwer bestreitbar” heißen soll: ”Außerhalb des philosophischen Seminars wird das keiner bestreiten.” Kuhlmann, W. 1987: 105

<sup>191</sup> Ibid.

<sup>192</sup> Jmf. *modus ponens*-slutningsforma. Kap 1. (punkt 1.1)



meningsfull måte, fordi skeptikaren ikkje kan uttrykke sin skepsis, eller sin kritikk, utan å aktualisere innhaldet i den transcendentale underpremissen.<sup>193</sup>

### 3.2.2 Strengt refleksiv argumentasjon som *ikkje-teoriavhengig* transcendentalargumentasjon

Skiljet mellom refleksiv og deduktiv transcendental argumentasjon fangar inn noko av det som Apel meiner særmerker den strengt refleksive transcendentale argumentasjonen som kan gje sistegrunniving. Men i likskap med Böhler meiner eg at vi kan finne fleire nivå av refleksivitet i Apels transcendentale refleksjon og argumentasjon.<sup>194</sup> Først når den transcendentale argumentasjonen ikkje byggjer på språkimpregnerte og teoriimpregnerte og dermed fallible deduktive premissar i det heile, dvs. først når dei transcendentale premissane i den refleksjonen kan etablerast *strengt* refleksivt, eller reint kritisk refleksivt, og dermed ”ikkje-teoriavhengig”, kan vi ifølgje Apel snakke om ein transcendental refleksjon og argumentasjon som kan gje sistegrunniving.<sup>195</sup>

Å benekte eller å betvile den transcendentale underpremissen i eit strengt refleksivt transcendentalpragmatisk argument er ifølgje Apel umulig. Grunnen er at den transcendentale underpremissen her er *muligheita for aktuell meningsfull argumentasjon*, og at alle forsøk på å benekte eller å betvile at aktuell meningsfull argumentasjon er mulig, (y), nødvendigvis må ta form av aktuell meningsfull argumentasjon (y). Apel meiner som vi har sett at ei *performativ* form for *absurditet*, det Apel kallar *performativ sjølvmotseiing*, oppstår i forsøk på å benekte og å betvile aktuell meningsfull argumentasjon.<sup>196</sup> Ifølgje Apel kan den transcendentale underpremissen i strengt refleksive transcendentale argument altså etablerast gjennom ei spesiell form for *performativ reductio ad absurdum*-argumentasjon som Apel kallar den *performative sjølvmotseiingstesten* (”der Test der Nichtbestreitbarkeit ohne performativen Selbstwiderspruch”)<sup>197</sup>. Den performative sjølvmotseiingstesten er ifølgje Apel sterkare enn andre typar *reductio ad absurdum*-argumentasjon. Det er avgjerande at denne testen er refleksiv på den måten at den får skeptikaren til innsjå at han benektar noko som han sjølv aktualiserer. Men det er også heilt avgjerande for

---

<sup>193</sup> Som vi ser opererer Apel og Kuhlmann med eit vidare omgrep om meningsløyse enn semantisk meningsløyse.

<sup>194</sup> Böhler, D. 2003; 19f. Jmf. kap 2 (punkt 2.2.2).

<sup>195</sup> Kuhlmann deler denne oppfattinga. Jmf. Kuhlmann, W. 1985

<sup>196</sup> Apel, K.-O. 1998:160

<sup>197</sup> Apel, K.-O. 1998: 67

Apel at det skeptikaren aktualiserer ikkje er visse proposisjonale premissar som kan først attende til visse teoriar, men skeptikarens *immanente* eller *performative* talehandlingskunnskap, som ifølgje Apel ikkje er teoriimpregnert.<sup>198</sup> Nettopp det at den performative sjølvmotseiingstesten reflektivt går attende til noko som ikkje er teoriimpregnert, gjer ifølgje Apel at denne påvisinga av absurditet ikkje er kritisierbar slik andre *reductio ad absurdum*-argument er.<sup>199</sup>

Det er ikkje berre muligheita for aktuell meiningsfull argumentasjon som let seg etablere gjennom den performative sjølvmotseiingstesten. Det er ifølgje Apel også mulig å vise at det er ein nødvendig samanheng mellom aktuell meiningsfull argumentasjon og visse pragmatiske prinsipp, idéar eller normer: Dersom aktuell meiningsfull argumentasjon er mulig (y), så må også visse prinsipp, idéar eller normer vere mulige og gyldige (x). Ein nødvendig samanheng kan ikkje identifiserast på ein sikker måte ved å rekonstruere meiningsfull argumentasjon teoretisk. Men den kan identifiserast på ein sikker måte ved å vise at ein talar viklar seg inn i ei performativ sjølvmotseiing dersom talaren med ein påstand benektar eller betvilar visse pragmatiske prinsipp, idéar, eller normer som *de facto* er nødvendige, eller metodisk uunngåelege, for meiningsfull argumentasjon.<sup>200</sup> Eg tolkar dermed form, innhald og metode for å etablere premissane i Apels strengt refleksive transcendentale argumentasjon på følgjande måte:

- (1) Apels transcendentale hovudpremiss: Visse prinsipp, idéar eller normer (x)<sup>201</sup> er nødvendige føresetnader for aktuell meiningsfull argumentasjon (y). Dette kan vi etablere gjennom den performative sjølvmotseiingstesten.<sup>202</sup>
- (2) Apels transcendentale underpremiss: Aktuell meiningsfull argumentasjon er mulig. Dette kan vi etablere gjennom den performative sjølvmotseiingstesten.

---

<sup>198</sup>Vår talehandlingskunnskap er til ei viss grad språkimpregnert. Den er ein språkleg intersubjektiv kommunikativ kompetanse, men ifølgje Apel treng vi ikkje å ha proposisjonale kunnskap (i form av ein teori) om talehandlingar for å ha immanent eller performativ talehandlingskunnskap, eller for å vere kompetente språkbrukarar. Jmf. Apel, K.-O. 1998: 147

<sup>199</sup> I første kapitlet valde eg å referere til den strengt refleksive typen transcendentale argumentasjon hjå Apel som "*ikkje-teoriavhengig*, kritisk transcendentalepragmatisk argumentasjon" for å få fram nettopp dette. Det avgjerande er at premissane i slike transcendentale argument kan etablerast gjennom ei form for *reductio ad absurdum*-argumentasjon som, ifølgje Apel, *ikkje* er avhengig av eit teoretisk bakteppe, slik andre former for *reductio ad absurdum*-argumentasjon er. Jmf. også kap. 2(punkt 2.2.3)

<sup>200</sup> Dvs. argumentasjonsføresetnadane, dei transcendentalepragmatiske føresetnadane eller dei reglane, prinsippa, normene, og idéane som utgjer den intersubjektive argumentasjons- eller kommunikasjonssituasjonen.

<sup>201</sup> Eit eksempel på slike transcendentale kandidatane er idéen om den ultimate konsensusen.

<sup>202</sup> Dette skjer ved at påstandar som benektar desse prinsippa, idéane eller normene vert identifiserte som performative sjølvmotseiingar. Dette må prøvast ut i aktuell argumentasjon for kvar av prinsippa, idéane eller normene (dei transcendentale kandidatane).

(3) Apels transcendentale tese: Dei prinsippa eller idéane som gjennom den performative sjølvmotseiingstesten er prova som metodisk uunngåelege for aktuell meiningsfull argumentasjon, der meiningsfull argumentasjon gjennom den performative sjølvmotseiingstesten i sin tur er prova som metodisk uunngåeleg for all meiningsfull filosofisk refleksjon, posisjonering, kritikk og tvil, er dermed prova som *transcendentalnødvendige prinsipp*. Desse prinsippa eller idéane er då prova som noko ein ikkje meiningsfullt kan betvile, benekte eller kritisere og ifølgje Apel er dei då sistegrunngitte.

### 3.2.3 Apels kriterium for sistegrunngitte påstandar

Apel bestemmer sistegrunngitte påstandar som påstandar som er *refleksivt evidente* og som påstandar som er "...Sätze, die keiner Begründung aus etwas anderem bedürfen, weil man sie nicht verstehen kann, ohne zu wissen dass sie wahr sind".<sup>203</sup> Ved nærare ettersyn trur eg det ville vere meir eksakt av Apel å seie at sistegrunngitte påstandar er refleksivt evidente oppfatningar og sjølvinnlysande sanne påstandar *fordi* dei kan etablerast gjennom strengt refleksiv, transcendental argumentasjon (ikkje-teoriavhengig, kritisk, transcendentalpragmatisk argumentasjon). Og den strengt refleksive transcendentale argumentasjonsforma hentar i sin tur si sikkerheit frå det at premissane i den transcendentale argumentasjonen kan identifiserast og sikrast gjennom den performative sjølvmotseiingstesten. Identifikasjonen av performative sjølvmotseiingar er så avgjerande for Apels sistegrunngivingsprosjekt at han også omtalar identifikasjonen av performative sjølvmotseiingar som eit seleksjonskriterium for sistegrunngitte argumentasjonsføresetnader:

"Als letzbegründet können diejenigen (Existential- und Regel-) Präsuppositionen der Argumentation gelten, die ohne performativen Selbstwiderspruch nicht bestritten und (eben deshalb) nicht ohne petitio principii nicht deduktiv begründet werden können."<sup>204</sup>

Apel omtalar også "das Kriterium des zu vermeidenden performativen Selbstwiderspruchs" som "direkter (selektiver) Aufweis letzbegründeter Aussagen der Philosophie".<sup>205</sup> I mi tolking har eg lagt vekt på at Apel nyttar den performative sjølvmotseiingstesten både for å etablere ein metodisk uunngåeleg relasjon mellom aktuell meiningsfull argumentasjon og visse pragmatiske prinsipp og at han nyttar denne testen til å etablere aktuell

<sup>203</sup> Apel, K.-O. 1998: 164 og Skjei, E. 2003: 149

<sup>204</sup> Apel, K.-O. 1987: 186

<sup>205</sup> Apel, K.-O. 1998: 163, min kursiv.



sjølvmotseiingstesten. Men det er ei rekke problem knytt til Apels performative sjølvmotseiingstest. Eit av problema er å forstå kva Apel i det heile meiner med ”performative sjølvmotseiingar”.

### 3.3.1 ”Performativ sjølvmotseiing” - ein uklar teknisk term

M. Kettner er ein av dei kritikarane som meiner det er vanskeleg å forstå kva Apel legg i den meiningskritiske diagnosen ”performativ sjølvmotseiing”. Kettner er i utgangspunktet positiv til den transcendentalpragmatiske tilnærminga, men kritisk til Apels upresise omgrepsbruk. Kettner skriv:

””Performativer Selbstwiderspruch” ist eine Wortschöpfung, die uns inzwischen ähnlich charakteristisch für diskurstheoretische Philosophien vorkommt wie die Schlüsselbegriffe ”Konsens” und ”Intersubjektivität”. Doch was dieser eigenwillige *terminus technicus* eigentlich meint, ist nicht so klar, wie es für einen theoretischen Schlüsselbegriff wünschenswert wäre - innerhalb der Transzendentalpragmatik nicht, außerhalb von ihr ohnehin nicht. Die Redeweisen vom ”performativen Selbstwiderspruch” (PSW), die sich im Werk von Apel finden, sind meines Erachtens gedanklich nicht einheitlich.”<sup>209</sup>

Når vi finles Apels tekstar finn vi rett nok ein del avgrensingar og presiseringar av kva Apel meiner med omgrepet ”performativ sjølvmotseiing”: Ei avgrensing som Apel gjer er å klargjere at det å påvise performative sjølvmotseiingar ikkje er det same som å påvise *formallogiske motseiingar* i formallogisk *reductio ad absurdum*-argumentasjon.<sup>210</sup> Ein logikar vil seie at eit formallogisk *reductio ad absurdum* argument har ei av følgjande to former: (1) ”dersom  $\neg p$ , så (q og  $\neg q$ ), altså p”, eller, (2) ”dersom  $\neg p$ , så p, altså p”.<sup>211</sup> Men Apel meiner at hans strengt refleksive argumentasjon ikkje kan reduserast til eit argument på denne forma.

For det andre skil Apel mellom sin strengt refleksive transcendentale argumentasjon og den såkalla ”Elenchos-argumentasjonen” til Aristoteles i *Metafysikken*.<sup>212</sup> Aristoteles’ argumentasjon har tilsynelatande store likskapar med Apels argumentasjon, og fleire kritikarar avviser Apels argumentasjon med same type argument som dei avviser Aristoteles’ Elenchos-argumentasjon.<sup>213</sup> I likskap med Apels argumentasjon tek Aristoteles Elenchos-argumentasjon form av indirekte prov

---

<sup>209</sup> Kettner, M. 1993: 187

<sup>210</sup> Apel, K.-O. 1998: 165f

<sup>211</sup> Skjei, E. 2003: 160. Skjei viser til Gullvåg som meiner at argumentform (1) er forma til eit *reductio ad absurdum*-argument, medan argumentform (2) er forma til eit indirekte bevis-argument. Gullvåg, I. 1990: 173.

<sup>212</sup> Apel, K.-O. 1998: 172ff. Jmf. Aristoteles, *Metafysikken*: 1005b rad 35 til 1006b rad 28, bok 4.

<sup>213</sup> Sjå til dømes Grundmann, T. 1992

fordi den tilbakeviser motargumentasjon som meningsstom. Men Apel meiner at Aristoteles' argumentasjon forutset at to prinsipp har aksiomatisk status: kontradiksjonsprinsippet og prinsippet om det ekskluderte tredje.<sup>214</sup> Elenchos-argumentasjon kan ikkje gje sistegrunniving, meiner Apel, fordi dei to aksioma som Aristoteles' argumentasjon byggjer på er formallogiske prinsipp som ikkje kan sistegrunnigis.<sup>215</sup> Apel meiner at hans eigen argumentasjon ikkje gjer seg avhengig av formallogiske og ikkje-sistegrunnigvare prinsipp på same måten.

På vegner av Apel forsøker Kettner å skilje mellom det som rettmessig kan kallast performative sjølvmotseiingar og det Kettner kallar "austinske feilslag" som er ulike måtar ei forsøkt talehandling kan mislukkast på ifølgje J.L.Austins talehandlingsteori. På basis av Austin skil Kettner mellom "Fehler der Undeutlichkeit [...] Unbestimmtheit, [...] falschen Aufnahme, [...] leeren Berufung, [...] Fehlapplikation, [...] Invalidierung, [...] Unvollständigkeit, [...] Selbstengagementfehler [und] Selbstbindungsfehler".<sup>216</sup> Ingen av desse Austinske feilslaga tilsvare det Apel meiner med performative sjølvmotseiingar. Men denne typen Austinske feilslag vil, på grunn av Austins vektlegging av talehandlinga i motsetnad til berre det proposisjonale innhaldet i talehandlinga, ligge nærare det Apel meiner med performative sjølvmotseiingane; "Pragmatisch dechiffriert sind es ja nicht Aussagen an sich selbst, die sich widersprechen, sondern in jemandes Behauptungen gemachte Aussagen."<sup>217</sup>

Det som kjenneteiknar det Apel meiner med performative sjølvmotseiingar er ifølgje Kettner ein slags mangel på merksemd. Kettner omtaler dette som ei form for sjølvgløymse. Apel sjølv omtaler det som ei "Logosvergessenheit",<sup>218</sup> og som utslag av "refleksiv deficit" i forhold til seg sjølv som talande, eller i forhold til det som ein ikkje rasjonelt kan gå bak i aktuell argumentasjon og tenking. Kva er det ein ikkje rasjonelt kan gå bak, og som dermed må sjåast som sistegrunnigitt? Apel meiner at det som vi ikkje rasjonelt kan gå bak ikkje er visse "tidlause påstandar", men ein "situasjon": Det er den argumentative eller hermeneutiske situasjonen som skapast ved at nokon hevdar noko, betvilar noko, eller benektar noko. Det som kan sistegrunnigis er visse filosofiske utsegner om den argumentasjonssituasjonen, eller

---

<sup>214</sup> Apel, K.-O. 1998: 177. Kontradiksjonsprinsippet tilhøyrer utsagnslogikken og seier at ingen utsegner kan vere både sanne og falske. Prinsippet om det ekskluderte tredje seier at alle utsegner anten er sanne eller falske.

<sup>215</sup> Apel, K.-O. 1987: 186f

<sup>216</sup> Kettner, M. 1993: 195, fotnote 9.

<sup>217</sup> Kettner, M. 1993: 191, fotnote 3.

<sup>218</sup> Apel, K.-O. 1998: 19. Jmf. Heideggers tanke om "Seinsvergessenheit".

den pragmatisk-hermeneutiske konteksten, som aktuelle meningsfulle utsegner kan eksistere i.<sup>219</sup> Apels form for *reductio ad absurdum*-argumentasjon (den performative sjølvmotseiingstesten) er diskursinherent. Den er berre mulig å gjennomføre dersom nokon seier noko i det heile og dermed trer inn i og stadfestar den argumentative situasjonen.<sup>220</sup> Sistegrunngiving gjennom strengt reflektiv argumentasjon er ikkje mulig dersom skeptikaren er taus, eller ”forholder seg som ei plante”, slik Aristoteles formulerer det i *Metafysikken*.<sup>221</sup>

Kjenneteiknande for performative sjølvmotseiingar er også at dei ikkje opptre i forhold til alle typar utsegner. Performativ sjølvmotseiing er ei form for performativ meningsløyse som berre kan oppstå når ein talar forsøker å kome med ei filosofisk og universelt gyldig utsegn<sup>222</sup>:

”Nur unter der Bedingung, dass die jeweilige Ausgangsäußerung als Beitrag zum strikt reflexiven und strikt universalistischen argumentativen Diskurs (der Philosophie) gemeint wird, ist jene pointierende Interpretation unmöglicherweise unberechtigt, nämlich *nicht* banal und *nicht* reduktionistisch. Andernfalls wird sie möglicherweise als pointenverwechselnde, also gewaltsame Interpretation erscheinen.”<sup>223</sup>

På basis av dette postulerer Apel ein *transcendental differens* mellom det filosofiske språkspelet ”...in dem über alle Sprachspiele mit universellem Geltungsanspruch geredet werden kann”, og alle språkspel som vi kan skildre.<sup>224</sup> Medan alle vanlege empiriske påstandar innan eit språkspel har, eller bør ha, eit fallibilistisk atterhald, så kan ein ifølgje Apel vise at dette fallibilistiske atterhaldet ikkje meningsfullt let seg oppretthalde på det yttarste tilgjengelige metanivået av refleksjon over refleksjonen, eller på det yttarste metanivået av argumentasjon over argumentasjonen.<sup>225</sup> Den sikkerheita vi kan ha i forhold til det språkspelet, eller dei filosofiske påstandane, som seier noko om alle andre språkspel er ifølgje Apel ei spesiell form for sikkerheit. Denne typen sikkerheit må ikkje forvekslast med den prerefleksive og ikkje-sistegrunngitte sikkerheita vi har i forhold til våre egne overtydingar og gyldigheitskrav. På det øvste og

---

<sup>219</sup> Kettner, M. 1993: 199

<sup>220</sup> Apel, K.-O. 1998: 171

<sup>221</sup> Aristoteles, *Metafysikken*, avsnitt 1005b, rad 35 i fjerde boka avsnitt 1005b, rad 35 i fjerde boka.

<sup>222</sup> Jmf. punkt 3.3.4. ovanfor.

<sup>223</sup> Kettner, M.1993: 196, fotnote 10

<sup>224</sup> Apel, K.-O. 1998: 155

<sup>225</sup> Når ein snakkar om tenker ein på refleksjon som det er umulig å reflektere over. Men Apel meiner at det ytterste metaspråket alltid er det naturlege språket, og dermed er det ytterste metaspråket ei ”Selbstaufstufung” av det naturlege språket (som opnar for slik sjølvrefleksjon på grunn av sin performativ-proposisjonale, sjølvrefererande dobbeltstruktur.) Jmf. Apel, K.-O. 1998: 598

transcendentalpragmatiske nivået av filosofisk refleksjon kan vi gjennom strengt refleksiv transcendental argumentasjon (der premissane er sikra gjennom den performative sjølvmotseiingstesten) kome fram til refleksivt evidente og sistegrunngitte påstandar: Dvs. vi kan kome fram til påstandar som vi *med absolutt sikkerheit kan vite er sanne*, fordi dei ikkje let seg benekte eller betvile utan performativ sjølvmotseiing (performativ absurditet eller performativ meiningsløyse). Apel hevdar altså at det berre er *filosofiske påstandar om dei prinsippa eller idéane som utgjer argumentasjonens og kognisjonenens muligheitsføresetnader som kan sistegrunngis*. Empiriske påstandar om vanlege forhold i verda er derimot alltid fallible, eller alltid opne for meiningsfull kritikk.<sup>226</sup>

Utifrå denne typen avgrensingar mot andre former for argumentativ meiningsløyse, og avgrensingar mot formallogiske sjølvmotseiingar, foreslår Kettner ein taksonomi for det som ut frå Apels tekstar med rette kan kallast performative sjølvmotseiingar:

*Dialoginhärent notwendige Existenzvoraussetzungen:*

PSW1 (*Existenz des Sprechers*) "Ich behaupte hiermit, daß ich nicht existiere."

PSW2 (*Existenz der Adressaten*) "Ich behaupte hiermit gegen dich, daß du nicht existierst."

*Diskursinhärente Geltungsansprüche:*

PSW3 (*Sinngeltungsanspruch*) "Ich behaupte mit Verständlichkeitsanspruch, daß ich keinen Verständlichkeitsanspruch habe."

PSW4 (*Wahrheitsanspruch*) "ich behaupte als wahr, daß ich keinen Wahrheitsanspruch habe."

*Diskursinhärente interpersonelle Beziehungen:*

PSW5 (*Gleichberechtigung*) "Ich behaupte, ich brauche die Gleichberechtigung aller denkbaren Argumentationspartner prinzipiell nicht anzuerkennen"

PSW6 (*Freie Akzeptierbarkeit*) "Ich behaupte hiermit als intersubjektiv gültig (als durch jeden Diskurspartner frei akzeptierbar), daß ich die Norm der freien Akzeptierbarkeit von Behauptungen nicht anzuerkennen brauche."

PSW7 (*Gewaltfreiheit*) "Ich behaupte. Aller Sprachgebrauch- auch die Argumentation- ist nichts als eine Machtpraktik."

*Diskursinhärente Ziele:*

PSW8 (*Konsensbildung*) "ich vertrete als konsensfähig den Vorschlag, daß wir prinzipiell das Diskursziel des Konsenses durch das des Dissenses ersetzen sollten."<sup>227</sup>

Kettner skil her mellom eksistensføresetnadene for argumentasjonssituasjonen, og mellom dei naudsynte gyldigheitskrava og dei naudsynte relasjonane til andre i kommunikasjonsfellesskapet som føresetnader for den argumentasjonssituasjonen som ein ikkje rasjonelt kan kome bak (som ein ikkje kan benekte eller betvile i eit filosofisk argument utan å vikle seg inn i ei performativ sjølvmotseiing).

---

<sup>226</sup> Apel, K.-O. 1998: 156ff

<sup>227</sup> Kettner, M. 1993: 196f, fotnote 10



### 3.3.2 "Performativ sjølvmotseiing" - ei problematisk diagnose

Eg meiner at diagnosen "performativ sjølvmotseiing" er upresis og problematisk, sjølv med den type avgrensing og presisering som Kettner gir. Eit presist omgrep om performativ sjølvmotseiing må gi klare kriterium for når performativ sjølvmotseiing ligg føre. Men det er ikkje klart om det kan finnast påstandar som vert identifiserte som performative sjølvmotseiingar i Apels performative sjølvmotseiingstest, men som likevel ikkje identifiserer transcendentalpragmatiske føresetnader. Det er heller ikkje klart om det kan finnast filosofiske påstandar som ikkje kan identifiserast i den performative sjølvmotseiingstesten, men som likevel omtalar det Apel vil kalle transcendentalnødvendige pragmatiske føresetnader.<sup>228</sup>

Når vi går ned på eit slikt detaljnivå, er det ikkje lenger råd å finne klare svar hjå Apel. Kuhlmann har derimot gått meir systematisk til verks i forhold til denne typen innvendingar, og som resultat av dette skil Kuhlmann mellom *openberre* og *ikkje-openberre performative sjølvmotseiingar*.<sup>229</sup> Dette omgrepslege skiljet har sin bakgrunn i Kuhlmanns skilje mellom tre nivå av immanent kommunikativ handlingskunnskap, eller tre nivå av transcendentalpragmatiske føresetnader for meningsfulle argument:

1) Det første nivået, overflatenivået, av handlingskunnskapen vår definerer Kuhlmann slik:

"[Das ist Handlungswissen], das vor aller Wissenschaft, vor allem Einsatz rekonstruktiver Bemühungen, schon in Know-that transformiert ist (Wissen z.B. von den Handlungstypen, die man als Argumentierende ins Spiel bringt, also Behauptungen, Kritik, Fragen, ferner Wissen von dem was man erreichen will, von den Zielen; daß man z.B. etwas widerlegen, stützen, prüfen will, etc.)"<sup>230</sup>

På overflatenivået av handlingskunnskap er den performative sjølvmotseiingstesten altså stengt tatt overflødig sidan vi allereie har ein medviten tilgang til denne handlingskunnskapen i form av språklege proporsjonale førestillingar.

---

<sup>228</sup> For ein diskusjon av dette sjå Skjei, E. 2003: 171-181

<sup>229</sup> Kuhlmann, W. 1992a: 280 , Skjei, E. 2003: 184

<sup>230</sup> Kuhlmann, W.1992a: 280

2) Kuhlmann definerer så det andre nivået av handlingskunnskap:

”Das ist Handlungswissen, das mit mehr oder weniger Aufwand durchaus an vorwissenschaftlicher mæeutischer Geschicklichkeit in Know-that transformiert werden kann, was dann zu der Wiedererinnerungseffekten führt. Beispiele für dieses Wissen sind etwa das Wissen vom Widerspruchsprinzip oder von der Unterstellung einer idealen Kommunikationsgemeinschaft im Diskurs.”<sup>231</sup>

Det er berre denne typen immanent handlingskunnskap som er mulig å gjenkjenne og identifisere ved at utsegner som benektar denne typen immanent handlingskunnskap vert identifiserte som openberre performative sjølvmotseiingar.

3) Det tredje og djupaste nivået av handlingskunnskap omtalar Kuhlmann som ein type kunnskap som

”...nur über aufwendige wissenschaftliche Veranstaltungen explizit gemacht, in Know-that transformiert werden kann und bei dem die Transformation keine Wiedererinnerungs - oder Anamneseeffekte provoziert (Beispiel: Wissen von tiefliegenden grammatischen Regeln à la Chomsky).“<sup>232</sup>

Det tredje og djupaste nivået av immanent handlingskunnskap ligg altså utanfor det vi kan fange inn med den performative sjølvmotseiingstesten.

Ifølgje Kuhlmanns skilje mellom ulike nivå av handlingskunnskap har den performative sjølvmotseiingstesten eit avgrensa applikasjonsområde. Vi ser at testen berre er eigna til å avdekke mellomnivået av vår kommunikative handlingskunnskap. Testen kan ikkje avdekke vår djupaste kommunikative handlingskunnskap, eller dei mest fundamentale transcendentalpragmatiske føresetnadene våre.

Eg er ikkje viss på om Apel vil seie seg samd i Kuhlmanns skilje mellom desse tre ulike nivåa av handlingskunnskap, eller i Kuhlmanns påstand om at det djupaste nivået ikkje er tilgjengeleg for identifikasjon gjennom den performative sjølvmotseiingstesten. Grunnen er at Apel til dømes seier at den regulative idéen om den ultimate konsensusen er del av vår pragmatiske djup-grammatikk og at denne regulative idéens transcendentalnødvendige status er mulig å identifisere gjennom den performative sjølvmotseiingstesten.<sup>233</sup> Men som sagt er det vanskeleg å konkludere

---

<sup>231</sup> Ibid.

<sup>232</sup> Apel, K.-O. 2003: 190f

<sup>233</sup> Den transcendentalnødvendige statusen vert anten etablert gjennom den performative sjølvmotseiingstesten, eller gjennom eit strengt refleksivt transcendental argument som involverer bruk av den performative sjølvmotseiingstesten i to omgangar. Jmf. dei to mulige tolkingane av dette i punkt 3.3.3 ovanfor.

noko sikkert om kva Apel meiner her sidan Apel diskuterer dette på ein så fragmentert og lite detaljert måte. Eg trur likevel Kuhlmann har fått fram ei viktig sontring og at han har vist at det ikkje er klare grenser for kva del av vår immanente handlingskunnskap som kan gjerast eksplisitt gjennom ein performativ sjølvmotseiingstest.

Den performative sjølvmotseiingstesten er ingen streng transcendentallogisk test. Ifølgje Kuhlmann er den eit dialogisk reiskap som krev *maieutisk* klokskap, noko som mellom anna inneberer det å kunne stille adekvate og fruktbare spørsmål.<sup>234</sup> Når ei slik grad av skjønn spelar inn i den performative sjølvmotseiingstesten er det vanskeleg å sjå korleis den strengt refleksive refleksjonen og argumentasjonen som består av, eller som i alle fall er avhengig av<sup>235</sup>, den performative sjølvmotseiingstesten, kan vere eigna til å sistegrungi filosofiske utsegner i det heile.<sup>236</sup> Eit poeng som går att hjå fleire kritikarar av Apel er då også at diagnosen ”performativ sjølvmotseiing” meningsfullt kan betvilast i ei rekke tilfelle. Denne kritikken av Apel avviser ikkje nødvendigvis Apels grunntanke som seier at det finst transcendentaligne føresetnader for kritikk og tvil, men den avviser at Apels transformerte transcendentalfilosofiske metode er i stand til å identifisere slike transcendentaligne føresetnader på ein absolutt sikker, *infallibel* (ikkjekritiserbar) måte.

G. Keil er ein av dei som er kritiske til at Apel presenterer diagnosen performativ sjølvmotseiing som ein *infallibel* identifisering av ein refleksivt sistegrungitt påstand:

”Es ist [...] eines, darauf hinzuweisen, *daß* es in jedem Sprachspiel Grenzen sinnvollen Zweifels gibt, ein anderes, a priori darüber verfügen zu wollen, welche es sind. An irgendeiner Stelle biegt sich der Spaten zurück, doch ob das Harte jeweils schon der Fels ist, darüber können die Grabenden mit Gründe streiten.”<sup>237</sup>

Keils poeng er at argumentet om at ei performativ sjølvmotseiing har funne stad, ikkje nødvendigvis er slutten på ein rasjonell filosofisk diskusjon. Det er til dømes mulig å ha gode grunnar for å hevde at ei performativ sjølvmotseiing ikkje har funne stad, eller å ha gode grunnar for å betvile statusen og meininga til sjølve diagnosen ”performative sjølvmotseiingar”.

---

<sup>234</sup> Kuhlmann, W. 1993: 232f. Sjå også Apel, K.-O. 1998: 173ff

<sup>235</sup> Jmf. dei to mulige tolkingane av relasjonen mellom strengt refleksiv argumentasjon og den performative sjølvmotseiingstesten ovanfor (punkt 3.2.3.).

<sup>236</sup> Jmf. Skjei, E. 2003: 186

<sup>237</sup> Keil, G. 2003: 81f

### 3.3.3 Kan vi ha ein infallibel tilgang til den immanente handlingskunnskapen?

Apels forsøk på strengt reflektiv sistegrunding byggjer på tanken om at ein *ikkje-teoriavhengig* tilgang til den infallible performative talehandlingskunnskapen vår er mulig. Apel meiner at eikvar form for *teoretisk refleksjon* over (*teoretisk rekonstruksjon* av) vår performative talehandlingskunnskapskap skaper ei kløft mellom det tematiserte og det tematiseringa gjer nytte av: Ei teoretisk tematisering av handlingskunnskapen må nytte seg av eit visst historisk og kulturelt kontingent språk eller teikn-system, og dessutan nytte ulike deduktive og fallible slutningar. Dette gjer at eikvar teoretisk tematisering av den performative handlingskunnskapen vert fallibel eller open for meiningsfull kritikk og for krav om vidare grunding.<sup>238</sup>

Den performative sjølvmotseiingstesten er Apels forsøk på å tematisere den immanente performative handlingskunnskapen vår på ein måte som ikkje er teoriavhengig. I den performative sjølvmotseiingstesten vert det tematiserte (handlingskunnskapen) og metoden for tematiseringa (bruken av talehandlingskunnskapen) ifølgje Apel ”plassert på same nivå”. Apel meiner at den performative sjølvmotseiingstesten på denne måten gir eit slags *indeksikalsk møte* med den performative handlingskunnskapen, dvs. med dei transcendentalpragmatiske føresetnadene for meiningsfull argumentasjon.<sup>239</sup> Men kva tyder det at den performative sjølvmotseiingstesten kan gje eit indeksikalsk møte med dei transcendentalpragmatiske føresetnadene?

Kuhlmann spesifiserer innhaldet i den performative sjølvmotseiingstesten på ein klarare måte enn Apel gjer. Han seier at den performative sjølvmotseiingstesten fungerer ved at ein reflekterer over sistegrundingskriteriet (prinsippet om at ein må unngå performativ sjølvmotseiing) på same tid som ein reflekterer over den aktuelle filosofiske påstanden som skal testast. Gjennom denne ”samanhaldande refleksjonen” vert det gjort *evident* at den aktuelle filosofiske påstanden ikkje kan nektast for eller tvilast på utan performativ sjølvmotseiing.<sup>240</sup> Den type evidens som kjem fram i den performative sjølvmotseiingstesten er ikkje ein empirisk type evidens, den er det Apel

---

<sup>238</sup> Apel, K.-O. 1987: 173ff

<sup>239</sup> Dette indeksikalske møtet omtaler Apel somme stader som eit Periceansk ”firstness of thirdness”.  
Apel, K.-O. 1994: 196

<sup>240</sup> Kuhlmann, W. 1993: 231. Jmf. Apel, K.-O. 1998: 180

kallar ein *refleksiv evidens*<sup>241</sup>, dvs. ei form for evidens som er formidla gjennom refleksiv argumentasjon.<sup>242</sup>

Ei rekke kritikarar er skeptiske til Apels påstand om at vi kan ha ein ikkje-teoretisk og infallibel tilgang til den performative talehandlingskunnskapen vår. J.Habermas til dømes, godtek Apels tanke om "nichthintergehbare" argumentasjonsføresetnader, men argumenterer for at vi berre har tilgang til desse gjennom feilbarlege rekonstruksjonshypotesar og teoriar.<sup>243</sup> Ettersom vi ikkje har ein umiddelbar tilgang til argumentasjonsføresetnadene våre så må vi ifølgje Habermas alltid ha eit fallibilistisk tilhøve når det gjeld desse.<sup>244</sup> A.Berlich hevdar at i den grad ein kan snakke om *kunnskap* om argumentasjonsføresetnadene våre så vil det alltid vere snakk om ei *tolking* av dei. Med andre ord hevdar Berlich at dersom ein kan snakke om meningsfulle dommar om talehandlingskunnskapen så vil det måtte vere snakk om meningsfulle dommar som kan utgjere proposisjonale kunnskap ("know-that"), og proposisjonale kunnskap er alltid fallibel.<sup>245</sup>

Dersom vi går attende til den Peirce-inspirerte semiotikken som Apel sjølv byggjer på, så finn vi at denne peikar i same retning som Habermas' og Berlichs konklusjon: Ifølgje denne triadiske semiotikken er rein evidens ("firstness") ikkje tilstrekkeleg for å snakke om kunnskap eller erkjenning.<sup>246</sup> I den grad noko er noko bestemt og meningsfullt for oss står det alltid i ein irreduisible triadisk relasjon som også involverer intersubjektiv språkleg mening ("thirdness"), dvs intersubjektive begrep som er kontingente og som kan endre seg.<sup>247</sup> All erkjenning er med andre ord språkimpregnert og dermed prinsipielt fallibel og kritisierbar".<sup>248</sup> Utifrå desse semiotiske grunntankane til Apel ville det vere naturleg om Apel meinte at rein refleksiv evidens (som er ein slags "firstness og thirdness"<sup>249</sup>) heller ikkje kan vere erkjenning, med mindre den er tolka gjennom intersubjektive omgrep og/eller teoriar. Apel seier eksplisitt at alle faktiske forsøk på å tolke eller å *formulere* den performative handlingskunnskapen vår vil vere kritiserbare<sup>250</sup>, men han meiner altså

---

<sup>241</sup> Apel, K.-O. 1998: 180

<sup>242</sup> Jmf. Skjei, E. 2003: 197ff

<sup>243</sup> Habermas, J. 2003: 64

<sup>244</sup> Habermas, J. 1991: 195

<sup>245</sup> Berlich, A.1982: 270ff

<sup>246</sup> Jmf. Apel, K.-O. 1994: 113

<sup>247</sup> Ibid.

<sup>248</sup> Apel, K.-O. 1998:147

<sup>249</sup> Apel, K.-O. 1994: 196, Jmf. Peirce, C.S. 1958: 5.198ff og 5.209-211.

<sup>250</sup> Apel, K.-O. 1998: 147

at vi gjennom den performative sjølvmotseiingstesten kan få ein direkte refleksiv evidens av denne talehandlingskunnskapen som vi kan nytte til å grunngi visse påstandar. Apel ser dermed ut til å meine at den refleksive evidensen ("firstness of thirdness") i den performative sjølvmotseiingstesten i seg sjølv utgjer ei form for erkjenning, og at denne erkjenninga er infallibel. Eg ser ikkje korleis Apel koherent kan hevde dette. Eg ser det slik at Apel her anten må gi opp sin eigen triadiske semiotikk, eller avstå frå å hevde at ein kan ha ein *infallibel* tilgang til eins performative handlingskunnskap.

### 3.3.4 Er den immanente handlingskunnskapen infallibel (og dermed "sann")?

Det er ikkje berre Apels påstand om at vi kan ha ein *ikkje-teoriavhengig* og *infallibel* tilgang til vår eigen talehandlingskunnskap som har vore gjenstand for kritikk. Apels påstand om at den *performative talehandlingskunnskapen er infallibel* er også ein kontroversiell filosofisk påstand. For kva tyder det eigentleg når Apel seier at den performative talehandlingskunnskapen er infallibel? Med dette meiner Apel at talehandlingskunnskapen ikkje er noko som kjem i tillegg til talehandlinga, og den er dermed ikkje noko deskriptivt eller rekonstruktivt og fallibelt.<sup>251</sup> Talehandlingskunnskapen *konstituerer* det saksforholdet som den på same tid artikulterer, og sidan talehandlingskunnskapen har denne konstitutive funksjonen så kan den stå som garantist for si eiga sanning.<sup>252</sup> Apel hevdar her i røynda at ein talar veit ufeilbarleg, ikkje berre *at* talaren har utført ei talehandling, men også *kva* talehandling talaren har utført, *idet* talaren utfører den.<sup>253</sup>

Keil er ein av dei kritikarane som set spørsmålsteikn ved denne måten å forstå talehandlingar på:

"Die Rede von einen "performativen Handlungswissen", das durch seine "hiermit" oder "indem"-Struktur gekennzeichnet wird, birgt die Gefahr, daß über den fallibilistischen Vorbehalt semantisch präjudiziert wird. Insofern ein solches Wissen von vornherein als *handlungsbegleitendes* Wissen aufgefaßt wird, ist die Frage, ob die entsprechende Handlung stattgefunden hat, nicht mehr offen."<sup>254</sup>

Det verkar svært urimeleg å seie at spørsmålet om ei talehandling verkeleg har funne

---

<sup>251</sup> Jmf. Berlich, A. 1982: 272, Reese-Schäfer, W. 1993: 47ff og Skjei, E. 2003: 223-231

<sup>252</sup> Jmf. Kuhlmann, W. 1985: 118f

<sup>253</sup> Kuhlmann, W. 1993: 228

<sup>254</sup> Keil, G. 1999: 218

stad, eller om talaren lukkast i ei talehandling, ikkje i det heile kan vere ope for ein rasjonell filosofisk diskusjon. Det ser også ut som Apel sjølv gjer seg avhengig av muligheita for å kunne hevde at ei talehandling ikkje reelt sett har funne stad: Den performative sjølvmotseiingstesten består jo nettopp i å vise den universelle skeptikaren at han i realiteten ikkje utfører ei meningsfull argumentativ talehandling slik han sjølv trur. Apels grunntese om at talehandlingskunnskapen vår er infallibel kan altså berre hevdast av Apel sjølv i ei sterkt modifisert form.<sup>255</sup>

### 3.3.5 ”Blargumentasjonssituasjonar” og ”argumentet om ei anna mulig fornuft”

Apels strengt refleksive transcendentale argumentasjon fungerer ved at skeptikaren vert minna på sin eigen talehandlingskunnskap, eller på det han alltid allereie må forutsette performativt i sin eigen aktuelle argumentasjon og refleksjon. I det skeptikaren oppdagar sin mangel på refleksjon i forhold til eigen talehandlingskunnskap, vil han ifølgje Apel sjå at han viklar seg inn i ei performativ sjølvmotseiing som gjer det skeptiske argumentet performativt absurd. Men ein skeptikar vil vanlegvis ikkje godta dette argumentet frå Apel. Skeptikaren kan til dømes velje å medgi at han viklar seg inn i det Apel kallar ei performativ sjølvmotseiing, men likevel insistere på at hans skeptiske argumentasjon er meningsfull. Dette fordi han meiner noko anna med (*meningsfull*) *argumentasjon* enn det Apel gjer: Skeptikaren kan argumentere for at han med *meningsfull argumentasjon* meiner noko som også inkluderer performative sjølvmotseiingar. I dette tilfellet har Apels transcendentale underpremiss, dvs. forutsetninga om, eller antispasjonen av, muligheita for aktuelle meningsfulle argument, ikkje lenger status av å vere eit filosofisk ukontroversielt utgangspunkt som Apel kan gå attende til berre ved å minne skeptikaren på hans ”sjølvgløymse”.<sup>256</sup> Kettner kallar denne typen argumentasjonssituasjonar, der det er ei usemje om kva argumentasjon i seg sjølv er, for ”Blargumentasjonssituasjonar”. Apel vil sjølvsagt meine at skeptikaren har, og *må* ha, same forståing av argumentasjon og dermed same intuitive regelkunnskap eller talehandlingskunnskap som han sjølv. Men det ser ut som Apel her berre kan

---

<sup>255</sup> Jmf. Skjei, E., 2003: 225. Skjei fører dette poenget attende til Audun Øfsti som fører det attende til Boris Rähme.

<sup>256</sup> Den transcendentale underpremissen i Apels transcendentale argument (y, meningsfull argumentasjon er mulig) ser ut til å vere ein ukontroversiell filosofisk premiss berre så lenge den er tilstrekkeleg upresist formulert til å kunne oppnå unison tilslutning. Ei kvar *spesifisering* av kva meningsfull argumentasjon er, og må vere, vil vere kontroversiell. Jmf. Huitfeld, C. 1984: 106

argumentere for dette ved å gå attende til sin semiotiske kognisjons- og meiningsteori, ein teori som vi sjølv sagt meiningsfullt kan betvile og meiningsfullt kritisere.

Ein historisk variant av denne typen innvending mot Apels sistegrunningsprosjekt vert kalla ”argumentet om ein annan mulig fornuft”.<sup>257</sup> Berlich er ein av dei som har møtt Apel med denne typen argument. Den intuitive regelkunnskapen er ein ”know-how”, seier Berlich, og som ”know-how” kan den endre seg.<sup>258</sup> Det kan vere, som Apel hevdar, at vi alle no per dags dato har den same intuitive talehandlingsregelkunnskapen og at det såleis finst *de facto* universelle føresetnader for talehandlingane våre. Men, argumenterer Berlich, det er mulig at denne intuitive regelkunnskapen vil kunne endre seg slik at omgrepa ”argumentasjon”, ”meining” og ”performativ sjølv motseiing” ikkje lenger tyder det same. Kritikarane som nyttar argumentet om ei anna mulig fornuft, nektar altså ikkje for at det kan finnast naudsynte føresetnader for *aktuell* argumentasjon. Denne typen kritikk avviser heller ikkje alltid at desse aktuelle argumentasjonsføresetnadene kan identifiserast i Apels performative sjølv motseiingstest. Det denne kritikken avviser er den *transcendentalnødvendige statusen* som Apel tillegg dei pragmatiske argumentasjonsføresetnadene, og denne avviser dei fordi det vi meiner med argumentasjon vil kunne endre seg.<sup>259</sup> Kritikken avviser dermed at dei argumentasjonsføresetnadene som Apel identifiserer gjennom sin strengt refleksive argumentasjon kan vere sistegrunnitte.

Sagt på ein annan måte:

”[B]estritten wird [...] der Anspruch der Transzendentalpragmatik, die Voraussetzungen eines *jeden möglichen* vernünftigen Argumentierens ein für allemal aufgewiesen zu haben.”<sup>260</sup>

Skeptikaren prøver ikkje her å førestille seg, eller å skildre, korleis ein slik annan type argumentasjon eller rasjonalitet vil vere, noko som opplagt er umulig. Det denne skeptikaren hevdar er at den *prinsipielle muligheita* for ei anna fornuft og ei anna

---

<sup>257</sup> Jmf. Keil, G. 2003: 66ff

<sup>258</sup> Berlich, A. 1982: 272

<sup>259</sup> Desse kritikarane ser ”transcendentalnødvendighet” som noko som er absolutt nødvendig, nærast i metafysisk forstand. Men det Apel forsøker å etablere som transcendentalnødvendig er noko som berre er ”nichthintergebart” for *rasjonelle* undersøkingar av verda, eller for *erkjenning* av verda. Apel nektar ikkje for at det er mulig å ha ei slags *erfaring* av verda (i form av rein evidens eller umediert ”firstness”) som ikkje gir erkjenning og som ikkje er rasjonell. I Apels versjon er transcendental(-pragmatisk)-nødvendighet ikkje noko som er nødvendig for *verda* eller ”objektiv varen”.

<sup>260</sup> ”Es handelt sich [...] um ein lockeres Ensemble von Argumenten, die eine fallibilistisch-historische Motivation und eine Tendenz zur Detranszendentalisierung gemeinsam haben.” Keil, G. 2003: 66



form for argumentasjon i seg sjølv er nok til å ta den transcendentale sistegrunningsbrodden av Apels argumentasjon. Denne typen kritikk har mellom anna kome frå Schnädelbach<sup>261</sup> og Wellmer<sup>262</sup> i ulike utformingar. Dette er tilsynelatande ein svært alvorleg kritikk av den viktigaste føresetnaden i Apels transcendentalfilosofiske tilnærming.<sup>263</sup>

### 3.3.6 Strengt reflektiv sistegrunding hamnar i Münchhausen-trilemmaet

Dei fleste som kritiserer Apels forsøk på sistegrunding har som utgangspunkt at sistegrunding ikkje er mulig i det heile. Mange av kritikarane forsøker difor å vise at Apels forsøk på sistegrunding i røynda resulterer i eit av dei tre uønska alternativa i Münchhausen-trilemmaet.<sup>264</sup>

Vi har til dømes sett på argumentet som seier at Apels reflektive sistegrunding endar opp med å forutsette det som skal provast.<sup>265</sup> Apel innrømmer at den transcendentalpragmatiske argumentasjonen er sirkulær, men hevdar at det her er snakk om ein hermeneutisk sjølvgrundingssirkel som er god og naudsynt, noko som kan provast i ein aktuell performativ sjølvmotseiingstest. Ifølgje Apel vil skeptikaren gjennom den performative sjølvmotseiingstesten oppdage at skeptikaren sjølv forutset visse prinsipp, idéar eller normer (til dømes den regulative idéen om den ultimate konsensusen), og at desse prinsippa, idéane eller normene er føresetnader for meningsfull kritikk som ikkje sjølv meningsfullt kan kritiserast. I staden for ein logisk sirkel er det ifølgje Apel snakk om ein god og nødvendig hermeneutisk sirkel. Skjei peikar på at ein universell skeptikar sjølv sagt ikkje vil godta dette argumentet frå Apel:

”Til dette vil skeptikeren kunne replisere: ”Det stridsspørsmålet mellom meg og deg (sistebegrunneren) består i , er jo bl.a. om (i) ”det som vi ikke kan unngå å forutsette for å tenke” er å anse som sistebegrunna. Da kan ikke du uten å forutsette det som du skal begrunne, vise til (i) for å gjendrive meg. Eller: Vi kan sies å være uenige om sjølbegrunnelseessirkelen er god i den fordra forstanden, og da hjelper det deg lite å appellere til denne sirkelen for å tilbakevise synet mitt. Å appellere til sjølbegrunnelseessirkelen er å avbryte begrunnelseessirkelen på et ikke-sistebegrunna punkt.”<sup>266</sup>

---

<sup>261</sup> Schnädelbach, H. 1982: 361ff

<sup>262</sup> Wellmer, A. 1986: 83

<sup>263</sup> Som Keil meiner eg at denne typen argumentasjon har visse meningskritiske problem. Jmf. Keil, G. 2003: 77ff. Eg kjem attende til dette i konklusjonen.

<sup>264</sup> Jmf. Albert, H. 1968: 15

<sup>265</sup> Sjå punkt 3.2. ovanfor.

<sup>266</sup> Skjei, E. 2003: 12

Dersom Apel skal kome vidare med den universelle skeptikaren her, må han vise til eit anna kriterium enn det som skeptikaren ”allerede anerkjenner eller forutsetter”<sup>267</sup>. Men då gjer Apel seg straks avhengig av deduktive slutningar av typen ”x fordi y” og grunngivingsregressen går vidare.

Nokre av kritikarane av Apels sistegrunningsforsøk forsøker å vise at Apels transcendentale argumentasjon i røynda resulterer i ei form for desisjonisme, dvs. i det tredje av dei uønska alternativa i Münchhausen-trilemmaet.<sup>268</sup> Dei argumenterer for at Apel når han gjennom den performative sjølvmotseiingstesten byggjer på refleksiv eller argumentativt formidla evidens, i røynda byggjer på refleksiv eller argumentativt formidla *intuisjon*.<sup>269</sup> Ifølgje Apel er appellen til intuisjonar eit ikkje-grunnlagt avbrot på grunngivingsprosedyren, men Apel viser ikkje sjølv kva som skil refleksiv evidens frå ei refleksivt eller argumentativt formidla form for intuisjon.<sup>270</sup> Det at Apel byggjer på ei gjenkjenning (refleksiv evidens) av at visse prinsipp, idéar, reglar eller normer alltid allereie er performativt forutsett eller anerkjende, er problematisk også på andre måtar: For korleis kan vi vite sikkert, eller sistegrunngi, at vi gjenkjenner rett?<sup>271</sup> Den argumentative grunngivingsregressen ser her ut til å fortsette.

W. Reese-Schäfer meiner at prinsippet om at ein må unngå performativ sjølvmotseiing for å argumentere meningsfullt har ein *aksiomatisk* status i Apels språk- og rasjonalitetsforståing:<sup>272</sup> Dette prinsippet er ikkje sjølv grunnlagt og dermed er Apels forsøk på sistegrunningsgiving i røynda ei form for desisjonisme (”Abbruch der Verfahrens”).<sup>273</sup> Eit effektivt skeptisk argument mot Apel treng ikkje å argumentere for at prinsippet om at ein må unngå performative sjølvmotseiingar er ugyldig. Ein skeptikar treng berre å hevde at ein ikkje kan sistegrunngi, eller vite absolutt sikkert, at alle rasjonelle, argumenterande eller tenkande vesen er forplikta på dette prinsippet. Og skeptikaren kan hevde at det å hevde dette kan sameinast med at skeptikaren sjølv faktisk seier noko bestemt. Dersom ingen påstandar kan sistegrunngis, så kan ein heller ikkje sistegrunngi at den universelle skeptikaren viklar seg inn i ei performativ sjølvmotseiing. Men dette kan sjølvsagt samanfalle med at den universelle

---

<sup>267</sup> Ibid.

<sup>268</sup> Albert, H. 1968: 14 og 187

<sup>269</sup> Skjei, E. 2003: 17

<sup>270</sup> Ibid.

<sup>271</sup> Skjei, E. 2003: 192

<sup>272</sup> Reese-Schäfer, W. 1993: 40f. Jmf. Apel som hevdar at kontradiksjonsprinsippet har ein aksiomatisk status i Aristoteles’ Elenchos-argumentasjon og som avviser Aristoteles argumentasjon på dette grunnlaget. Apel, K.-O. 1998: 171ff

<sup>273</sup> Jmf. Albert, H. 1968: 13

skeptikaren *de facto* viklar seg inn i ei performativ sjølvmotseiing og ikkje lukkast i å argumentere meiningsfullt.<sup>274</sup>

Reese-Schäfer meiner også at Apels transcendentale argumentasjon byggjer på ei *stillingstaking* for den diskursive rasjonaliteten: Apel hevdar at det finst tvingande grunnar for fornufta når han seier at vi alltid allereie har stadfesta rasjonaliteten når vi tenker over den, eller stiller spørsmål om den.<sup>275</sup> Reese-Schäfer ser denne appellen til eit heideggeriansk *apriorisk perfektum*, eller ”immer schon da”, som uttrykk for ein mytologisk eller metafysisk rest i Apel si tenking.<sup>276</sup>

”Genom sitt reflexiva tilvägagångssätt kastar Apel och Kuhlmann ljus över de nödvändiga argumentationsförutsättningar som man alltid redan måste ha accepterat, om man *önskar* argumentera på *allvar*. Ingen kan *åläggas* att argumentera. Man kan på sin höjd säga att den som inte önskar argumentera undandrar sig en *rationell* kraftmätning och alltså betar sig irrationellt. Men om man önskar vara rationell eller inte, det förblir ändå ett val. Att gå vidare på denna punkt är inte utan problem, eftersom en diskursrationalitet, som förs fram med mycket stränga apodiktiska [obestriddliga] giltighetsanspråk, alltid innehåller et tyst hot om att spärra in irrationalisterna på dårhuset.”<sup>277</sup>

### 3.3 Oppsummering

Apels strengt refleksive grunngeving er eit motsvar til universelt skeptiske argument og eit motsvar til Alberts formulering av sistegrunngivingsproblemet i filosofien. Apel vil gå vekk frå å tenke på grunngeving utelukkande som deduksjon frå aksiom. Grunngeving kan også ta form av meiningskritisk og sjølvrefleksiv argumentasjon, og med eit slikt utvida grunngevingsomgrep er det råd å snakke om filosofisk sistegrunngiving, hevdar Apel. Vi har sett at den performative sjølvmotseiingstesten er heilt sentral for Apels forsøk på å gi filosofisk sistegrunngiving gjennom strengt reflektiv transcendental argumentasjon. Men vi har også sett at filosofar som H.Albert, A.Berlich, A.Wellmer, og J.Habermas stiller seg sterkt kritisk til diagnosen ”performativ sjølvmotseiing”.

Diskusjonen mellom Apel og hans kritikarar om innhaldet, funksjonen og verdien av den performative sjølvmotseiingstesten er heilt sentral også i diskusjonen om Apels sanningskonsepsjon. I siste kapittelet og i konklusjonen kjem eg attende til fleire av dei argumenta som vi her har sett på i kontekst av diskusjonen om verdien av

---

<sup>274</sup> Skjei, E. 2003: 13

<sup>275</sup> Jmf. Apel, K.-O. 1998: 178ff

<sup>276</sup> Reese-Schäfer, W. 1993: 42f

<sup>277</sup> Reese-Schäfer, W. 1993: 41

Apels sanningskonsepsjon. Der vil det verte klart i kva grad eg ser på den performative sjølmotseiingstesten som ein koherent metode og ein nyttig filosofisk reiskap.

## KAPITTEL 4

### Apels krav til ein tilstrekkeleg sanningseksplikasjon

#### 4.1 Apels utgangspunkt: tre førstefilosofiparadigme

Apel meiner at strengt reflektiv transcendentalargumentasjon, og dermed reflektiv sistegrunniving, berre er mulig dersom ein tek *transcendentalsemiotikken* som *førstefilosofi*.<sup>278</sup> Med andre ord hevdar Apel at ei filosofisk tilnærming som skal kunne gi sistegrunniving må tematisere alle dei tre relata<sup>279</sup> i den semiotiske teiknrelasjonen som den metodisk relevante muligheits- og gyldigheitsføresetnaden for "Væren".<sup>280</sup>

Apel ser transcendentalsemiotikken som det siste førstefilosofiparadigmet i ei historisk utvikling der transcendentalsemiotikken bygger på og tek opp i seg to tidlegare førstefilosofiparadigme; den *ontologiske metafysikken* og den *transcendentale epistemologien*.<sup>281</sup> Eitkvart førstefilosofiparadigme legg føringar for kva meinings- og sanningsteoriar som kan utviklast og hevdast innanfor det, og Apel meiner at først med det tredje, og siste, førstefilosofiparadigmet vil det vere mulig å gi filosofisk sistegrunniving av visse filosofiske påstandar.<sup>282</sup> Først i dette tredje paradigmet vil også ein *integrativ*, eller ikkje-abstraktiv, og dermed tilfredsstillande meinings- og sanningsteori, vere mulig. *Ultimat konsensus*-sanningskonsepsjonen er ifølgje Apel den einaste konseptualiseringa av sanning som ikkje er abstraktiv, og Apel meiner at sanning forstått på denne måten ikkje let seg benekte med meiningsfulle skeptiske motargument. Ved å sjå nærare på den dialektiske prosessen som ifølgje Apel har leidd fram mot denne sanningskonsepsjonen, ser vi betre kva innsikter og sanningskriterium Apel meiner den kan integrere.

#### 4.1.1 Den ontologiske metafysikken

Apel ser den ontologiske metafysikken som det første førstefilosofiparadigmet i historia. Etter Apel sitt syn tematiserer denne filosofiske tilnærminga den objektive

---

<sup>278</sup> Jmf. kap 2. (punkt 2.2.3).

<sup>279</sup> Dvs. plass I: dei reelle objekta, plass II: teikna og plass III: dei fortolkande subjekta. Jmf. Apels "Peirce/Morris-skjema" kap. 1 (punkt 1.2.1.1.).

<sup>280</sup> Apel, K.-O. 1994: 241

<sup>281</sup> Apels forståing av utvikling gjennom revolusjonære paradigme skil seg frå T. Kuhns. Apel ligg nærare Hegel når han ser eit slags historisk framsteg som mulig: "Properly speaking, it does not imply any claim of a causally explicable and hence predictable necessity in progress. Rather, it implies the claim that the three paradigms of First Philosophy make up a hierarchical order of levels of critical reflection and also make up an order of necessary succession in the teleological sense without providing any guarantee of its being realized in advance of the facts of history". Apel, K.-O. 1994: 120

<sup>282</sup> Apel, K.-O. 1994: 241

“Væren” ut frå ontologiske storleikar, dvs. ut frå det første relata i den semiotiske triaden.<sup>283</sup> Apel meiner ikkje med dette å seie at erkjenningstilfilosofien var heilt fråverande eller at språk ikkje i det heile vart tematisert her. Men i den grad subjektets og språkets rolle vart tematisert innanfor dette første paradigmet, så var det ikkje som føresetnader for verdas eller “Værens” objektivitet. Ein hadde med andre ord ei grunnoppfatning om at verda og ”Væren” vart konstituert uavhengig av både erkjenning og språk;<sup>284</sup> eller ein såg det slik at objekta vart individuerte og organiserte uavhengig av erkjenning og språkpraksis.

Innanfor dette førstefilosofiparadigmet finn vi den klassiske versjonen av korrespondanseteorien om sanning i ulike variantar frå Aristoteles til T.Aquinas.<sup>285</sup> Problemet med den klassiske korrespondanseteorien for sanning er ifølgje Apel ikkje den *realismen*<sup>286</sup> som denne teorien uttrykker. Som vi har sett tidlegare, meiner Apel at korrespondanseteorien for sanning inneheld ein korrekt grunnintuisjon som alle sanningsteoriar må ivareta; intuisjonen om at sanning er korrespondanse, samsvar eller *adaequatio* med erkjenningstilobjektet i ein eller annan forstand. Problemet med dei klassiske korrespondanseteoriane er at dei forstår den relevante relasjonen mellom medvitet og erkjenningstilobjekta som ein relasjon mellom *to ting* eller *objekt* i verda. Apel skil mellom to variantar av denne førestillinga:

”This conception entails *either* that the relation of *true cognition* and its difference from falsehood is something like a natural relationship to be detected by natural science; *or* that we humans are capable to stand outside of the *subject-object-relation* of our actual cognition and observe it, so to speak, *from outside*, sc. as a relationship between the *mind* and the *things in themselves*”.<sup>287</sup>

Ingen av desse to variantane kan ifølgje Apel gi ein eksplikasjon av meininga til omgrepet “sanning” som er *kriteriologisk relevant* (som kan gje oss konkrete kriterium for å identifisere sanning): For det første kan vi aldri oppdage skilnaden mellom sanning og falskheit ved å studere objekt i verda sidan naturen ikkje sjølv inneheld desse omgrepa eller storleikane. Den andre forståinga av den klassiske

---

<sup>283</sup> Apel, K.-O. 1994: 240

<sup>284</sup> Apel, K.-O. 1998: 241

<sup>285</sup> Apel, K.-O. 1998: 90. Jmf. Aristoteles’ omgrep ”*homoiosis*” i *De Anima* og T. Aquinas’ tanke om ”*adaequatio rei et intellectus*” i *Summa Theologica*. Apel meiner at ei form for metafysisk-realistisk, eller ontologisk, korrespondanseteori for sanning delvis vart rehabilitert med K. Popper i vårt århundre.

<sup>286</sup> Når Apel viser til *realisme* i denne sammenhengen meiner han den kvardagslege intuisjonen om at verda er slik den er, og at den ikkje er eit resultat av våre oppfatningar om den (dvs. idealisme). Apel, K.-O. 1990: 193

<sup>287</sup> Ibid.

korrespondansetanken krev av oss at vi må kunne "sjå bak spegelen" av dei gitte fenomena, noko som er umulig for oss. Som mellom anna Kant viste, og dermed markerte overgangen til det andre paradigmat av førstefilosofi, så står vi i ein irreduisibel *subjekt-objekt-relasjon*.<sup>288</sup> Alle forsøk på å samanlikne våre oppfatningar, eller dommar, med "tinga-i-seg-sjølv" vil difor føre inn i ein uendeleg regress ettersom vi berre kan samanlikne våre dommar med andre dommar om fenomena, som igjen berre kan samanliknast med andre dommar osv.:

"Jeder Versuch einer Realisierung der Überprüfung muß in einen regressus ad infinitum führen: denn faktisch kann die Überprüfung (des Vorliegens der Adäquationsrelation) immer nur durch Urteile realisiert werden, die selbst wieder der gleichen Überprüfung bedürftig wären; kürz: niemand kann hinter der Spiegel der Phänomene schauen und die - von der *metaphysischen* Korrespondenz-Theorie eigentlich unterstellte - Entsprechung zwischen den im Urteil vorgestellten bzw. gemeinten Phänomenen und den Dingen-an-sich überprüfen."<sup>289</sup>

Den klassiske, ontologisk-metafysiske korrespondanseteorien om sanning inneberer altså at ein gjer seg avhengig av ontologisk-metafysiske førestillingar om "tingen-i-seg sjølv", eller at ein metodisk sett forutset tilgangen til eit eksternalistisk "Gudsperspektiv". "Tingen-i-seg-sjølv" og "Gudsperspektivet" er spekulative, metafysiske førestillingar som både Kant og Apel avviser som meiningstomme. Denne avvisinga er ein konsekvens av Apels og Kants meiningsteori som seier at alle meningsfulle dommar, eller førestillingar, må ligge innanfor området av det som prinsipielt sett kan erfarast (dvs. innanfor det Kant kallar "fenomenverda").

#### 4.1.2 Den transcendentale epistemologien

Det andre paradigmat av førstefilosofi, den transcendentale epistemologien, tematiserer den *dyadiske subjekt-objekt-relasjonen* som utgangspunktet for all tilgang til og all meningsfull tale om bestemte objekt i verda. Dette kan ein difor kalle eit erfaringsmetafysisk paradigme av førstefilosofi.

Innanfor dette paradigmat finn Apel ein variant av korrespondanseteorien om sanning som han meiner kan unngå dei ontologisk-metafysiske føresetnadene i den klassiske korrespondanseteorien. Apel tenker ikkje her på Kants korrespondanseteori om sanning. Grunnen til dette er at Kants transcendentale epistemologi, ifølge Apel, framleis er avhengig av eit ontologisk-metafysisk førestilling om "tingen-i-seg-sjølv"

---

<sup>288</sup> Ibid.

<sup>289</sup> Apel, K.-O. 1998: 92

som den kausale tilverkaren av våre fenomen erfaringar.<sup>290</sup> Først med Husserls *fenomenologiske evidensteori om sanning* har ein fullstendig fridd seg frå det ontologisk-metafysiske paradigmet og førestillinga om "tingen-i-seg-sjølv". Husserl definerer sanning for ei utsegn som "Behind my back there is a cat that lies on a mat", på følgjande måte:

"The asserted proposition "Behind my back there is a cat that lies on a mat" would be true if and only if, after turning round, I could ascertain by a perceptual judgement that the *noema* of my propositional intention is in fact fulfilled by the *self-givenness of the phenomenon* that there is a cat lying on a mat."<sup>291</sup>

Husserl seier altså at evidens for ein korrespondanserelasjon må ta form av eit samsvar mellom eins intensjon og måten fenomenet umiddelbart gir seg for oss på. Det avgjerande er at Husserl, ifølgje Apel, forstår sanningsrelasjonen (sann kognisjon) berre ut frå kognisjon og kognisjonens sjølvrefleksjon.<sup>292</sup>

Problemet med denne evidensteorien om sanning er at den baserer seg på tanken om at ein ikkje-språkleg og teorifri erkjenningsvidens, eller fenomenevidens, er mulig.<sup>293</sup> Først i det tredje paradigmet av førstefilosofi vert det ifølgje Apel klart at slik rein erkjenningsvidens er ein illusjon. Der ser ein at erkjenningsvidens, eller evidens for ein korrespondanserelasjon, må ta form av *perseptuelle dommar*. Desse er ifølgje Apel umedvitne *abduktive dommar* som involverer intersubjektive eller språklege omgrep. Rein evidens viser oss ikkje *noko som noko*, eller som bestemte objekt.<sup>294</sup> Rein umediert evidens er å samanlikne med eit bilete på netthinna som enno ikkje *tyder* noko for nokon.<sup>295</sup> Utan å inngå i (umedvitne) abduktive dommar som involverer intersubjektive teikn, vil rein evidens ikkje kunne gje erkjenningsvidens eller evidens for korrespondanse.

Apel hevdar at for å gje mening, så må Husserls sanningsteori ha som skjult premiss at alle menneske vil dele den *same språklege tolkinga* av dei gitte fenomena. I livsverda, eller i det daglege liv, er dette ei rimeleg antaking. Men i møte med heilt andre kulturar og til dømes i overgangen frå eit vitskapeleg paradigme til eit anna, vil vi sjå at vi ikkje kan ta ei slik felles språkleg tolking for gitt. Dette viser ifølgje Apel at vi må gå utover Husserls metodologiske solipsisme og erkjenne at

---

<sup>290</sup> Apel, K.-O. 1990: 194

<sup>291</sup> Ibid.

<sup>292</sup> Husserl, E. 1929: 140ff

<sup>293</sup> Apel, K.-O. 1998: 94

<sup>294</sup> Apel, K.-O. 1998: 96

<sup>295</sup> Jmf. C.S. Peirces omgrep "precept" og "firstness". Peirce, C.S. 1958



sanningsspørsmål ikkje er noko som kan avgjerast gjennom eit einskild subjekts perseptuelle evidens åleine.<sup>296</sup>

Apel meiner at Husserl aukar vår forståing av meininga til omgrepet “sanning” fordi Husserl gjer det klart at vi berre kan forstå ein korrespondanserelasjon ut frå den evidensen for korrespondanse som er tilgjengelig for oss, dvs. berre ut frå ”mentalistisk innløyysbar” evidens.<sup>297</sup> Men Apel minner om at erkjeningsevidens ikkje kan vere privat, eller fullstendig ikkje-språkleg.<sup>298</sup> Berre dersom vi forstår evidens som noko som er delvis språkleg tolka (dvs. som perseptuelle dommar) kan evidens vere eit relevant sanningskriterium. Men det å spesifisere evidens for korrespondanse som perseptuelle dommar gir oss likevel ikkje eit tilstrekkeleg sanningskriterium meiner Apel. Problemet er at også denne konseptualiseringa av korrespondanserelasjonen overser at all fenomenevidens, eller erkjeningsevidens, alltid vil vere open for nye tolkingar.<sup>299</sup> Slik Apel ser det, vil berre ein teori som er i stand til å integrere denne opninga for alltid nye tolkingar kunne vere ein tilstrekkeleg sanningsteori.

#### 4.1.2.1 Paradigmeovergang: Den lingvistiske vendinga

Den lingvistiske vendinga i filosofien førte til at det lingvistiske, intersubjektive teiknet (plass II i den semiotiske triaden) kom i sentrum for den filosofiske undersøkinga, og at teiknet vart tematisert som føresetnad for vår tilgang til verda eller ”Væren”. Men det at ei filosofisk tilnærming tek utgangspunkt i teiknet, eller språket, tyder ikkje nødvendigvis at alle dei tre semiotiske relata vert tematiserte slik at ein får integrative og ikkje-abstraktive menings- og sanningsteoriar. Sannings- og meiningsteoriar har ifølgje Apel kome i abstraktive versjonar også etter den lingvistiske vendinga. Apel dreg fram dei sanningsteoriane som baserer seg på Tarskis sanningsdefinisjon som det fremste eksemplet på dette.

Tarskis *formalsemantiske* sanningsdefinisjon seier at:

””p” er sann, viss og berre viss p”.<sup>300</sup>

---

<sup>296</sup> Jmf. Apel, K.-O. 1994: 242

<sup>297</sup> Apel, K.-O. 1998: 96

<sup>298</sup> Apel, K.-O. 1998:147

<sup>299</sup> Apel, K.-O. 1998: 96

<sup>300</sup> Jmf. Tarski, A. 1977; 140ff. Tarski meinte ikkje sjølv at hans sanningsteori hadde kriteriologisk eller epistemisk relevans. Tarski nekta konsevent for at hans bikondisjonale kunne takast til inntekt for anten

Teiknet "p" på den venstre sida i denne bikondisjonalen står for ein proposisjon, og teiknet p på den høgre sida i bikondisjonalen, står for eit saksforhold i verda. Denne typen sanningsdefinisjon har ifølgje Apel både ein språkteoretisk deficit og ein epistemologisk deficit og vi kan difor ikkje forstå den som anna enn ein korrekt, men kriteriologisk irrelevant, formal del-rekonstruksjon av korrespondanseteorien for sanning.<sup>301</sup>

Medan Husserl gjer den feilen å ikkje reflektere over den lingvistiske tolkinga av fenomenevidensen, så gjer Tarski-inspirerte sanningsteoriar den heilt motsette feilen: Tarski avgrensar si analyse av sanning heilt frå starten av til ein analyse av predikatet "sann" innanfor eit avgrensa formalspråk, eller semantisk system, (L).<sup>302</sup> Tarski tematiserer såleis berre dei fikserte meiningane i eit semantisk system eller i eit formalspråk. Om dette seier Apel:

"Eine rein sprachtheoretische Fassung der Korrespondenztheorie kann der Zirkel nicht durchbrechen, der sich mit dem Korrespondenzverhältnis zwischen einer wahren Proposition und einer Tatsache ergibt. In der Explikation der Korrespondenz verweisen die Begriffe von wahrer Proposition und Tatsache aufeinander: eine Proposition ist wahr, wenn sie einer Tatsache entspricht, und eine Tatsache ist das, was einer wahren Proposition korrespondiert. Eine Korrespondenz zwischen Proposition und Tatsache kann erst kriteriologisch überprüft und bestätigt werden, wenn über das sprachtheoretisch formulierbare Verhältnis zwischen beiden hinausgegangen wird und ein Rekurs auf Wahrnehmung und eine perzeptive Identifikation sinnlich gegebener Phänomene erfolgt."<sup>303</sup>

Apel meiner her at Tarski overser behovet for ei pragmatisk forankring av formalspråket. For Apel er det berre det *naturlege språket* med sine indeksikalske uttrykk som kan muliggjere identifikasjonen av reelle *denotata*, eller reelle objekt i tid og rom. Eit formalspråk kan derimot berre identifisere språklege *designatum* (det som blir rekna som eit bestemt "noko" innanfor eit semantisk system. Dette kan til dømes inkludere "einhjørningar" og andre førestillingar som ikkje har reelle objekt som referanse).<sup>304</sup> Med andre ord meiner Apel at Tarski ikkje kjem ut av regressen av metaspråk og at han aldri kan lukkast i å opprette eit samband til den objektive verda. Ifølgje Apel uttrykkjer Tarskis bikondisjonal berre ein naudsynt føresetnad for ein

---

realisme eller idealisme. Men seinare filosofar, som til dømes W.P. Alston har meint at Tarski forpliktar seg på ein realistposisjon med denne sanningskonsepsjonen. Jmf. Alston, W.P. 1999

<sup>301</sup> Jmf. Becker, W. 1993: 95

<sup>302</sup> Apel, K.-O. 1990: 197. Jmf Apel, K.-O. 1994: 137

<sup>303</sup> Becker, W. 1993: 106f

<sup>304</sup> Apel, K.-O. 1990: 198

meinings- og sanningsteori, "...presupposing already the possibility, in principle, of a transcendental-pragmatic explication of the possible criteria of redeeming truth-claims as well as meaning-claims."<sup>305</sup> Sagt på ein annan måte: Apel meiner at Tarski implisitt må forutsette ei tolking av det formale språket gjennom det naturlege språket. Berre det naturlege språket kan integrere fenomenvidens som ikkje er reint intersubkeltivt språkleg, og dermed sikre ein relasjon til reelle objekt (*denotata*) i verda. Det naturlege språket integrerer ifølgje Apel "delvis ikkje-språkleg fenomenvidens" fordi det naturlege språket integrerer *perseptuelle dommar*. Som vi har sett, er perseptuelle dommar ein umedviten abduksjon eller framsetting av ei (ikkje-diskursiv) delvis språkleg hypotese på basis av ein rein ikkje-språkleg fenomenvidens ("firstness").<sup>306</sup> Perseptuelle dommar spelar ei rolle i det naturlege språket både i innføringa av nye omgrep i språket<sup>307</sup>, og i modifiseringar eller forkasting av språklege omgrep. Dessutan er perseptuelle dommar ein del av den daglege omgangen med språket sidan vi nyttar indeksikalske uttrykk som får si mening delvis gjennom den perseptuelle konteksten dei vert nytta i. Eksempel på reine indeksikalske uttrykk er "det", "der", "dette", "her" og "no".

Tarskis bikondisjonal åleine seier i røynda ikkje noko anna enn: "Proposisjonen "ting er slik og slik" er sann viss, og berre viss, ting er slik og slik". Dette gir oss inga forståing av dei to sidene i bikondisjonalen og dermed heller inga forståing av kva ein korrespondanse mellom dei to sidene kan arte seg som.<sup>308</sup> For at denne formalsemantiske bikondisjonalen skal seie oss noko om predikatet "sanning", må bikondisjonalen tolkast gjennom eit pragmatisk integrert språk. Sagt på ein annan måte meiner Apel at den lingvistiske vendinga må fullendast gjennom ei "pragmatisk- og hermeneutisk vending" for å kunne gje ein tilstrekkeleg sanningsteori. Med dette vil ein ifølgje Apel vere over i det siste av dei tre førstefilosofiparadigma som han identifiserer i filosofihistoria.<sup>309</sup>

---

<sup>305</sup> Apel, K.-O. 1994: 75

<sup>306</sup> Apel, K.-O. 1994: 185ff

<sup>307</sup> Apel, K.-o. 1994: 143ff

<sup>308</sup> Die semantische Wahrheitstheorie vollzieht eine strikte Trennung zwischen der logisch-semantischen Definition der Wahrheitsbegriffs und der empirisch-pragmatischen Problematik der Verifikation oder Bewährung von Sätzen...[man z.B Carnap] weist das Verifikationsproblem einer empirischen Analyse und der Sprachverwendung zu, die eine empirische methodologie der Bewährung liefern soll. Durch diese Trennung des semantischen Begriffs der Wahrheit von dem pragmatischen Begriff der Verifikation bleibt die semantische Wahrheitstheorie ohne kriteriologische relevans."

Becker, W. 1993: 97

<sup>309</sup> Apel, K.-O. 1994: 75

### 4.1.3 Transcendentalsemiotikken

Det tredje og siste paradigmet av førstefilosofi, transcendentalsemiotikken, er ifølgje Apel kjenneteikna ved ei ikkje-reduktiv tematisering av alle dei tre semiotiske relata. I dette førstefilosofiparadigmet tek ein med andre ord den irreducible semiotiske triaden av objektet (I), teiknet (II) og tolkaren (III) som det paradigmatiske utgangspunktet for den filosofiske refleksjonen.<sup>310</sup>

#### 4.1.3.1 Implikasjonar for ein meiningsteori

Først innanfor ein slik førstefilosofi er det ifølgje Apel mulig å kome fram til ei ikkje-abstraktiv forståing av meininga til omgrepet ”meining”. Her reduserer ein ikkje meining til teiknets *referanse* (objektlassen I), eller til talarens *subjektive intensjon* (tolkarlassen III) eller til intersubjektive *lingvistiske konvensjonar* (teiknlassen II). Apel meiner transcendentalsemiotikken gir oss ei filosofisk tilnærming der vi kan gjennomføre ei dialektisk mediering mellom desse aspekta av meining utan å gløyme nokon av aspekta og utan å legge for mykje vekt på nokon av dei.<sup>311</sup>

”Thus from the perspective of *transcendental semiotics*, which includes *transcendental pragmatics and hermeneutics*, one may only come to the conclusion that the key notions of *subjective intention*, *linguistic convention* and *reference to things* (in a broad sense) are of equal importance for the understanding of meaning. They complement each other and restrict each other as regulative principles of inquiry within the context of the so-called hermeneutic circle of meaning-disclosure.”<sup>312</sup>

Når ein skal undersøke meininga til eit kontroversielt omgrep, som til dømes ”rettferd” eller ”meining”, kan ein ifølgje Apel altså ikkje berre sjå på den faktiske *bruken* av dette omgrepet i eit gitt kommunikasjonsfellesskap, sjølv om ein sjølv sagt alltid må begynne ei undersøkinga med utgangspunkt i denne typen konvensjonell tyding. Ein kan heller ikkje tilfredsstillande forklare meininga til omgrep som ”rettferd” og ”meining” ved å vise til subjektiv *intensjon* (umiddelbar prelingvistisk fenomenevidens), sjølv om vi heller ikkje kan abstrahere vekk frå denne dimensjonen i ein eksplikasjon av desse omgrepa. Vidare har vi berre tilgang til *referansen* til omgrep som ”rettferd” og ”meining” gjennom ulike typar undersøkingar. Apels

---

<sup>310</sup> Relasjonen til det tolkande subjektet, dvs den pragmatiske dimensjonen i språk og erkjenning, er med andre ord her tematisert på ein transcendentelpragmatisk, og ikkje på ein empirisk måte. Jmf. Peirce/Morris-skjemaet for semiosis, kap 2 (2.2.3).

<sup>311</sup> Mendieta, E. 1994: xviii

<sup>312</sup> Apel, K.-O. 1994: 79

transcendentalsemiotiske tilnærming inneber altså ei tese om at forståing og meining tek form av ein dialektisk hermeneutisk mediering mellom desse tre regulative prinsippa, perspektiva, eller dimensjonane ved meining.<sup>313</sup>

Apel hevdar at når vi spør om meininga til eit omgrep eller ein påstand, så stiller vi ikkje eit faktaspørsmål om korleis meininga eller tolkinga av omgrepet faktisk har kome i stand. Vi stiller snarare eit normativt ladda spørsmål om kva som er den *rette* eller *gyldige* tolkinga av omgrepet eller påstanden:

”...our question for the nature of ”meaning” is not a *quaestio facti*, but a *quaestio juris* (Kant), namely a question concerning the conditions of the constitution of the *validity* of the ”meaning nn” of human utterances.”<sup>314</sup>

Om ei tolking av eit omgrep er gyldig, kan ifølgje Apel berre avgjerast utifrå om det er ein *intersubjektiv* og grunnlagt *konsensus* om kva som er den rette tolkinga eller meininga. Men sidan teikntolkingsprosessen er ein uendeleg prosess (som konsekvens av at det alltid er muligheter for nytolkingar, nye evidensfunn og endringar i sjølve språkspelet) så kan vi berre forstå *endeleg* eller *tidlaus meining* som den *ultimate logiske interpretanten*, eller som den *ultimate konsensusen om den rette tolkinga*. Den ultimate konsensusen, eller den endelege tolkinga, kan vi berre førestille oss som den tolkinga det uendelege kommunikasjonsfellesskapet ville ha kome fram til når alle epistemiske og diskursive undersøkingsmuligheter er uttømde. Etter Apel sitt syn vil ein først kunne ha ei fullstendig integrering av alle aspekta ved den semiotiske triaden (som ut frå den transcendentalsemiotiske tenkemåten utgjer den irreducible basisen for meining) i ein slik kontrafaktisk ideell epistemologisk og diskursiv situasjon. Tidlaus eller endeleg meining er altså noko idéelt og framtidsretta som vi berre kan forstå *proseduralt* (som den endelege interpretanten i ein uendeleg diskursiv og epistemologisk tolkingprosess).<sup>315</sup>

Apel meiner at denne transcendentalsemiotiske forståinga av meining fell saman med Peirces bruk av den *pragmatiske maksima for meiningsavklaring* i artiklar som ”How to make our Ideas clear” og ”On Pragmatism”.<sup>316</sup> Peirces og Apels forståing av den pragmatiske maksima må ikkje forvekslast med Peirces etterfølgjar W. James’

---

<sup>313</sup> Apel, K.-O. 1994: 143

<sup>314</sup> Apel, K.-O. 1994: 64

<sup>315</sup> Apel, K.-O. 1994: 76

<sup>316</sup> Peirce sjølv omtala si metode som *pragmatisme* for å redde termen frå ”the kidnapers of pragmatism”, dvs. frå W. James. Apel, K.-O. 1994: 219

versjon. For å unngå slik samanblanding talar Apel difor om Peirces pragmatiske tilnærming som *normativ pragmatisme*.<sup>317</sup> Den pragmatiske maksima seier at vi kan klargjere eit omgrep si meining ved å sjå på omgrepets pragmatiske eller observerbare konsekvensar. Meir presist viser Apel til det Peirce kallar den ”tredje grada av klargjering av idéars meining” som inneber:

“...daß man zunächst den Sinn von Begriffen durch Übersetzung der sie enthaltende Sätze in Konditional-Sätze sich klar macht, die – gemäß den Kontinuum von experimentellem and technologischen Wissen - hypothetischem Imperativen äquivalent sind.”<sup>318</sup>

I Peirces versjon impliserer den pragmatiske maksima ei form for *fenomenalisme*. Dette tyder at den pragmatiske maksima klargjer meininga til eit teikn, eller ein proposisjon, ved å sjå på dei sansemessig observerbare konsekvensane som følgjer av dette teiknet, eller denne proposisjonen.<sup>319</sup> Men Peirces fenomenalisme er av eit slag som “spiller på eksperimentets skrale munnharpe istedet for iakttagelsens herlige orgel”<sup>320</sup>, som Peirce så elegant formulerer det. Den pragmatiske metoden er såleis ein metode for klargjering av meining som gjer bruk av *tankeeksperiment*: For å klargjere meininga til eit omgrep skal ein spørje seg kva pragmatisk skilnad som vil vere resultatet av omgrepet i ein eksperimentell setting. Det hypotetiske eksperimentelle resultatet vil ifølgje Peirce utgjere omgrepets fulle pragmatiske meining. Kva type eksperimentelle resultat vi er i stand til å førestille oss, vil endre seg i takt med at vår kunnskap om omgjevnadane våre aukar, eller i takt med at vitskapen utviklar seg. Med auken i kunnskap og auken i vitskaplege eksperiment vil presisjonen og bestemtheita i meininga til omgrepa våre endre seg. Ifølgje Peirce kan vi altså forstå auka presisjon og bestemtheit i meining som auka eksperimentell predikerbarheit, i ein svært vid forstand.

Apel nyttar den pragmatiske maksima på ein *negativ* måte i det eg har kalla Apels *kritisk, transcendentalsemiotiske* og *kritisk, transcendentalpragmatisk* argumentasjonsstrategiar.<sup>321</sup> Her nyttar han den pragmatiske maksima som eit

---

<sup>317</sup> Apel, K.-O. 1970: 24

<sup>318</sup> Apel, K.-O. 1970: 24f

<sup>319</sup> Dette er ei spesiell form for verifikasjonisme. Jmf. Apel, K.-O. 1973: 148 fotnote11

<sup>320</sup> Peirce, C.S. 1958 [1905]: 175

<sup>321</sup> Jmf. kap 1 (punkt 1.2.1.2 og 1.2.2.2)

kriterium for førebels bevaring og utskiljing av hypoteser i den filosofiske argumentasjonen.<sup>322</sup> I ein av sine sentrale artiklar om sanning siterer Apel Peirce:

“A proposition whose falsity can never be discovered, and the error of which therefore is absolutely incognizable, contains upon our principle, absolutely no error “.<sup>323</sup>

Peirce seier her at ein proposisjon som det ikkje kan tilsvare ei reell erfaring til (dvs. ei form for mulig observasjonell verifikasjon), vil vere meningslaus; og meningslause proposisjonar kan korkje vere sanne eller falske. Apel set ikkje opp eit kriterium som seier at ein proposisjon, eller ein filosofisk teori, må vere *de facto* verifisert, eller praktisk mulig å verifisere, for å vere meningsfull. Apels krav er at proposisjonen eller teorien må vere *prinsipielt verifiserbar* gjennom ei eller anna form for epistemisk møte med fenomenet som kan manifestere seg i ein ”handlingsvane”.<sup>324</sup> Omgrep, proposisjonar og teoriar som ikkje tilfredsstiller dette meningskritiske kriteriet er ikkje godtekne kandidatar eller reiskapar i filosofien. Omgrep, proposisjonar og teoriar utan mening i denne forstanden er ifølgje Apel absurditetar og typiske overlevingar frå det ontologisk-metafysiske paradigmet. Dette gjeld til dømes omgrepet ”tingen-i-seg-sjølv” og alle filosofiske (sannings-)teoriar som baserer seg på dette omgrepet i ein eller annan forstand.<sup>325</sup>

#### 4.1.3.2 Implikasjonar for ein sanningsteori

Det er forståeleg korleis ein skal nytte den pragmatiske maksima for å klargjere tydinga til eit daglegdags omgrep, som til dømes “hard”. Men det er mindre klart korleis ein skal nytte denne maksima til å klargjere meninga til filosofiske omgrep som ”det reale” og ”sanning”. Eksplikasjonen av omgrep som ”diamantens hardheit” vil aldri kunne vere heilt komplett eller uttømd sidan det i historiske livsformer alltid vil kunne dukke opp nye forestillbare eksperimentelle settingar og teoretiske tolkingsreiskapar. Vi vil likevel kome langt på veg med å eksplisere meninga til ”hard” utifrå dei handlingsmåtane, manipulasjonane og følgjande erfaringane vi vil kunne tenke oss utifrå kontrafaktiske eksperiment med ein diamant. Men når det gjeld omgrepa ”det reale” og ”sanning”, er heller ikkje dette mulig fordi

---

<sup>322</sup> Apel, K.-O. 1994: 118

<sup>323</sup> Peirce, C.S. 1958: 5.311, Apel, K.-O. 1994: 190

<sup>324</sup> Ibid.

<sup>325</sup> Apel, K.-O. 1994: 138

“...only that almost irrational aspect of the real, its brute external resistance to the will, can be explicated in terms of a possible fact of experience.”<sup>326</sup>

Apel meiner at vår djupaste intuisjon om det reale seier at det reale er noko som er uavhengig av den faktiske erfaringa, erkjenninga og grunngivingspraksisen til individ og faktiske kommunikasjonsfellesskap. Men, seier Apel, utan å bryte med denne realistiske intuisjonen kan og må vi forstå sanning som den ultimate konsensusen i eit uendeleg kommunikasjonsfellesskap. Og vi kan og må forstå “realitetens realitet” som objektet til den ultimate konsensusen i eit uendeleg kommunikasjonsfellesskap. Apel gir altså ikkje opp å klargjere meininga til omgrepa ”sanning” og ”det reale” gjennom kontrafaktiske postulat, dvs. gjennom den pragmatiske maksima. Vi ser at Apel ikkje konseptualiserer det sanne og det reale som det faktisk erkjende, eller som den faktiske konsensusen om ei tolking, men som det som er *erkjennbart* i det lange løp.<sup>327</sup> Ved å byggje på Peirce på denne måten, meiner Apel at han kan unngå det ontologiske gapet mellom objekt som bli erfart (fenomenverda) og tingen-i-seg-sjølv (den noumenale verda), eit gap som opnar seg i Kants transcendentale epistemologi:

“[I]nstead of Kant’s distinction between unknowable things-in-themselves and knowable phenomena, Peirce introduces another fundamental distinction: that between the real as the indefinite *knowable* and what can actually be known. So a finite subject of cognition, also according to Peirce, cannot know the real in itself. Moreover, Peirce thinks, in contradistinction to Kant, that scientific knowledge is, in principle, also fallible. Nevertheless, he need not talk about unknowable things in themselves; for, under the presupposition of a superindividual, communicative function of cognition, there exists a subjective equivalent of the infinite reality as object of cognition, namely, the indefinite power of the cognition of the indefinite community”<sup>328</sup>

Slik Apel ser det, utgjer denne måten å forstå sanning og det reale på ein realistposisjon og ikkje ei form for idealisme. Det er viktig å merke seg, seier Apel, at definisjonen av det reale som det som ville ha vore objektet for den ultimate konsensusen i eit uendeleg kommunikasjonsfellesskap, ikkje seier at det reales eksistens, eller det reale som det eksisterande universet, vert gjort avhengig av at kognisjonsprosessen er vellukka, eller at ein faktisk kjem fram til ein slik endeleg konsensus:

---

<sup>326</sup> Apel, K.-O. 1994: 224. Jmf. Becker, W. 1993: 98

<sup>327</sup> Apel, K.-O. 1994: 138

<sup>328</sup> Apel, K.-O. 1994: 95



”The structure of this problem is partly analogous to the famous one of the ”hardness of the diamond”. For as Peirce only made definitively clear in his late papers on ”Pragmatism”, this property of a real thing cannot be made dependent on the fact of its being scratched or not being scratched by somebody either, although it cannot be *understood* without supposing the real possibility of its proving resistant to being scratched”.<sup>329</sup>

Sanninga om det reale *in toto* kan vi altså berre definere som den ultimate konsensusen i eit uendeleg kommunikasjons- og undersøkingsfellesskap, dvs. som den interpretanten, tolkinga, meininga eller erkjenninga som aldri vil kunne kritiseras gjennom argument.<sup>330</sup> Eit sanningsomgrep som definerer sanning som noko meir uavhengig eller objektivt enn dette, vil ikkje gje meining i forhold til vår erkjenningsspraksis, og eit slikt sanningsomgrep vil såleis vere meningslaust eller ontologisk-metafysisk.

Ein annan måte å seie dette på er at ein sanningskonsepsjon må vere *kriteriologisk-* eller *epistemisk relevant* for å vere meningsfull. Eit strengt skilje mellom sanningsomgrepets *meining* og *verifikasjonskriteria for sanning* (kriteria for identifikasjon av sanning) kan vi berre oppretthalde i ein abstraktiv, semantistisk språk teori. Ein sanningsteori som tilhøyrer det transcendentalsemiotiske førstefilosofiparadigmet må ifølgje Apel ta omsyn til kontinuiteten mellom *meininga* til sanning og *kriteria for identifikasjon* av sanning. Bruken av den pragmatiske maksima må altså bevare den kriteriologiske relevansen til sanningsomgrepet:<sup>331</sup>

”Soviel [...] muß eine pragmatische Wahrheitsdefinition nach Peirce leisten: sie muß den möglichen Sinn des Satz-Predikats ”wahr” so explizieren, daß die Kriterien angegeben werden, an denen wir der Praxis erkennen können, ob ein Satz – wahrscheinlich - wahr ist [...]”<sup>332</sup>

Ifølgje Apel er *ultimat konsensus-sanningskonsepsjonen* i stand til å integrere omsynet til kriteriologisk relevans i ei tilstrekkeleg grad. *Ultimat konsensus-sanningskonsepsjonen* er ifølgje Apel uttrykk for ein integrativ og ikkje-abstraktiv forståing av sanning som berre er mulig innanfor det transcendentalsemiotiske paradigmet av førstefilosofi. Slik Apel ser det, unngår *ultimat konsensus-sanningskonsepsjonen* dei problema som undergrev andre sanningskonsepsjonar, og samstundes tek den opp i seg dei innsiktene som desse sanningsteoriane er del-

---

<sup>329</sup> Apel, K.-O. 1994: 214f

<sup>330</sup> Apel, K.-O. 1990: 207

<sup>331</sup> Becker, W. 1993: 98

<sup>332</sup> Apel, K.-O. 1975: 126

rekonstruksjonar av. Apel kjem her med ein svært kontroversiell påstand som eg vil vurdere i siste kapittelet.

## KAPITTEL 5

### Kritikk av Apels ultimata konsensus-sanningskonsepsjon

#### 5.1 Ein einskapleg og meiningsfull sanningskonsepsjon?

I første kapittel differensierte eg mellom fem ulike transcendentale argumentasjonstypar som Apel opererer med i sin transformerte, kantianske transcendentalfilosofi.<sup>333</sup> Eg viste der at desse argumentasjonstypane korresponderer med Apels ulike strategiar for å eksplisere meininga til omgrepet “sanning”. Desse eksplikasjonsstrategiane fører fram mot Apels *ultimata konsensus-sanningskonsepsjon* som ifølgje Apel gir ein ikkje-abstraktiv og tilstrekkeleg grunnlagt eksplikasjon av meininga til omgrepet “sanning”. Men denne konsepsjonen inkluderer, som vi har sett, fleire ulike karakteristikkar av sanning. Mellom anna inkluderer den dei følgjande karakteristikkane: Sanning er den ultimate konsensusen i det uendelege kommunikasjonsfellesskapet. Sanning er den logiske interpretanten i ein uendeleg teiknmediert tolkingsprosess (“semiosis”). Sanning er ei performativ idealisering eller eit performativt gyldigheitskrav. Sanning er ein regulativ idé, og sanning er ein transcendentalpragmatisk føresetnad for meiningsfull argumentasjon.

Med bakgrunn i den systematiske gjennomgangen i dei tidlegare kapitla skulle vi no vere betre rusta til å gå følgjande spørsmål i møte: Er Apels sanningskonsepsjon forståeleg? Er den ein konsistent, meiningsfull, tilstrekkeleg og sistegrunnlagt sanningskonsepsjon? Det har vore ein engasjert debatt mellom Apel og hans kritikarar om denne sanningskonsepsjonen i ei årrekke. Eg håper her å vise at ei meir systematisk tilnærming til Apel kan opne for ein meir presis kritikk: I dei første kapitla eg skilt mellom Apels ulike argumentasjonsstrategiar, eller argumentasjonstypar, for dermed å kunne vise at innhaldet i Apels meiningskritiske realisme er ein sanningskonsepsjon med fleire fasettar. Vi vil her sjå at dei ulike komponentane, eller karakteristikkane av sanning, som inngår i Apels *ultimata konsensus-sanningskonsepsjon* vert møtt med ulike typar kritikk. Først i siste delen av kapitlet posisjonerer eg meg sjølv i debatten mellom Apel og hans kritikarar.

---

<sup>333</sup> Apels fem transcendentale argumentasjonstypar er: 1) Den rekonstruktive transcendentalsemiotiske argumentasjonen 2) Den kritiske transcendentalsemiotiske argumentasjonen 3) Den rekonstruktive transcendentalpragmatiske argumentasjonen 4) Den kritiske transcendentalpragmatiske argumentasjonen 5) Den ikkje-teoriavhengige, kritiske, transcendentalsemiotiske argumentasjonen, eller strengt refleksive argumentasjonen. Jmf. kap 1 (punkt 1.2)

### 5.1.1 Sanning som den ultimate konsensusen

Vi har for det første sett at Apel karakteriserer sanning som den *ultimate konsensusen* i eit *uendeleg kommunikasjonsfellesskap*.<sup>334</sup> Uttrykt i eit semiotisk nomenklatur seier Apel også at sanninga om det reale *in toto* berre kan forståast som den *ultimate*, eller *logiske, interpretanten i ein uendeleg teiknmediert tolkingsprosess*.<sup>335</sup>

A. Wellmer og W. Becker er to av dei filosofane som kritiserer desse måtane å eksplisere meininga til omgrepet “sanning”.<sup>336</sup> Wellmer formulerer den skarpaste kritikken når han avviser idéen om den ultimate konsensusen og den tilhøyrande idéen om det uendelege kommunikasjonsfellesskapet som meningslause idéar.

#### 5.1.1.1 Wellmers kritikk av bruken av idealiseringar

Wellmer deler mange av Apels grunntankar. Han meiner som Apel at eit *radikalt ikkje-epistemisk* og *radikalt ikkje-diskursivt* sanningsomgrep vil vere ontologisk-metafysisk, kriteriologisk irrelevant og dermed pragmatisk meningslaust. Han seier difor i likskap med Apel at ein tilstrekkeleg sanningsteori må vise at sanning er knytt til den epistemiske og diskursive grunngivingspraksisen vår.<sup>337</sup> Wellmer deler Apels oppfatning om at ein sanningsteori i tillegg må vise at det er ein relevant skilnad mellom sanning og grunngeving: Eit likskapsteikn mellom sanning og grunngeving vil ha diakront- og synkront relativistiske implikasjonar. Ei slik relativistisk oppfatning av sanning vil stå i strid med vår intuisjon som seier at sanning er noko tids- og konteksttranscenderande, i motsetnad til grunngeving som “kan gå tapt”.<sup>338</sup>

Apel forsøker å sameine desse to krava ved å seie at sanne påstandar berre kan verte forstått som dei påstandane det ville vere ein ultimat konsensus om i eit uendeleg kommunikasjonsfellesskap. Men Wellmer hevdar at når Apel nyttar den idealiserande førestillinga om ein *ultimat* eller *endeleg* konsensus, så vrenger Apels førestilling om konsensus seg på ein slik måte at den vert meningslaus.<sup>339</sup> Wellmer ser idéen om ein *ultimat* konsensus sanning som knytt til idéen om ein perfekt moralsk orden og ein fullstendig transparent kommunikasjonsituasjon.<sup>340</sup> Idealiseringa “den ultimate konsensusen i det uendelege

<sup>334</sup> Apel, K.-O. 2001: 18. Jmf. kap 1 (punkt 1.2.1.1)

<sup>335</sup> Apel, K.-O. 2003: 173

<sup>336</sup> Jmf. Wellmer, A. 1986: 69-102 og Becker, W. 1993: 93-117

<sup>337</sup> Jmf. Wellmer, A. 2003:145ff

<sup>338</sup> (“...justification cannot be lost”) Putnam, H. 1983: 84. Jmf. Wellmer, A. 2003: 148

<sup>339</sup> Wellmer, A. 1986: 93

<sup>340</sup> Wellmer, A. 1998: 141

kommunikasjonsfellesskapet”, fører sameleis med seg førestillinga om eit *endeleg språk*. Wellmer ser det slik at ein endeleg konsensus, eller eit endeleg språk, ville vere slutten på språket som tolking og kommunikasjon. Erkjenning eller forståing ville i ein slik situasjon vere ein tilstand av umiddelbarheit og dermed ein tilstand bortanfor det intersubjektive språket som Apel sjølv meiner er ein muliggjerande føresetnad for erkjenning og forståing.<sup>341</sup> På grunn av bruken av sterke idealiseringar, mister altså Apel det interne sambandet mellom sanning og den epistemisk diskursive grunngivingspraksisen som han sjølv ser som naudsynt for ein pragmatisk meningsfull og kriteriologisk relevant teori om sanning. Wellmer argumenterer med at ein ultimat konsensus ikkje vil vere eit mulig erfaringsobjekt, og at denne idéen difor ikkje kan ha pragmatisk tyding:

”Er ist kein ”Gegenstand möglicher Erfahrung”, sondern eine Idee, die über die Grenzen möglicher Erfahrung hinausweist”<sup>342</sup>

Wellmer avviser altså Apels alternative erkjenningssubjekt (det uendelege kommunikasjonsfellesskapet) som ei meningslaus førestilling. Og han avviser på same måte dei erfaringane eit slikt erfaringssubjekt ville kunne ha. Vi kan ikkje på nokon måte verifisere eller på nokon måte kontrafaktisk antisipere korleis eit slik subjekts erfaring og handlingsvanar vil vere. Vi kan difor i røynda heller ikkje forstå meininga i den ultimate sanningskonsepsjonen, meiner Wellmer.<sup>343</sup>

Ifølgje Wellmer forutset Apel i sin *ultimat konsensus*-sanningskonsepsjon eit slags utanom-historisk eller eksternalistisk Gudsperspektiv, trass i at Apel eksplisitt hevdar å utarbeide sin sanningskonsepsjon som ein meningskritisk motsats til slike radikalt ikkje-epistemiske og ikkje-diskursive sanningsomgrep. Wellmer ser det altså slik at Apels *ultimat konsensus*-sanningskonsepsjon, på grunn av dei sterke idealiseringane som den byggjer på, sjølv har ein rest av ontologisk-metafysikk i seg.<sup>344</sup> Ein kan seie at Wellmer her på mange måtar argumenterer med Apel mot Apel; dvs. Wellmer kritiserer Apel med den same type meningskritiske argument som Apel sjølv avviser metafysisk-ontologiske sanningsteoriar med.

---

<sup>341</sup> Wellmer, A. 1986: 99, Jmf. Wellmer, A. 2003: 153

<sup>342</sup> Wellmer, A. 1986: 78

<sup>343</sup> Wellmer, A. 1986: 82

<sup>344</sup> Eg kjem attende til ei vurdering av dette argumentet frå Wellmer i konklusjonen.

### 5.1.1.2 Wellmer og Beckers kritikk av bruken av omgrepet ”konsensus”

Det er ikkje berre Apels bruk av sterke idealiseringar som er problematisk. Det at Apel konseptualiserer sanning som ei form for konsensus, er i seg sjølv gjenstand for kritikk. Ifølgje Wellmer og Becker er konsensus ikkje eit kriterium som vi kan nytte for å skilje ut sanne påstandar frå falske påstandar. Korkje Wellmer eller Becker meiner at omgrepet ”konsensus” er heilt irrelevant for ein eksplikasjon av omgrepet ”sanning”, for, seier dei, i meininga til omgrepet ”sanne påstandar” ligg det at sanne påstandar *fortener* konsensus. Konsensus kan såleis vere ein indikasjon på sanning, men konsensus kan ikkje vere eit sjølvstendig sanningskriterium, eller ta på seg den tydingsleiande rolla i ein sanningsteori. Grunnen til dette er at einkvar konsensus er logisk underordna dei *grunnane* som ein konsensus er bygd på:

”Dabei ist zunächst auszuschließen, daß der rationale Konsens selbst als ein Wahrheitskriterium fungieren kann. Denn eine solche Auffassung verwechselt das *Resultat* eines möglichen Argumentationsprozesses mit der *Beurteilungsgrundlage*, auf die sich die Argumentationsteilnehmer in Konsensbildungsprozeß als Grundlage ihrer Zustimmung zu einem Wahrheitsanspruch stützen und berufen können. Die argumentative und kognitive Grundlage der Zustimmung ist dem konsensfähigen Resultat vorgeordnet und besitzt dem Konsens gegenüber eine sachliche Eigenständigkeit.”<sup>345</sup>

Vi baserer oss alltid på visse *grunnar* for å akseptere ein hypotese eller ei tolking framfor andre hypotesar eller tolkingar. Det faktum at det er konsensus om noko, sjølv under ideelle tilhøve, kan aldri vere ein sjølvstendig og tilstrekkelig *grunn* til å halde noko for sant, meiner Becker her.

Apel er langt på veg samd i dette, men han minner om at kriteria for, eller grunnane til, at ein konsensus er tilstrekkelig grunnleggjande ikkje kan vere kulturspesifikke fordi dette vil leie inn i ein sanningsrelativisme. Apel hevdar at det han gjer i *ultimat konsensus*-sanningskonsepsjonen er å bestemme kriteria for ein ideell grunnleggjande konsensus på ein *formalprosedural* måte ved å seie at gode grunnar er dei grunnane som vil vise seg som gode grunnar i den argumentative praksisen. Men Wellmer og Becker avviser at ein kan bestemme på reint formalt eller prosedural måte kva som er ein god grunn:<sup>346</sup>

---

<sup>345</sup> Becker, W. 1993: 100

<sup>346</sup> Jmf. Wellmer, A. 1986: 80f.

”Die Durchführung einer Argumentationsprozedur [...] kann aber nicht selbst im Sinn eines Kriteriums als eigenständige Beurteilungsgrundlage für die Zustimmung fungieren. Sie ist selbst nicht etwas, worauf sich ein Argumentationsteilnehmer zur Stützung seiner Zustimmung berufen kann, und zwar weder dann, wenn sie als faktischer Prozeß erfolgt ist, noch in der Weise, das sie als Durchführung unter idealen Bedingungen im Sinn einer regulativen Idee antizipiert ist. Eine Stützungsfunktion für die Zustimmung können nur inhaltspezifische Gründe und Kriterien übernehmen, die sich freilich im Argumentationsprozeß als hierzu tauglich erwiesen und bewähren müssen.”<sup>347</sup>

Wellmer meiner at omgrepet ”ein god grunn” irreduisibelt er knytt til perspektivet til den som er overtydd om at noko er ein god grunn. Ein kan ikkje skildre frå eit metaperspektiv kva som skal til for at noko verkeleg er ein god grunn, seier han.<sup>348</sup> Som følgje av dette vil einkvar konsensussteori om sanning, slik Becker og Wellmer ser det, anten vere formalprosedural og innhaldstom, eller kriteriologisk relevant, men dermed også kulturrelativ.

### 5.1.2 Den ultimate konsensusen som ein regulativ idé

Apel møter kritikken frå Wellmer og Becker med at heller ikkje han meiner at noko empirisk kan tilsvare den ultimate konsensusen, eller at konsensus kan fungere som eit sjølvstendig og tilstrekkeleg sanningskriterium.<sup>349</sup> Apel argumenterer for at vi likevel kan karakterisere sanning som det ultimate konsensus, fordi idéen om den ultimate konsensusen ikkje skal forståast som ein empirisk idé, og heller ikkje som ein metafysisk spekulativ idé, men berre som ein regulativ idé i Kants forstand.<sup>350</sup> Apel viser her til det Kant kalla ”den reine fornuftas grunnsetning”.<sup>351</sup> Fornuftas grunnsetning kan vi forstå som ein idé om det absolutte, det ubetinga, eller som idéen om den endelege syntesen av mangfaldet av empiriske førestillingar som ikkje kan kritisera vidare. Om denne grunnsetninga seier Kant at den ikkje er ein idé med eit bestemt innhald, den er berre ein *regel* som forbyr fornufta å verte ståande ved noko ubetinga, eller ikkje-grunnigitt.<sup>352</sup>

---

<sup>347</sup> Becker, W. 1993: 105

<sup>348</sup> Wellmer, A. 2003: 159

<sup>349</sup> Apel, K.-O. 2003: 184

<sup>350</sup> Ibid.

<sup>351</sup> Ibid.

<sup>352</sup> Slik eg forstår Kant, skil han mellom den øvste fornuftsidéen som er reint regulativ og dei tre fornuftsidéane ( den psykologiske idéen om Selvet og den kosmologiske idéen om det absolutte og endelege Universet, og den teologiske idéen om Gud) som er regulative idéar, men samsundes metafysiske hypostaseringar, altså tildels uunngelege forsøk på å førestille seg objekt utanfor fenomenverda. Det ser ut som Wellmer, i motsetnad til Apel, ikkje godtek denne typen differensiering og at Wellmer ser alle regulative idéar som metafysisk, spekulative idéar, eller som hypostaseringar. Jmf. Kant, I. 1781/1787: A334/B391f

”Er ist [...] ein Grundsatz der größtmöglichen Fortsetzung und Erweiterung der Erfahrung, nach welchem keine empirische Grenze für absolute Grenze gelten muss, also ein Principium der Vernunft, welches, als Regel, postuliert, was von uns im Regressus geschehen soll, und nicht antizipiert, was im Objekte vor allem Regressus an sich gegeben ist.”<sup>353</sup>

Metodisk sett har fornuftas grunnsetning eit samband til mulig erfaring, eller mulig epistemisk og diskursiv praksis, fordi den uttrykker tanken om totaliteten eller fullstendigjeringa av slik mulig erfaring. Ingenting kan likevel fullstendig korrespondere med dette målet. Vi kan ikkje nå målet om fullstendig erfaring, seier Kant, men vi utfører vår epistemisk undersøkjande og argumentative praksis som om (”als ob”) vi kunne nå dette målet, og dette gir denne uendelege tolkingspraksisen ei normativ retning og eit rasjonale.<sup>354</sup>

Om tydinga til den ultimate konsensusen som ein regulativ idé, seier Apel at idéen om den ultimate konsensusen først og fremst uttrykkjer idéen om ei oppfatning som det ikkje kan finnast meningsfulle argument mot.<sup>355</sup> Som regulativ idé fungerer idéen om den ultimate konsensusen ikkje som eit substansielt sanningskriterium, men inneheld ifølgje Apel *idéen om den ubegrensa konsensusen om slike substansielle sanningskriterium*.<sup>356</sup> Slik Apel ser det, er den regulative idéen om sanning, forstått som den ultimate konsensusen, meningsfull og kriteriologisk relevant, i motsetnad til den ontologiske idéen om sanning som korrespondanse. Dette av følgjande grunnar:

”1. It suggests to look for all possible *truth-criteria* and to weigh them against each other in order to reach *factual* but *fallible* and hence *provisory* consensus through the argumentative discourse of a real communication community of investigators. 2. Equally, the regulative idea of an ultimate consensus suggests to look for any counterarguments in order to question every *factual* consensus of a real finite research community. Only this final consensus, which could no longer be questioned by argument, we can and must equate with the truth that we can strive for - if striving for the truth is to make any sense at all for us in terms of procedural praxis.”<sup>357</sup>

Vi ser at Apel her prøver å knyte konsensus og innhaldsspesifikke kriterium saman ved å seie at idéen om konsensus har ein kriteriologisk funksjon som det som *tilverkar* ein syntese av ulike innhaldsspesifikke sanningskriterium. Problemet med denne eksplikasjonen er ifølgje Becker at det dermed opnar seg ei kløft mellom *meiniga* til sanningsomgrepet og *kriteria* for sanning, noko som strid mot Apels eigen pragmatisk integrative meiningsteori. I ei pragmatisk integrert semantisk klargjering

<sup>353</sup> Kant, I. 1781/1787: A509/B537

<sup>354</sup> Apel, K.-O. 2003: 184

<sup>355</sup> Apel, K.-O. 2003: 179

<sup>356</sup> Apel, K.-O. 1998: 142

<sup>357</sup> Apel, K.-O. 1993: 207



av meininga til omgrepet ”sann”, vil vi forvente at meiningsavklaringa i seg sjølv gir visse kriterium for identifikasjonen av sanning, eller visse bestemte kriterium for når det er korrekt å nytte omgrepet ”sann”.<sup>358</sup> Slike sanningskriterium må ifølgje Becker vere eksklusive i den forstand at berre gjennom bruken av desse vil ein nå det ønska målet; sann erkjenning.

Men kritikaren Becker meiner at idéen om den ultimate konsensusen ikkje er innhaldsrik nok til åleine å spesifisere bestemte sanningskriterium. Dersom idéen om den ultimate konsensusen som regulativ idé ikkje kan opprette eit samband mellom meininga til omgrepet “sanning” og visse *bestemte* kriterium for sanning, så er den ikkje kriteriologisk relevant. ”Den ultimate konsensusen” kan dermed ikkje tene som kjerneomgrep i ein kriteriologisk relevant eksplikasjon av meininga til omgrepet “sanning”:<sup>359</sup>

”Wegen [des] Primats der Gründe vor dem Konsens ist die Konsensidee als solche kriterienneutral und kann deshalb nicht die erforderliche Verbindung zwischen Bedeutung und Kriterien für den Wahrheitsbegriff herstellen. Eine solche Verbindung kann auch nicht durch die Funktion hergestellt werden, die dem Konsens bei der Synthese konfligierender Kriterien zukommt [...] Kommt der Konsensidee als solcher keine eigenständige, inhaltlich bedeutsame Rolle zu, da auch hier der Konsens lediglich Ergebnis eines Prozesses ist, dessen Resultat durch die kriterielle Bewertung von Argumenten bzw. durch die Gründe für eine vorgenommene Gewichtung verschiedener Kriterien bestimmt wird.“<sup>360</sup>

Ifølgje Becker vert altså konsensus-omgrepet overbelasta når det skal tene som det tydingsleiande momentet i sanningsomgrepet.

Også Wellmer avviser at det er ei løysing å seie at den ultimate konsensusen er ein regulativ idé. Han held fast på at den ultimate konsensusen er ein meiningslaus og ontologisk-metafysisk idé også når den vert forstått som ein regulativ idé. Ifølgje Wellmer er ein regulativ idé noko som ikkje berre fungerer som ein regel eller norm for vår praksis; ein regulativ idé set også opp eit *mål* (“Ziel” eller “telos”) som vi er normativt forplikta til å arbeide mot.<sup>361</sup> Men Wellmer meiner at idéen om den ultimate konsensusen ikkje vere eit mål, fordi som mål for den diskursive praksisen ville den ultimate konsensusen oppheve middelet til å arbeide mot målet, så og seie.<sup>362</sup>

---

<sup>358</sup> Dvs. visse ”hevdelighetskriterium”. Apel, K.-O. 2003: 101

<sup>359</sup> Becker, W. 1993: 102

<sup>360</sup> Becker, W. 1993: 104

<sup>361</sup> Wellmer, A. 2003: 153f

<sup>362</sup> Wellmer, A. 2003: 153

Apel, på si side, innvender at Wellmer misforstår kva han meiner med regulative idéar fordi Wellmer i utgangspunktet ekskluderer muligheita for ein postmetafysisk transcendental logikk.<sup>363</sup>

”Es ist richtig, daß es zum einer regulativen Idee gehört ”daß sie uns darauf verpflichtet, die (approximative) Realisierung eines Ideals anzustreben”; aber das besagt nicht, daß unser ”Ziel das Ende” (sc. der menschlichen Geschichte) sein müßte; den wir dürfen ja eben nicht damit rechnen, daß das heuristische ”Als ob” Ziel einer *regulativen Idee* faktisk realisierbar wird.”<sup>364</sup>

Etter Apels syn tek Wellmer feil når han set opp negasjonen av den ultimate konsensusen, dvs. ”différance” (Derrida), som den fremste muligheitsføresetnaden for normal kommunikasjon. Apel meiner at normal kommunikasjon og argumentasjon i staden har som fremste muligheits- og gyldigheitsføresetnad at den kontrafaktisk antisperte situasjonen av idéell kommunikasjon, dvs. den ultimate konsensusen, er *tilstrekkeleg* oppfylt.<sup>365</sup>

I sin transcendentalsemiotiske argumentasjon freistar Apel altså å forsvare idéen om den ultimate konsensusen som ein meningsfull regulativ idé.<sup>366</sup> Dette gjer han, som vi tidlegare har sett, på to noko ulike vis: Apels negative argumentasjonsstrategi går ut på å forsvare den ultimate konsensusen som ein meningsfull og naudsynt regulativ idé ved å vise til problem som oppstår i teoriar om sanning og kognisjon dersom ein abstraherer vekk frå denne idéen.<sup>367</sup> Apels positive argumentasjonsstrategi, som vi her har sett på, går ut på å argumentere for at idéen om den ultimate konsensusen er ein regulativ idé som har ein konstitutiv funksjon i ein språkpragmatisk (semiotisk) transformert transcendental erkjenningslogikk.<sup>368</sup>

### 5.1.3 Den ultimate konsensusen som eit naudsynt performativt gyldigheitskrav

Apels positive transcendentalsemiotiske argumentasjonsstrategi heng tett saman med hans positive transcendentalpragmatiske argumentasjonsstrategi.<sup>369</sup> I den siste av desse argumentasjonsstrategiane forsvarer Apel *ultimat konsensus-*sanningskonsepsjonen med å seie at idéen om den ultimate konsensusen er ei

---

<sup>363</sup> Apel, K.-O. 2003: 171ff

<sup>364</sup> Ibid.

<sup>365</sup> Apel, K.-O. 2003: 185

<sup>366</sup> Apel, K.-O. 2003: 185

<sup>367</sup> Jmf. kap. 1 (punkt 1.2.1.2)

<sup>368</sup> Jmf. kap 1 (punkt 1.2.1.1)

<sup>369</sup> Jmf. kap. 1 (punkt 1.2.2.1)

uunngåeleg og naudsynt *performativ* idealisering i vår argumentative praksis. Dette hevdar Apel, som vi har sett, utifrå sin teori om at språket har ein irreduibel performativ-proposisjon, og performativt sjølvrefererande, dobbeltstruktur: Når vi argumenterer kjem vi ifølgje Apel med *absolutte* eller konteksttranscenderande performative gyldigheitskrav, ikkje med gyldigheitskrav som er *relative* til eit visst publikum, slik som til dømes Rorty hevdar.<sup>370</sup> I den grad vi argumenterer, kan vi ikkje unngå å kome med slike performative idealiseringar. Det å sette fram idealiserande gyldigheitskrav for eins proposisjon *er* å argumentere; det er konstituerande for den assertive talehandlinga. Sagt på ein annan måte meiner Apel at kontrafaktisk antisipasjon av den regulative idéen om den ultimate konsensusen er ein muligheits- og gyldigheitsføresetnad, eller transcendental føresetnad, for meningsfull argumentasjon. Den regulative idéen om den ultimate konsensusen er ifølgje Apel også ein muligheits- og gyldigheitsføresetnad for kognisjonen vår, sidan kognisjonen, slik Apel ser det, grunnleggande sett har den same strukturen og muligheitsføresetnadene som den offentlege argumentasjonen. I kraft av å vere ein muliggjerande føresetnad for meningsfull argumentasjon og kognisjon, har den regulative idéen om den ultimate konsensusen pragmatisk mening sjølv om ingenting empirisk kan svare til idéen.<sup>371</sup>

Wellmer let seg ikkje overtyde av denne transcendentalpragmatiske argumentasjonen og gjentek overfor Apel at idéen om den ultimate konsensusen er ein spekulativ metafysisk idé. Difor kan den heller ikkje vere innhaldet i våre performative sanningskrav.<sup>372</sup> Ifølgje Wellmer forutset Apels omgrep ”den ultimate konsensusen” eit eksternalistisk metaperspektiv, eller metafysisk Gudsperspektiv. Wellmer meiner at Apel her berre prøvar å plassere dette Gudsperspektivet i sjølve diskursen, eller i sjølve diskurspragmatikken, sjølv om det gir like lite mening der.

Wellmer deler likevel Apels kritikk av dei filosofane som meiner at ein koherent kan snakke om relative sanningskrav, eller at ein kan redusere sanning til grunngeving som er tid-, stad-, kultur- og personavhengig. I likskap med Apel baserer Wellmer sin eksplikasjon av sanning på tanken om performative gyldigheitskrav og meiner som Apel at sanningskrav er og må vere absolutte i den forstand at dei er og må vere

---

<sup>370</sup> Apel, K.-O. 2003: 187f. Jmf. kap 1 (punkt 1. 2.2.2)

<sup>371</sup> Apel, K.-O. 2003: 190ff.

<sup>372</sup> Wellmer, A. 2003: 153

konteksttranscenderande og transsubjektive.<sup>373</sup> Som Apel vil Wellmer vise at det er ein intern relasjon mellom sanning og grunngeving, fordi vi ikkje kan tenke oss ei anna innløyising av performative sanningskrav enn det vi kan få gjennom rettferdigging gjennom argumentasjon i diskurs.<sup>374</sup> Men i motsetnad til Apel, meiner Wellmer at det ikkje er naudsynt å nytte ei idealisering som den ultimate konsensusen for å ivareta alle desse omsyna i ein sanningskonsepsjon.

Etter Wellmer sitt syn er det slik at når vi set fram ein påstand på basis av det vi ser som gode grunnar, så ser vi grunnane våre som tvingande, og vi ser overtydinga vår som *sann*, dvs. som intersubjektivt gyldig og som noko som fortener konsensus. For Wellmer tyder dette berre vi forutset at ingen argument, eller ingen evidens, som kan sette påstanden vår i tvil, vil dukke opp:

”If we understand the ”necessary idealisations” involved in the raising of truth claims in this *performative sense*, then no ideal limit, no totalizing conception of ideal conditions of knowledge or communication to be realized (or approximated) in the future is implied in these idealizations. I would argue, rather, that totalizing conceptions of an ideal limit of knowledge or communication result only from an objectivistic misreading of idealizations that are essentially performative.”<sup>375</sup>

Wellmer seier her at Apel legg til grunn ein meningslaus metafysisk idé i sin sanningseksplikasjon. Dette skjer fordi Apel hypotiserer den performative tilliten som ein har til sine egne gode grunnar når ein påstår noko.<sup>376</sup> Wellmer på si side hevdar at kva som skal telje som gode grunnar og kva som vert rekna som sant, irreduisibelt er knytt til perspektivet til den som ser noko som gode grunnar, dvs. til ”første person presens”-perspektivet.<sup>377</sup> Wellmer vil altså eksplisere omgrepet “sanning” utifrå den sikkerheita, eller den performative tilliten, som vi har til overtydingane våre i ”første person presens”. Ifølgje Wellmer er det først i perspektivdifferensen mellom vårt eige perspektiv og andre personars perspektiv på kva som er gode og tvingande grunnar, at vi kan vi sjå det interne sambandet mellom sanning og grunngeving og samstundes skilnaden mellom sanning og grunngeving: Det som er tvingande grunnar for meg er ikkje nødvendigvis tvingande grunnar for andre. Den performative idealiseringa, som Wellmer eigentleg ikkje vil kalle ei

---

<sup>373</sup> Wellmer, A. 2003: 155ff

<sup>374</sup> Apel, K.-O. 2003: 181

<sup>375</sup> Wellmer, A. 1998: 143

<sup>376</sup> Wellmer, A. 1998: 145 og Wellmer, A. 1986: 83

<sup>377</sup> Dvs ”eg-her-no”-perspektivet. Wellmer, A. 2003: 156

idealisering, er altså grammatisk og perspektivisk knytt til ”første person presens”-perspektivet.<sup>378</sup>

Becker trur heller ikkje at Apel kan eksplisere sanning som den ultimate konsensusen på ein tilfredsstillande måte ved å seie at den ultimate konsensusen er ein konstitutiv regulativ idé. I sin kritikk peikar Becker på at sjølv når den ultimate konsensusen vert forstått på denne måten, så manglar Apels sanningskonsepsjon eit samband til konkrete innhaldsspesifikke sanningskriterium slik at den ikkje kan eksplisere meininga til omgrepet “sanning” på ein kriteriologisk relevant måte. Ein konsensus er alltid etterordna grunngivingsgrunnlaget og dei sanningskriteria som inngår i konsensusen, argumenterer Becker.<sup>379</sup>

#### 5.1.4 Apels avgjerande prov

Apel meiner at han kan formulere ein fellande *metakritikk* av denne kritikken av *ultimat konsensus*-sanningskonsepsjonen. La oss sjå på korleis Apel kritiserer Wellmer som eit eksempel på dette.<sup>380</sup> Apel argumenterer som følgjer: Dersom vi i seriøs argumentasjon nektar for at forventinga om eller forutsetninga av den ultimate konsensusen kan fungere som ein regulativ idé i vår undersøkende og argumenterande praksis, så vil vi implisitt nekte for at våre undersøkende og argumentative praksisar har meining i det heile.<sup>381</sup> Ettersom Wellmer nektar for nødvendigheita og muligheita for å forvente eller forutsette muligheita for den ultimate konsensusen, så vil Wellmers filosofiske argumentasjon ikkje gi meining i det heile.<sup>382</sup>

Det Apel her seier, er at Wellmer viklar seg inn i performative sjølvmotseiingar når han nektar for at idéen om den ultimat konsensusen gir meining. Grunnen er at Wellmer *performativt* må *forutsette*, eller heuristisk antisipere, denne regulative idéen for at hans argument skal kunne gje meining i det heile. Apel hevdar at Wellmer i sin kritikk prøver å *gå bak* den argumentasjonssituasjonen som danner den transcendentalpragmatiske føresetnaden for Wellmers meiningsfulle argumentasjon. Og forutsetninga om, eller den heuristiske antisipasjonen av, den ultimate konsensusen er ifølgje Apel noko som fungerer som eit konstituerande prinsipp for den intersubjektive argumentasjonspraksisen som utgjer Wellmers aktuelle

---

<sup>378</sup> Jmf. Øfsti, A. 2003, for eit forsøk på å mediere mellom Wellmer og Apel på dette punktet.

<sup>379</sup> Becker, W. 1993: 104

<sup>380</sup> Apel, K.-O. 2003: 183

<sup>381</sup> Jmf. Apel, K.-O. 1994: 74

<sup>382</sup> Eller meir korrekt; dermed lukkast ikkje Wellmer i å argumentere.

argumentasjonssituasjon.<sup>383</sup> Apels poeng er at Wellmer har ein *refleksiv deficit* i forhold til den argumentasjonssituasjonen og dei argumentasjonsføresetnadene som Wellmer implisitt må legge til grunn i sin kritikk og i si utforming av ein alternativ sanningskonsepsjon der han avgrensar den performative idealiseringa til førsteperson presens-perspektivet.<sup>384</sup> Det er ifølgje Apel *Wellmer* som inntek eit perspektivovergripande metaperspektiv, eller eit ”quasi-göttlichen Standpunkt”,<sup>385</sup> fordi det er Wellmer som gløymer si eiga normativt forpliktande plassering i argumentasjonssituasjonen og som dermed overser sine eigne naudsynte, absolutte sanningskrav i sin filosofiske argumentasjon.

Gjennom denne typen strengt refleksive, transcendentale argument, dvs. gjennom bruk av den performative sjølvmotseiingstesten, meiner Apel at han kan vise at alle forsøk på å kritisere eller benekte og betvile idéen om den ultimate konsensusen, vil annullere seg sjølv i ei performativ sjølvmotseiing. Og på dette grunnlaget meiner Apel å kunne *sistegrunngi* den transcendentalfilosofiske tesen om at antakinga om den ultimate konsensusen er noko ein må forutsette: Den ultimate konsensusen er ein regulativ idé som er meningsfull fordi den har status som naudsynt argumentasjonsføresetnad. Eller formulert i eit meir teknisk vokabular: Gjennom den performative sjølvmotseiingstesten meiner Apel at han kan *sistegrunngi* at idéen om den ultimate konsensusen er ein muligheits- og gyldigheitsføresetnad for all meningsfull argumentasjon. Denne idéen er altså ein transcendentalpragmatisk føresetnad for all meningsfull argumentasjon og *eo ipso* for all kognisjon. Filosofisk *sistegrunngiving* er ifølgje Apel sikra fordi den performative sjølvmotseiingstesten, gjennom den diskursinherente påvisinga av performative sjølvmotseiingar her og no, sikrar ein ikkje-teoriavhengig og dermed infallibel tilgang til den infallible performative talehandlingskunnskapen som skeptikaren sjølv må aktualisere og implisitt forutsette eller akseptere for å kunne kome med eit meningsfullt filosofisk argument.

Det er altså gjennom den ikkje-teoriavhengige, kritiske, transcendentalpragmatiske argumentasjonen (den strengt refleksive argumentasjonen) at Apel finn sitt avgjerande bevis for å hevde ein realistposisjon i filosofien, og denne realistposisjonen har *ultimat konsensus-sanningskonsepsjonen* som sitt innhald. I den

---

<sup>383</sup> Apel, K.-O. 2003: 176. Jmf. kap. 3 (punkt 3.1)

<sup>384</sup> Jmf. kap. 1 (punkt 1.2.2.2), kap. 2 (punkt 2.2.3) og kap. 3 (3.2)

<sup>385</sup> Apel, K.-O. 2003: 176

grad vi argumenterer eller tenker, så må vi ifølgje Apel vere realistar, fordi vi ikkje hadde kunna argumentere eller tenke meningsfullt dersom vi ikkje *performativt forutsette* at den objektive verda verkeleg finst og at det er mulig å kome fram til ei endeleg tolking av henne. Denne typen diskursiv, normativ forplikting kan vi ikkje ”gå bak”, sjølv ikkje i ein filosofisk meta-refleksjon over refleksjonen sjølv, meiner Apel.

#### 5.1.4.1 Problem med Apels avgjerande prov

I førre kapittel såg vi på noko av den generelle kritikken som har kome mot Apels bruk av den performative sjølvmotseiingstesten. Desse problema viser seg også når Apel nyttar denne argumentasjonstypen for å forsvare *ultimat konsensus-sanningskonsepsjonen*.

For det første kan ein innvende at det langt i frå er klart at ein faktisk viklar seg inn i ei performativ sjølvmotseiing dersom ein betvilar eller benektar den regulative idéen om den ultimate konsensusen.<sup>386</sup> Dette kan med andre ord ikkje vere eit eksempel på det Kuhlmann kallar ei openberr performativ sjølvmotseiing.<sup>387</sup> Det å identifisere ei performativ sjølvmotseiing, involverer også i dette tilfelle eit stort monn av *tolking*. Ein kan altså meine at Apel tek feil når han hevdar at vi kan ha ein kritisk, ikkje-teoriavhengig tilgang til vår eigne talehandlingskunnskap, eller når Apel hevdar at vi kan ha ein refleksiv evidens av (ein direkte og infallibel tilgang til) vår talehandlingskunnskap gjennom den performative sjølvmotseiingstesten.

Det er nærliggande å tenke seg at denne konklusjonen faktisk følger av Apels eigen semiotiske kognisjonslogikk som seier at all erkjenning må vere mediert gjennom intersubjektive teikn.<sup>388</sup> Tolking er i spel fordi ”den regulative idéen om den ultimate konsensusen” er ei språkleg og svært teoriladda formulering av det Apel ser som del av den immanente performative talehandlingskunnskapen vår. Det kan godt vere at det finst visse muligheitsføresetnader for meningsfull argumentasjon som vi ikkje rasjonelt kan gå bak, men vi har ikkje ein direkte tilgang til meningsinnhaldet i desse gjennom streng refleksiv refleksjon. Vi har i høgda ei refleksiv evidenserfaring av slike argumentasjonsføresetnader, men som objekt for erkjenning og til bruk i

---

<sup>386</sup> Jmf. til dømes Berlich, A.1982, Reese-Schäfer, W. 1992 og Keil, G. 2003.

<sup>387</sup> Jmf. kap. 3 (punkt 3.3.3)

<sup>388</sup> Jmf. kap 1 (punkt 1.2.2.1)

argumentasjon er dei berre tilgjengelege gjennom ein språkleg og teoretisk, og dermed fallibel, rekonstruksjon av dei.

Ein kan også hevde at sjølv diagnosen "*performativ sjølvmotseiing*" er uklar og omstridd. For å forstå kva Apel meiner når han seier at Wellmer viklar seg inn i ei performativ sjølvmotseiing, så må vi forstå Apels teori om språkets irreducible performativ-proposisjonale og sjølvrefererande dobbeltstruktur. Apel formulerer diagnosen performativ sjølvmotseiing på bakgrunn av ei viss forståing av språket, av kognisjonen og av kva som utgjer ei talehandling. Og denne forståinga til Apel er det ikkje universell filosofisk semje om. I og med at "performative sjølvmotseiingar" ikkje er ei formallogisk sjølvmotseiing, vil det alltid vere tolking involvert i diagnosen "performativ sjølvmotseiing". Diagnosen vil mellom anna involvere ei tolking av kva det vil seie å argumentere meningsfullt, og av kva det vil seie å ha ein reell filosofisk tvil. Apels semiotiske og språkpragmatiske språk- og kognisjonsteori er som alle andre teoriar open for kritikk og krav om vidare grunngeving. Det kan altså finnast gode grunnar til å betvile både statusen til og innhaldet i sjølv diagnosen "performative sjølvmotseiingar". Apels argument om at ei performativ sjølvmotseiing ligg føre, er såleis ikkje nødvendigvis slutten på ein rasjonell filosofisk diskusjon om meininga til omgrepet "sanning".<sup>389</sup>

Dersom desse kritiske innvendingane er korrekte, har ikkje Apel med sin strengt refleksive argumentasjon lukkast i å forsvare *ultimat konsensus-sanningskonsepsjonen* mot all kritikk. Han har dermed ikkje lukkast i å gje ei definitiv sistegrunngiving av ein realistposisjon, eller ei endeleg avvising av alle globale skeptiske argument, gjennom ei distinkt reflektiv og ikkje-teoriavhengig form for transcendental argumentasjon.

## **5.2 Problema med sanningskonsepsjonen som symptom på problem i den transcendentalfilosofiske tilnærminga**

Gjennom *ultimat konsensus-sanningskonsepsjonen* meiner Apel at han kan ivareta alle dei krava som han meiner ein tilstrekkeleg eksplikasjon av meininga til omgrepet "sanning" må oppfylle: Dvs. 1) Kravet om samsvar med vår intuisjon om sanning som noko konteksttranscenderande.<sup>390</sup> 2) Kravet om kriteriologisk relevanse eller

---

<sup>389</sup> Jmf. Keil, G. 2003: 81f

<sup>390</sup> Dette kravet ekskluderer ifølgje Apel relativistiske og deflasjonistiske sanningsomgrep.



pragmatisk meiningsfullheit i samsvar med ein pragmatisk integrert meiningssteori.<sup>391</sup>

3) Kravet om sistegrunningving.<sup>392</sup> Vi har i dette kapitlet sett på kritikarar som hevdar at Apel ikkje maktar å innløyse det andre og det tredje kravet, og som argumenterer for at dersom Apels sanningskonsepsjon korkje er meiningsfull eller sistegrunningitt så kan den heller ikkje vere i samsvar med vår intuisjon om sanning.

Ikkje alle dei kritiske argumenta mot Apel som vi har sett på i dette kapitlet og i førre kapittel, er like sterke. Eg kan ikkje gå inn i ei detaljert drøfting av alle desse kritiske motargumenta her. Men eg vil peike ut det som eg ser på som det mest gjennomgripande problemet for Apel, og det er at Apel gjer *ultimat konsensus-sanningskonsepsjonen* avhengig av muligheita for ei strengt reflektiv, transcendental refleksjons- og argumentasjonsform som er *ikkje-teoriavhengig* og dermed *ikkje-kritiserbar* eller *infallibel*. Eg meiner den kritikken som er presentert mot Apels strengt refleksive form for transcendental refleksjon og argumentasjon, er den kritikken av Apel som er best fundert. Problema med den strengt refleksive argumentasjonstypen skaper problem for heile Apels argumentsjonsarkitektonikk eller for heile Apels forsøk på å transformere transcendentalfilosofien. I den framstillinga eg har gitt ovanfor av måten Apel går kritikarar som Wellmer i møte på, meiner eg vi kan sjå dette tydeleg.

### 5.2.1 Apels arkitektonikk

I diskusjonen mellom Apel og hans kritikarar ser vi at det eg til no har omtala som ”Apels *ultimat konsensus-sanningskonsepsjon*” og Apels ”meiningskritiske realisme”, er forsøk på å integrere to ulike hovudstrategiar for å eksplisere meninga med omgrepet “sanning”. Dette er utslag av det eg har kalla Apels transcendentalfilosofiske tilnærming, som er eit forsøk på å integrere to ulike hovudformer for transcendental argumentasjon:

- 1) På den eine sida har vi Apels fire teoriavhengige, transcendentale argumentasjonsstypar som alle går attende til transcendentale argument med forma: ”Wenn nicht x [...], dann auch nicht y, [bzw. Wenn y, dann x.] Nun y, also x.”<sup>393</sup> Desse

---

<sup>391</sup> Dette kravet ekskluderer ifølgje Apel ontologisk-metafysiske sanningskonsepsjonar.

<sup>392</sup> Apel krev altså av ein tilstrekkeleg sanningskonsepsjon at den ikkje er open for meiningsfulle skeptiske innvendingar. Apel impliserer at berre *ultimat konsensus-sanningskonsepsjonen* kan tilfredsstillte dette kravet. Jmf. Apel, K.-O. 2001:18

<sup>393</sup> Kuhlmann, W. 1987: 91. Min kursiv.

typene transcendentalargumentasjon baserer seg på Apels semiotiske språk- og kognisjonsteori. Dei inkluderer såleis ein slags verifikasjonistisk meningsteori, eller bruk av Peirces pragmatiske maksime for meningsavklaring, for å etablere premissane i det transcendentale argumentet. Premissane i det transcendentale argumentet, den transcendentale hovudpremissen og den transcendentale underpremissen, er her berre *vanskeleg* å benekte og å betvile.<sup>394</sup> Denne apelske argumentasjonen skil seg dermed ikkje strukturelt sett frå Kants transcendentale argumentasjon, og den er på same måte open for meningsfulle skeptiske motargument.

2) På den andre sida har vi Apels strengt refleksive, transcendentale argumentasjon med forma : ”Wenn nicht x, dann auch nicht *das von Dir qua Skeptiker aktuell und notwendig immer schon in Anspruch genommene (für die Skepsis also unverzichtbare)* y [, nun y, also x]”.<sup>395</sup> Avgjerande for denne typen argumentasjon er at den er strengt kritisk, refleksiv og diskursinherent, og for Apel vil dette seie *ikkje-teoriavhengig*. Ifølgje Apel er premissane i det transcendentale argumentet som ligg til grunn her *umulig* å benekte rasjonelt, dvs. umulig å benekte eller betvile utan performativ sjølvmotseiing. Denne typen transcendental argumentasjon er altså på avgjerande vis knytt til aktuell bruk av den performative sjølvmotseiingstesten, og den kan ifølgje Apel gje filosofisk sistegrunngiving.

Den siste argumentasjonsforma har ein privilegert posisjon i Apels argumentasjonsarkitektonikk. Dette såg vi både i tolkingane til Kuhlmann og Böhler, og i Apels eiga tolking av den apelske argumentasjonsarkitektonikken.<sup>396</sup> Dette har vi også fått stadfesta i gjennomgangen ovanfor av korleis Apel går sine kritikarar i møte. Den strengt refleksive argumentasjonen, eller påvisinga av performative sjølvmotseiingar, er Apels siste og avgjerande måte å avvise sine kritikarar på. Det er denne argumentasjonen som gir Apel det avgjerande provet for *ultimat konsensus-sanningskonsepsjonen* og hans meningskritiske realisme.

---

<sup>394</sup> I Apels teoriavhengige transcendentalpragmatiske argumentasjon er den transcendentale underpremissen at ”meningsfull argumentasjon er mulig”. Først i den strengt refleksive transcendentalargumentasjonen er den transcendentale underpremissen at ”*aktuell* meningsfull argumentasjon mulig”, noko som Apel hevdar at ein kan prove i den performative sjølvmotseiingstesten.

<sup>395</sup> Kuhlmann, W. 1987: 105

<sup>396</sup> Jmf. kapittel 3.

## 5.2.2 Spenningar i Apels arkitektur

Apel er nøydd til å sette opp eit radikalt skilje mellom sine to former for transcendental argumentasjon.<sup>397</sup> Med det meiner eg at Apels strengt refleksive refleksjon og argumentasjon ikkje kan vere avhengig av at Apels teoriavhengige refleksjon og argumentasjon er gyldig eller korrekt. Utan eit slikt skarpt skilje vil den strenge refleksjonen og argumentasjonen sjølv vere teoriavhengig og dermed kritiserbar og fallibel. Men i den måten Apel argumenterer for *ultimat konsensus-sanningskonsepsjonen* på, så ser vi at Apel i praksis gjer dei to argumentasjonsformene gjensidig avhengige av kvarandre. Vi ser at dei to argumentasjonsformene må vere komplementære deler av ein og same argumentasjonsarkitektur: Apel er avhengig av ei argumentativ arbeidsfordeling mellom dei to formene for transcendental argumentasjon for å kunne gje ein tilstrekkeleg eksplikasjon av meininga til omgrepet "sanning":

1) Gjennom den teoriavhengige transcendentale argumentasjonsforma meiner Apel å kunne eksplisere *meininga* til den ultimate konsensusen: Dvs. han meiner å kunne eksplisere *innhaldet* i denne idéen, eller kriteria for identifikasjon av den ultimate konsensusen (rett nok på ein reint prosedural måte), og han meiner dessutan å kunne eksplisere den *funksjonen* antakinga om den ultimate konsensusen har i ein semiotisk logikk, dvs. i språkpragmatikken eller i språkets djup-grammatikk.<sup>398</sup> Men Apels teoriavhengige, transcendentale argumentasjonsform har to problem: For det første, når denne argumentasjonsforma er basisen for å eksplisere sanningsomgrepet, får Apel eit problem med å legitimere at sanningsomgrepet har pragmatisk meining i den kravde forstanden sidan ingenting som er empirisk eller pragmatisk relevant kan tilsvare den ultimate konsensusen. For det andre kan denne argumentasjonsforma ikkje gje sistegrunniving, og den står dermed open for skeptiske og kritiske motargument. Apel meiner at *ultimat konsensus-sanningskonsepsjonen* har pragmatisk meining og at sanningskonsepsjonen er mulig å sistegrunngi: Begge deler skuldast at den regulative idéen om den ultimate konsensusen fungerer som ein transcendentalpragmatisk føresetnad. Men for å kunne *prove* dette, må Apel gå

---

<sup>397</sup> Jmf. dei to punkta ovanfor i 5.2.1

<sup>398</sup> Jmf. Apel, K.-O. 1990: 203ff

over til den ikkje-teoriavhengige argumentasjonsforma, dvs. han må nytte den performative sjølvmotseiingstesten.<sup>399</sup>

2) Apel hevdar at berre den strengt refleksive, eller ikkje-teoriavhengige og kritiske, argumentasjonsforma kan etablere den ultimate konsensusen (den regulative idéen) sin *status* som noko ein ikkje meiningsfullt kan benekte. Dvs. berre den strengt refleksive transcendentalargumentasjonen, som byggjer på den performative sjølvmotseiingstesten, kan etablere idéen om den ultimate konsensusen som ein transcendentalpragmatisk føresetnad og dermed gi den sistegrunniving.<sup>400</sup> Men den strengt refleksive forma for argumentasjon kan ikkje, per definisjon, eksplisere (språkleggjere, formulere eller teoretisere) *innhaldet* i den ultimate konsensusen.<sup>401</sup> Denne forma for argumentasjon byggjer i røynda på ein indeksikalsk appell til diskursdeltakarane sin refleksive evidens for eigen talehandlingskunnskap.<sup>402</sup> Den gir dermed berre punktuell påvising av aktuelle argumentasjonsføresetnader og kan ikkje tene som grunnlaget for ein systematisk rekonstruksjon av slike argumentasjonsføresetnader.<sup>403</sup>

Eg meiner denne argumentasjonsforma ved nærare ettersyn ikkje er så ikkje-teoriavhengig som Apel gjerne vil at den skal vere. I realiteten er denne typen argumentasjon og refleksjon (i den grad den er mulig i det heile, og slik vi faktisk finn den hjå Apel) avhengig av den teoriavhengige typen transcendentalargumentasjon og refleksjon. Den er med andre ord i røynda avhengig av Apels semiotiske og språkpragmatiske teori.<sup>404</sup> Eg meiner denne tolkings- og teoriavhengigheita i Apels strengt refleksive (ikkje-teoriavhengige, kritiske) transcendentale argumentasjon opnar for meiningsfulle motargument og for krav om ytterlegare eksplikasjon og grunniving av Apels *ultimat konsensus-sanningskonsepsjon*. For å forsvare *ultimat konsensus-sanningskonsepsjonen* mot

---

<sup>399</sup> Dette viser at den teoriavhengige transcendentale argumentasjonen, ifølgje Apel, ikkje åleine er tilstrekkeleg for å eksplisere sanningsomgrepet (fordi den ikkje kan gi sistegrunniving). Det ville ikkje ha vore eit problem at Apel gjer den teoriavhengige argumentasjonen avhengig av den ikkje-teoriavhengige argumentasjonen dersom Apels ikkje-teoriavhengige argumentasjon hadde vore konsistent og gyldig.

<sup>400</sup> Apel, K.-O. 1994: 50. Jmf. kap. 2 (punkt 2.2.3)

<sup>401</sup> Jmf. Kuhlmann, W. 1993: 281f

<sup>402</sup> Jmf, Apel, K.-O. 1998: 147. Jmf. kap. 3 (punkt 3.2.2).

<sup>403</sup> Jmf. Kuhlmann, W. 1993: 281f

<sup>404</sup> "[T]he presumed performative contradiction implied by the rejection of the regulative idea of an unlimited or idealized consensus is to a high degree dependent on particular theoretical conceptions (found in Apel's version of transcendental-pragmatics)." Skirbekk, G. 2001: 19.

kritikken som kjem frå filosofar som Wellmer og Becker, kan ikkje Apel unngå å gå inn i meir detaljerte diskusjonar av kva han legg i termar som ”konstitutive, regulative idéar”, og han kan ikkje unngå å måtte utdjupe kva han legg i termar som ”den pragmatiske maksima” og ”performative sjølvmotseiingar”. For å forsvare sin meiningskritiske realisme og *ultimat konsensus*-sanningskonsepsjon vidare, kan Apel altså berre gå tilbake til, eller byggje vidare på, sine *teoriavhengige og prinsipielt fallible* argumentasjonstypar.

Både Apels teoriavhengige (deduktive, eller ”svake”),<sup>405</sup> transcendentale argumentasjonsform og den ikkje-teoriavhengige (refleksive eller ”sterke”),<sup>406</sup> transcendentale argumentasjonsforma har problem, eller svakheiter. *Men i staden for at Apels to ulike transcendentale argumentasjonsformer utfyller kvarandre slik at problema kan oppheve kvarandre, ser det ut som om Apel skuvar problema med den eine argumentsforma over på den andre*: Når Apels kritikarar argumenterer for at *ultimat konsensus*-sanningskonsepsjonen er meiningsstom, forsvarar Apel den med å vise til resultat frå den performative sjølvmotseiingstesten som konkluderer med at *ultimat konsensus*-sanningskonsepsjonen må vere meiningsfull fordi den ikkje meiningsfullt kan nektast for.<sup>407</sup> Når Apel påviser ei performativ sjølvmotseiing i den performative sjølvmotseiingstesten, kan han ikkje seie noko om meininga eller innhaldet i det som han meiner vert prova som ein transcendentalpragmatisk føresetnad. Til dette treng han den teoriavhengige argumentasjonstypen sin. Den treng han også for å gjere sjølve diagnosen ”performativ sjølvmotseiing” forståeleg, og han treng den i dei tilfella der skeptikaren nektar for at han viklar seg inn i ei performativ sjølvmotseiing.

Apel ekspliserer ikkje meininga med sanning på ein tilstrekkeleg måte ved å vise til at vi ikkje kan benekte eller betvile sanning utan performativ sjølvmotseiing. Han ekspliserer ikkje meininga med sanning på ein sistegrunngitt måte ved å anvende den pragmatiske maksima for meiningsavklaring på sanningsomgrepet. Eg meiner Apel heller ikkje lukkast i å finne ein tilstrekkeleg og sistegrunngitt sanningskonsepsjon, og dermed ein basis for å attendevise alle skeptiske argument i forsøket på å syntesisere desse to argumentative formene.

---

<sup>405</sup> Jmf. kap. 3 (punkt 3.2.1)

<sup>406</sup> Jmf. kap. 3 (punkt 3.2.1)

<sup>407</sup> Dette er spesielt påfallande i Apels ”metakritikk” av Wellmers kritikk av *ultimat konsensus*-sanningskonsepsjonen. Jmf. Apel, K.-O. 2003: 183ff

Bruken av den *pragmatiske maksima* er sentral i Apels teoriavhengige, transcendentale argumentasjon.<sup>408</sup> Samstundes er bruken av den *performative sjølvmotseiingstesten* sentral i Apels ikkje-teoriavhengige transcendentale argumentasjon.<sup>409</sup> Eg ser det slik at den pragmatiske maksima og den performative sjølvmotseiingstesten til sjuande og sist utgjer dei to hovudmetodane som Apel forsvarer sin *ultimat konsensus-sanningskonsepsjon* gjennom. Dermed utgjer dei også Apels to hovudmetodar for å forsvare sin *meningskritiske realisme*. Etersom Apel ikkje lukkast i å syntetisere desse to metodane ser det for meg ut som Apel opererer med to ulike tydingar av ”meningskritisk”<sup>410</sup>, og dermed med to tydingar av ”meningskritisk realisme”. Det kan vere at desse to tydingane fell saman, men eg meiner at Apel ikkje lukkast i å vise dette på ein tilstrekkeleg overtydande måte.

---

<sup>408</sup> Jmf. kap. 4 (punkt 4.1.3)

<sup>409</sup> Jmf. kap. 3 (punkt 3.2.3)

<sup>410</sup> Eg meiner at argumentasjon ut frå den performative sjølvmotseiingstesten utgjer ei av dei to tydingane som Apel legg i ”meningskritisk argumentasjon”, den andre tydinga er argumentasjon utifrå (fortrinnsvis negativ bruk) av den pragmatiske maksima. Eg kjem attende til dette i konklusjonen.

## 6 Konklusjon

I siste delen av denne diskusjonen om Apels sanningskonsepsjon har eg argumentert for at det ligg ei spenning i Apels meiningskritiske realisme og *ultimat konsensus-sanningskonsepsjon*. Eg ser denne spenninga som eit utslag av problem som gjeld Apels transcendentalfilosofiske tilnærming meir generelt. Hovudproblemet, slik eg ser det, er at Apel gjer seg sjølv avhengig av at ei ikkje-teoriavhengig og kritisk (strengt refleksiv) transcendental argumentasjonsform er mulig. Utan den funksjonen som Apel tiltenker den ikkje-teoriavhengige kritiske transcendentale argumentasjonsforma får han eit problem med å sameine dei ulike transcendentale argumentasjonstypane som han operer med. Eg kan ikkje sjå at Apels ulike transformerte transcendentale argumentasjonsstrategiar utfyller kvarandre; eg oppfattar det heller slik at Apel skyv problema med den eine argumentasjonsforma over på den andre.

Er det då slik at Apels transcendentale argumentasjon berre "has all the advantages of theft over honest toil"?<sup>411</sup> Er det slik at Apels transcendentale argumentasjon i røynda er eit argumentativt blendverk som bygger på ein skjult føresetnad om at ein viss semiotisk (verifikasjonistisk) meaningsteori og ein viss argumentasjonsteori er korrekt?<sup>412</sup> Det er mykje som er uklart og problematisk i Apels filosofi, og som sagt meiner eg det mest problematiske er den infallibilistiske insisteringa til Apel. Men trass desse tildels svært alvorlege problema trur eg vi kan finne element i Apels filosofiske tilnærming som er svært fruktbare, også i høve til sannings spørsmålet.

### 6.1 Verdien av Apels filosofiske tilnærming

Etter Barry Strouds velkjende artikkel "Transcendental Arguments" frå 1968 har transcendental argumentasjon blitt sett på med ei viss mistenksomheit i store deler av filosofien.<sup>413</sup> Noko av det eg håper å ha vist med min diskusjon av Apel, er at "transcendental refleksjon og argumentasjon" ikkje treng å vere noko som ein anten aksepterer eller forkastar *in toto*. Eg håper å ha vist at vi finn stor variasjon innanfor det vi med ein fellesnemnar kallar transcendental argumentasjon<sup>414</sup> og at ein ikkje kan snakke om absolutte kriterium for transcendentale argument. Transcendentale

---

<sup>411</sup> Stern, R. 2000: 1

<sup>412</sup> Jmf. Stroud, B. 1968: 256

<sup>413</sup> Jmf. Philström, S. 2003

<sup>414</sup> Jmf. kap. 1.

argument har likevel ei viss "familielikheit" som gjer termen meningsfull:<sup>415</sup> Dei transcendentale argumenta tek som regel utgangspunkt i noko som er "sikkert" eller filosofisk ukontroversielt for å etablere nødvendigheita av visse mulighetsføresetnader og gyldighetsføresetnader for dette "sikre". Transcendentale argument har som regel ei logisk *modus ponens*-form. Vidare avviser desse argumenta som regel metafysisk realisme; dei er oftast anti-skeptiske og forsvarer ein slags empirisk realisme. Samstundes inneberer transcendentale argument eit karakteristisk fokus på det som subjektet (i Apels tilfelle det som fellesskapet av kommuniserande subjekt) bidreg med i konstitueringa av det som kan verte erfart og det som kan verte erkjent.<sup>416</sup> Dessutan inneberer transcendental argumentasjon og refleksjon eit karakteristisk "innanfrå-perspektiv"; ei tru på at det er mulig å kome fram til innsikt i dei muliggjerande føresetnadene for noko, utan å stille seg utanfor dette "noko". Dette inneber som vi har sett eit forsøk på ei hermeneutisk sjølvvinnhenting og at ein stiller opp ei sjølvrefleksiv type grunngeving som eit (utfyllande) alternativ til deduktiv grunngeving.

Eg meiner at spesielt det siste kjenneteiknet på ein transcendental type argumentasjon er framtrudande i Apels transcendentale tilnærming, og eg meiner at denne typen filosofisk tilnærming har visse filosofiske føremonar. For det første opnar denne tilnærminga opp for ein meningskritisk sjølvrefleksivitet i den filosofiske verksemda sjølv: kva prinsipp må vere gyldige, eller kva må eg forutsette som gyldig, for at eg skal kunne tenke eller hevde noko filosofisk på ein meningsfull måte? Eg trur denne typen hermeneutisk "innanfrå-perspektiv" er ein type refleksjon som er heilt naudsynt for å kunne forstå omgrep som "sanning" og "meining". Apels forsøk på å føre denne typen refleksjon frå nivået av epistemiske føresetnader (Kant) til transsubjektive eller språkpragmatiske føresetnader, opnar for nye typar innsikter.

### **6.1.1 Verdien av Apels teoriavhengige transcendentale argumentasjon**

Stroud konkluderer i sin 1968-artikkel med at alle transcendentale argument hentar si overtydingskraft frå ei skjult antaking om at verifikasjonsprinsippet er gyldig, dvs frå

---

<sup>415</sup> Jmf. Philström, S. 2004

<sup>416</sup> Nokre transcendentalfilosofar, som Kant, kallar dette *transcendental idealisme*, men Apel nyttar ikkje sjølv dette omgrepet. Ein kan kanskje seie at Apel har ein "transcendental intersubjektiv idealisme", men Apel nektar på det sterkaste for at hans posisjon her er ein metafysisk posisjon. Eg ser det som eit uavklara spørsmål om transcendental idealisme i alle variantar må seiast å ha metafysiske implikasjonar.



eit bakteppe av verifikasjonistisk meiningsteori.<sup>417</sup> I min diskusjon har eg likeeins kome fram til at Apels transcendentale argumentasjon på ulike vis byggjer på eit teoretisk bakteppe. Men i motsetnad til Stroud meiner eg at det ikkje er snakk om ”one direction of fit”: Den transcendentale argumentasjonen er rett nok avhengig av visse teoretiske bakgrunnsføresetnadene, men den transcendentale argumentasjonspraksisen kan også tene til å teste og utvikle desse teoretiske bakgrunnsføresetnadane. Eg meiner også at Apels semiotiske og pragmatiske meiningsteori er langt meir sofistisert enn den typen verifikasjonistisk meiningsteori som Stroud viser til i sin artikkel.<sup>418</sup> Eg er samd med Stroud og Wellmer i at Apels semiotiske teori (som inkluderer ein meiningsspråk-, kognisjons-, argumentasjons- og sanningsteori) ikkje kan sistegrunnigis. Men eg er ikkje heilt viss på om Apels semiotiske teori inneberer eit illegitimt ontologisk-metafysisk Gudsperspektiv sjølv om den inkluderer tanken om ”regulative idéar”, slik Wellmer hevdar.<sup>419</sup> Det er likevel klart at Apel må klargjere langt betre kva funksjon og innhald han meiner ”regulative idéar” har for at vi skal kunne konkludere i dette spørsmålet.

Etter mitt syn har Apel rett i at ein (formal-)semantisk definisjon av sanning, som Tarskis, ikkje kan vere ein tilstrekkelig definisjon av sanning, slik til dømes W.P.Alston<sup>420</sup> og T. Grundmann<sup>421</sup> hevdar. Eg meiner at Apel viser på ein overtydande måte at ein tilstrekkeleg sanningsdefinisjon må bygge på ein sanningsteori som tek omsyn til den språkpragmatiske dimensjonen ved sannings spørsmålet. Ein sanningsteori må altså kunne ta omsyn til sanning som gyldigheitskrav som vert reiste med påstandar og som kan verte innløyste med argument. Ein sanningsteori må også vere i stand til å ivareta kravet om kriteriologisk eller epistemisk relevanse; reine diskursteoriar eller reine konsensusteoriar for sanning er ikkje tilfredsstillande.

I sin sanningsteori freistar Apel å formidle mellom språk og erfaring, og mellom diskursføresetnader og erfaringsføresetnader. Dette tyder at Apel tek utfordringa med

---

<sup>417</sup> Stroud, B. 1968: 241ff

<sup>418</sup> Jmf. ”Das Wort ”Verifikation” wird von uns im weitesten Sinne einer möglichen Bewahrheitung verstanden, nicht etwa im Sinne ”vollständiger Bestätigung” oder gar ”vollständiger Nachprüfbarkeit” von Sätzen. Insofern scheint mir das Verifikationsprinzip einen heuristischen Wert zu besitzen, der unabhängig davon ist, ob es gelingt, ein Kriterium empirischer Verifikation zu formulieren.” Apel, K.O. 1973: 148, fotnote 11

<sup>419</sup> Jmf. Wellmer, A. 2003: 143ff

<sup>420</sup> Alston, W.P. 1996

<sup>421</sup> Grundmann hevda dette i ei forelesingsrekke om Tarski og Alston på Humbolt Universität april 2002. Jmf. Grundmann, T. 1992

å kome fram til ein integrativ sanningsteori som tek inn over seg at sanningsproblematikken leier inn i ein tematikk som grip over både språkteori og erkjenningssteori, så vel som ontologi og logikk.<sup>422</sup> Eg trur Apels bruk av eit Peirceansk-inspirert semiotisk rammeverk kan lette mulighetene for å tenke på sanning på ein slik ikkje-reduksjonistisk måte. Dette fordi semiotikken tilbyr eit vokabular der ein kan skilje mellom ulike nivå og ulike dimensjonar av språk og kognisjon på ein relativt oversikteleg måte.

### 6.1.2 Verdien av Apels strengt refleksive, transcendentale argumentasjon

Eg har i min diskusjon av Apel avvist muligheita for ei strengt refleksiv form for transcendental refleksjon som ikkje er avhengig av teori på nokon måte og som difor er infallibel og eigna til å gi sistegrunniving.

Apel hevdar på basis av den strengt refleksive typen argumentasjon (eller med utgangspunkt i den performative sjølvmotseiingstesten) at han kan *sikre* ein meningskritisk realisme fordi han hevdar at han kan attendevise *alle* globalt skeptiske argument som performativt absurde. Når Apel hevdar at han kan gje ei filosofisk sistegrunniving, så hevdar han, som Kuhlmann, ikkje berre at han kan påvise performativ sjølvmotseiing hjå aktuelle opponentar. Han hevdar dermed også at han kan påvise performative sjølvmotseiingar hjå framtidige opponentar:<sup>423</sup> Sistegrungitte argumentasjonsføresetnader er sikre "...gegenüber allen *möglichen*-inhaltlich noch gar nicht antizipierbaren – Zweifeln".<sup>424</sup> Eg meiner denne påstanden og denne insisteringa på *infallibel sistegrunniving* ikkje er konsistent med dei tekststadane der Apel seier at påvisinga av performative sjølvmotseiingar er *diskursinherent* og *punktuell* (eller at den berre kan finne stad *her og no, i diskursen*). Ein kan ikkje generalisere eller trekke endelege filosofiske konklusjonar ut av ei slik punktuell påvising.<sup>425</sup> Det einaste ein kan gjere er alltid å teste nye skeptiske motargument i ein slik performativ sjølvmotseiingstest.

Etter mi meining inntek Apel eit dogmatisk eller fundamentalistisk standpunkt i filosofien når han hevdar at diagnosen performativ sjølvmotseiing er slutten på ein rasjonell diskusjon om meininga til omgrepet "sanning". Det er denne typen

---

<sup>422</sup> Jmf. Becker, W. 1993: 116f

<sup>423</sup> Keil, G, 2003: 71

<sup>424</sup> Kuhlmann, W. 1981: 7

<sup>425</sup> Jmf. Kuhlmann, W. 1993: 281f

dogmatisme H. Albert åtvarar mot i *Traktat über kritische Vernunft*.<sup>426</sup> Slik eg ser det strid ei slik form for dogmatisme også mot Apels eigen normative vitskapsteori og diskursetikk.<sup>427</sup> Eg ser altså Apels løysing på sistegrunningsproblemet som eit eksempel på *desisjonisme*, som er det tredje alternativet i Münchhausen-trilemmaet.<sup>428</sup> Habermas formulerer denne typen kritikk av Apels sistegrunningsforsøk på ein klar måte:

[Apel] neigt zu einem fundamentalistischen Verständnis von Philosophie, wenn er die philosophische Selbstreflexion in der Weise eines primordialen, mit überschwenglichen Zielsetzungen befrachteten Diskurses auszeichnet. Apel vertraut am Ende doch den infalliblen Gewissheiten eines direkten, also voranalytisch vergegenwärtigenden Zugriffs auf die sprachlichen Intuitionen eines besonnen-reflexionsgeübten Argumentationsteilnehmers. Denn das transzendentalpragmatische Argument, dem die Rolle einer "Letztbegründung" zugeordnet ist, hat in Wahrheit den Stellenwert einer präsumtiv unbeirrbaren, jedenfalls diskursiv nicht nachprüfbaren Vergewisserung. Wäre es ein Argument, dann stünde es in einem sprachlichen Kontext, der so viele Angriffsflächen bietet, wie er Facetten hat."<sup>429</sup>

## 6.2 Ei alternativ tolking: "punktuell og fallibel refleksiv grunniving" versus "infallibel strengt refleksiv sistegrunninging"

Sjølv om ein, etter mitt syn med rette, avviser muligheita for infallibel sistegrunninging, så tyder dette ikkje nødvendigvis at ein avviser Apels performative sjølvmotseiingstest som ein metode for *legitimering* av visse filosofiske påstandar.<sup>430</sup> Hjø filosofar som G. Keil, og kanskje også S. Philström<sup>431</sup>, meiner eg vi kan sjå måtar som Apels transcendentalfilosofiske tilnærming kan modifiserast på.

Keil avviser Apels infallibilistiske forståing av den strengt refleksive typen grunniving. Men Keil ser hjø Apel også spor av ei anna (svakare) og meir legitim form for refleksiv grunniving. Keil framhevar at sistegrunningsansatsen slik vi finn den hjø Apel er eit *meiningskritisk* forsøk på grunniving. Forsøket på sistegrunninging er meiningskritisk fordi det er ein refleksjon over muligheits- og gyldigheitsføresetnadene for sjølve den filosofiske argumentasjonen og tvilen. Apels gyldige meiningskritiske poeng er ifølgje Keil at det finst visse prinsipp, idéar og normer som vi må forutsette, eller akseptere, for i det heile å kunne byrje å begynne å

---

<sup>426</sup> Albert, H. 1968

<sup>427</sup> Jmf. Apel, K.-O. 1988: 306ff

<sup>428</sup> Jmf. kap. 3 (punkt 3.1)

<sup>429</sup> Habermas, J. 2003:64

<sup>430</sup> Keil, G. 2003: 65ff

<sup>431</sup> Philström, S. 2004

samle kunnskap, eller for i det heile å kunne ha ein reell tvil eller skepsis.<sup>432</sup> Gjennom den performative sjølvmotseiingstesten lukkast Apel til ein viss grad å vise at også skeptikaren har slike føresetnader; dvs. Apel lukkast i å vise at universell skeptisisme (eller konsekvent fallibilisme) ikkje er ein føresetnadslaus posisjon. Dette meiningskritiske poenget finn vi også hjå den seine Wittgenstein.<sup>433</sup> Men frå dette gyldige meiningskritiske poenget følgjer ikkje Apels konklusjon som seier at dei argumentasjonsføresetnadene vi har og implisitt må akseptere, er *sanne*. Frå dette poenget følgjer det heller ikkje at argumentasjons- og refleksjonsføresetnadene er uttrykk for *kunnskap*. Argumentasjonsføresetnadane er berre *sikre* på ein spesiell måte, sjølv om dette er ei form for sikkerheit som ikkje berre er psykologisk eller individuell, men intersubjektiv og konstitutiv for vår meiningsfulle argumentasjon eller diskursive form for rasjonalitet.<sup>434</sup>

I den grad prinsipp eller idéar (som til dømes den regulative idéen om sanning) markerer ei absolutt byrjing for kunnskap, meining og tvil, så kan dei heller ikkje grunnrivast.<sup>435</sup> Keil går her attende til Wittgensteins tanke om at "[a]m Grunde des begründeten Glaubens liegt der unbegründete Glaube."<sup>436</sup> Som Wittgenstein meiner Keil at det ikkje gir meining å snakke om sanning og grunnrivning i forhold til slike "bed rock certainties". Ifølgje Keil gjeld dette også når desse vissheitene, som i Apels tilfelle, ikkje er proposisjonale førestillingar, men performative handlingsreglar og del av den pragmatiske djupgrammatikken i språket vårt.

Det poenget Apel fangar inn i sin transcendentalpragmatiske argumentasjon, og som Keil framhevar, er følgjande: Det er ikkje mulig å ha ein fallibilistisk reservasjon i forholdet til dei ytste målestokkane, eller dei meiningskonstituerande idéane og prinsippa for kognisjonen eller argumentasjonen, på same måten som vi kan ha, og bør ha, ein fallibilistisk reservasjon i forholdet til dei empiriske førestillingane og påstandane våre:

---

<sup>432</sup> Jmf. Peirce som kontrasterer "reell tvil" med det han kallar "paper doubt", som ifølgje Peirce er ei cartesiansk, spekulativ og ikkje-grunnritt form for tvil. Peirce, C.S. 1959: 6.49

<sup>433</sup> Jmf. Wittgenstein, L. 1969

<sup>434</sup> Ein må skilje mellom at noko er *sikkert*, at noko er *grunnritt* og at noko er *sant*. At noko er sikkert tyder ikkje at det er grunnritt, men for at noko skal vere sant må det også vere grunnritt, eller som Apel seier; det må i det minste vere *grunnritt*. Poenget her er at dei transcendentalpragmatiske føresetnadane, fordi dei er konstituerande, ikkje er grunnrittbar i den fordra forstanden som skal til for å seie at dei er sanne eller falske. Jmf. Huitfeld, C. 1984: 6f

<sup>435</sup> Jmf. Skjei, E. 2003:

<sup>436</sup> Wittgenstein, L. 1969: §253. Jmf. også Skjei, E. 2003: 12

”Grundsätzlich müsse zwischen Gegenständen möglicher Kritik und den Bedingungen der Möglichkeit von Kritik unterscheiden werden.”<sup>437</sup>

Apel peikar med rette på at mange skeptiske argument forflatar denne distinksjonen. Mange skeptiske argument er eit resultat av ei ”nivåsamanblanding”, eller sagt på ein annan måte, mange skeptiske argument byggjer på ein refleksiv deficit i forhold til dei performative føresetnadene for skeptikarens eigen rasjonalitet og argumentasjon. I den grad det finst ei sikkerheit i forholdet til visse idéar, prinsipp eller normer som er konstitutiv for meining, så kan desse idéane, prinsippa og normene ikkje vere falske, og i ein forstand vil vi ikkje kunne ta feil i forhold til desse. Keil dreg ein parallell mellom denne Apelianske meiningskritiske innsikta og Wittgensteins utsegn om at det ikkje gir meining å seie at eit spel alltid har vore spelt feil: Eit spel (dei konstitutive idéane, reglane eller prinsippa) kan ikkje vere falskt på same måte som vi kan ta feil av eit trekk innanfor spelet. Men dette meiningskritiske poenget kan ikkje først i marka for ei *infallibilistisk* meiningskritisk *sistegrungiving*, meiner Keil.

Apels *infallibilistiske* versjon av den meiningskritiske, refleksive typen av grungiving fangar ikkje inn poenget med denne typen ”sistegrungiving”. Med meiningskritisk, refleksiv (siste-)grungiving forstår Keil ikkje ei endeleg og infallibel påvising av sanninga til ei viss utsegnsmengde. Keil forstår snarare meiningskritisk eller refleksiv (siste-)grungiving som den siste mulige grungivinga i eit språkspel før grungivingsforsøka vert meiningslause innanfor dette språkspellet. Eller som Keil seier det med Wittgenstein; ”...bevor die Spaten sich zurückbiegt”.<sup>438</sup> Kjenneteiknande for slik meiningskritisk og sjølvrefleksiv grungiving er at den er diskursinherent og dermed punktuell.

Med dette meiner eg å seie at ein i lesinga av Apel bør fokusere på dei tekststadane der Apel vektlegg at sistegrungiving må vere diskursinherent.<sup>439</sup> Utifrå ei slik lesing av Apel vil Apels strengt refleksive argumentasjon, i den grad den har ein funksjon i det heile, berre etablere ei instansiering av minimumsføresetnadene for reell tvil, eller meiningsfull argumentasjon. Den performative sjølvmotseiingstesten vil berre gje ei instansiering av den universelle transcendentale hovudpremissen ( $x \rightarrow$ —

<sup>437</sup> Keil, G. 2003: 65. Jmf. Apel, K-O, 1987a: 179ff

<sup>438</sup> Keil, G. 2003: 81f

<sup>439</sup> ”Wer das Letztbegründungsargument strikt reflexiv durchführen will, der *kann nicht* zu so etwas wie einem System letztbegründeter Gehalte kommen,... Das Eigentümliche an den strikt reflexiven Letztbegründungsargumenten, dass sie nämlich nur zur Begründung von punktuellen Resultaten führen, verdankt sich keinem unerfreulichen Zufall, sondern ist Kehrseite ihrer Stärke.” Kuhlmann. W. 1993: 281f. Jmf. Skjei, E. 2003: 182

y) ved å vise at ein her og no har nådd grensene for kva som meningsfullt kan uttrykkast i det aktuelle språkspelet. Det opnar seg eit gap frå denne punktuelle meningskritiske påvisinga av performativ meningsløyse over til påvisinga av ein *generell tese* om at *all mulig* meningsfull argumentasjon berre er mulig under dei og dei transcendentalpragmatiske føresetnadane (som til dømes den regulative idéen om sanning). Det opnar seg altså eit gap mellom påvisinga av performative sjølvmotseiingar og påvisinga av ein *transcendentalpragmatisk logikk*.<sup>440</sup> I mange av Apels tekstar ser det ut som Apel meiner at han kan fylle dette gapet. Men det trur eg ikkje Apel gjer, og heller ikkje at han kan make å gjere. Å fylle dette gapet vil vere det same som å gjere greie for kva som er felles for all argumentasjon, eller all rasjonalitet, i alle mulige verder, noko som synest fånytt.

Eg trur Apels tilnærming er i stand til å opne for innsikter som ikkje er artikulerte i Wittgensteins meningskritiske argumentasjon. Dette fordi Apel ser på dei performative grammatiske djupstrukturane i språket i eit heilt anna omfang enn kva vi finn hjå Wittgenstein. I ei modifisert tolking kan Apels transcendentalpragmatiske prosjekt sjåast på som ein meningskritisk og refleksiv metode for å *legitimere* visse filosofiske påstandar. Ei slik legitimeringsmetode kan kallast ei form for meningskritisk refleksiv sistegrunngiving her og no, og den er av eit anna slag enn grunngivingsforsøk gjennom avleiing frå aksiom. Men slik eg ser det vil Apel ikkje kunne gje noko anna enn ei punktuell og kritiserbar legitimering av visse filosofiske påstandar gjennom denne forma for transcendental argumentasjon.<sup>441</sup>

---

<sup>440</sup> Dvs. ein logikk for *all mulig* argumentasjon, og dermed også *all mulig* meningsfull erkjenning eller rasjonalitet.

<sup>441</sup> Når vi forstår Apel på denne måten er det mulig å tolke Apels prosjekt som ei utarbeiding av det Stroud meiner er den einaste mulige forma for transcendental argumentasjon og grunngiving i Stroud, B. 1968. Det er med andre ord snakk om ein transcendental refleksjon rundt det Stroud kallar "the privileged class". Dette er ifølgje Stroud eit legitimt filosofisk prosjekt, men han meiner at det ikkje kan gje så sterke eller overraskande resultat. Etter mitt syn kan berre konkrete undersøkingar, eller konkret bruk av metoden, vise om den kan gi interessante resultat.

## Litteraturliste:

Årstal i hakeparantes viser tidspunkt for førsteutgåve, medan årstal i parantes viser sitert eller referert utgåve:

Albert, H.:

(1980) [1968] *Traktat über kritische Vernunft*, 4 oppl., Mohr, Tübingen.

Alston, W.P.:

(1996) *A Realist Conception of Truth*, Cornell University Press, New York.

Apel, K.-O. :

(2003) "Wahrheit als regulativen Idee" i *Reflexion und Verantwortung*, (red. Böhler, D., Kettner, M. og Skirbekk, G.), Suhrkamp, Frankfurt am Main, s.171-197.

(2002) [2001] "Pragmatism as Sense-Critical Realism based on a Regulative Idea of Truth", (ikkje publisert artikkel) kompendium FIL302, Filosofisk institutt, Universitetet i Bergen.

(1998) *Auseinandersetzungen in Erprobung der Transzendentalpragmatischen Ansatzes*, Suhrkamp, Frankfurt am Main.

(1997) "Regulative Ideas or Truth-Happening?: An Attempt to answer the Question of the Conditions of the Possibility of valid Understanding" i *The Philosophy of Hans-Georg Gadamer*, The Library of living Philosophers, vol 24, (red. Hahn, L.E.), Illinois.

(1994) *Towards a Transformation: Selected Essays*, (red. Mendieta, E.) vol.I, Humanities Press International, New Jersey.

(1990) "Transcendental Semiotics and Truth: the Relevance of a Peircean Consensus- Theory of Truth in the present Debate about Truth-Theories" i *Peirce in Italia*, (red. Bonfantini, M.A., Martone, A.). Dipartimento di Filosofia e Politica dell' Instituto Universitario Orientale, Napoli, s.191-208.

(1987) "Fallibilismus, Konsenstheorie der Wahrheit und Letztbegründung" i *Philosophie und Begründung* (red. Kuhlmann, W.), Suhrkamp, Frankfurt am Main, s.116-211 (Ein utvida versjon er også trykt i Apel, K.-O. 1998).

(1988) *Diskurs und Verantwortung*, Suhrkamp, Frankfurt am Main.

(1976) *Transformation der Philosophie*, II, Suhrkamp, Frankfurt am Main.

(1976a) "Das Problem der philosophischen Letztbegründung im Lichte einer transzendentalen Sprachpragmatik. Versuch einer Metakritikk des 'Kritischen Rationalismus' i *Sprache und Erkenntnis*, (red. Kanitscheider, B.), Innsbruck. s.55-82 (også trykt i Apel, K.-O. 1998).

(1975) *Der Denkweg von Charles S. Peirce*, Suhrkamp, Frankfurt am Main.

[1973] (1976) *Transformation der Philosophie*, I, Suhrkamp, Frankfurt am Main.

(1970) *Ch. S. Peirce. Schriften II*, Suhrkamp, Frankfurt am Main.

Aristoteles:

(1970) *Metaphysik: Schriften zur Ersten Philosophie*, (omsett av Schwartz, F.F.) Stuttgart, s.1005b:1006a.

Audi, R. (red.):

(1998) [1995] *Cambridge Dictionary of Philosophy*, Cambridge University Press, Cambridge.

Becker, W.:

(1993) "Zur Wahrheitstheorie in der Transzendentalpragmatik" i *Transzendentalpragmatik* (red. Dorschel, A., Kettner, M., Kuhlmann, W., Niquet, M.) Suhrkamp, Frankfurt am Main, s.93-118.

Berlich, A.:

(1982) "Elenktik des Diskurses: Karl-Otto Apels Ansatz einer transzendentalpragmatischen Letztbegründung" (red. Kuhlmann, W og Böhler, D.) i *Kommunikation und Reflexion*, Suhrkamp, Frankfurt am Main, s.270.

Böhler, D.:

(2003) "Dialogreflexive Sinnkritik als Kernstück der Transzendentalpragmatik. Karl-Otto Apel's Athene im Rücken" i *Reflexion und Verantwortung*, (red. Böhler, D., Kettner, M. og Skirbekk, G.), Suhrkamp, Frankfurt am Main, s.115-44.

Brandt, R. B.:

(1995) "Knowledge and the Social Articulation of the Space of Reasons" i *Philosophy and Phenomenological Research*, vol. LV. No 4.

Cobley, P.:

(1997) *Introducing Semiotics*, Icon Books Ltd., Cambridge.

Grundmann, T.:

(1992) *Transzendental Argumentation. Aspekte analytischen Transzendentalphilosophie*, Tübinger Dissertation.

Gullvåg, I.

(1990) *Rasjonalitet, forståelse og forklaring*, Tapir forlag, Oslo.

Habermas, J.:

(2003) "Zur Architektonik der Diskursdifferenzierung. Kleine Replik auf eine grosse Auseinandersetzung" i *Reflexion und Verantwortung*, (red. Böhler, D., Kettner, M., Skirbekk, G.), Suhrkamp, Frankfurt am Main.



(1999) "Hermeneutic and Analytic Philosophy. Two Complementary Versions of the Linguistic Turn?" i *German Philosophy since Kant* (red. O'Hear A.), Cambridge University Press, Cambridge.

(1991) *Erläuterungen zur Diskursethik*, Suhrkamp, Frankfurt am Main.

(1973) "Wahrheitstheorien" i *Wirklichkeit und Reflexion: Walter Schulz zum 60. Geburtstag* (red. Fahrenbach, H.), Neske, Pfullingen.

Huitfeldt, C.:

(1984) *Transcendental argumentasjon- deduktiv og reflektiv*, Magisteravhandling i filosofi, Universitetet i Trondheim.

Humbolt, W. v.:

(1963) "Über die Verscheidenheit des menschlichen Sprachbaus und ihren Einflüsse auf die geistige Entwicklung des Menschengeschlechts", *Werke III* (red. Flitner, A. og Giel, K.).

Hösle, V.:

(1990) *Die Krise der Gegenwart und die Verantwortung der Philosophie*, Beck, München.

Kant, I. :

(1998) [1781/1787] *Kritikk der reinen Vernunft*, Felix Meiner Verlag, Hamburg.

Keil, G.:

(2003) "Über den Einwand einer anderen möglichen Vernunft" i *Reflexion und Verantwortung*, (red. Böhler, D., Kettner, M. and Skirbekk, G.), Suhrkamp, Frankfurt, 2003, s.65-83.

(1999) "Gibt es infallibles Handlungswissen?" i *I første, andre og tredje person*, Filosofisk instituttspublikasjonsserie nr 28, Trondheim, s.211-223.

Kettner, M. :

(1993) "Ansatz zu einer Taxonomie performativer Selbstwidersprüche" i *Transzendentalpragmatik* (red. Dorschel, A., Kettner, M., Kuhlmann, W., Niquet, M.), Suhrkamp, Frankfurt am Main, s.187-212.

Kuhlmann, W.:

(1993) "Bemerkungen zum Problem der Letztbegründung" i *Transzendentalpragmatik*, (red. Dorschel, A., Kettner, M., Kuhlmann, W., Niquet, M.), Suhrkamp, Frankfurt am Main, s.212-237.

(1992) *Kant und die Transzendentalpragmatik*, Königshausen & Neumann, Würzburg.

(1992a) *Sprachphilosophie – Hermeneutikk – Ethik. Studien zur Transzendentalpragmatik*, Königshausen & Neumann, Würzburg.

- (1987) *Philosophie und Begründung*, (red. Kuhlmann, W.) Suhrkamp, Frankfurt am Main.
- (1985) *Reflexive Letztbegründung*, Karl Alber, Freiburg/München.
- (1985a) "Reflexive Letztbegründung versus radikaler Fallibilismus. Eine Replik", i *Zeitschrift für allgemeine Wissenschaftstheorie*, 16, s.357-73.
- Peirce, C.S.:  
 (1958-1960) [1885-1907] *Collected Papers* (red. Hartshorne, C. og Weiss, P.), vol. I-VIII, Harvard University Press, Cambridge.
- Philström, S.:  
 (2004) "Recent Interpretations of the Transcendental", i *Inquiry*, 47, s.289-314.
- Putnam, H.:  
 (1983) "Reference and Truth" i *Realism and Reason. Philosophical Papers*, Vol. III, Cambridge University Press, Cambridge.
- Reese-Schäfer, W.:  
 (1993) *Karl-Otto Apel. En introduktion*, Daidalos, Göteborg.
- Schnädelbach, H.:  
 (1982) "Bemerkungen über Rationalität und Sprache" i *Kommunikation und Reflexion* (red. Kuhlmann, W. og Böhler, D.), Suhrkamp, Frankfurt am Main, s 347-368.
- Skirbekk, G.:  
 (2001) "Truth and Justification. Reflections on epistemic notions and practices" kompendium, Filosofisk institutt, Universitetet i Bergen.
- (1993) [1972] "Arguments from Absurdity" i *Rationality and Modernity*, Oslo/Oxford, s.39-72.
- Skjei, E.:  
 (2003) *Kritikk av den sistebe grunnede fornuft. Et forsøk på å tolke og vurdere Descartes, Apels og Hösles gjendrivelser av skeptisismen*. NTNU, Trondheim.
- Stern, R.:  
 (2000) *Transcendental Arguments and Scepticism: answering the questions of justification*, Oxford University Press, Oxford.
- Stroud, B.:  
 (1984) *The Significance of philosophical Scepticism*, Clarendon Press, Oxford.
- (1968) "Transcendental Arguments", i *Journal of Philosophy*, 65, s. 241-65.

Tarski, A.:

- (1977) "Die semantische Konzeption der Wahrheit und die Grundlagen der Semantik" i *Wahrheitsteorien*, (red. Skirbekk G), Frankfurt am Main, s.140-188.

Wellmer, A.:

- (2003) "Der Streit um die Wahrheit. Pragmatismus ohne regulative Ideen" i *Reflexion und Verantwortung* (red. Böhler, D., Kettner, M. Skirbekk, G.), Suhrkamp, Frankfurt am Main, s.143-171.

- (1998) "Truth, Contingency and Modernity" i *Endgames*, Cambridge/Massachusetts, s.137-155.

- (1986) *Ethik und Dialog. Elemente des moralischen Urteils bei Kant und in der Diskursethik*, Suhrkamp, Frankfurt am Main, 1986.

Williams, M.:

- (1999) "Skepticism", i *The Blackwell Guide to Epistemology*, (red. J. Greco & E-Sosa) Blackwell, s.35-69.

Wittgenstein, L.:

- (1969) *On Certainty/ Über Gewissheit* (red. Anscombe, G.E.M og von Wright, G.H.), Blackwell, Oxford.

- (1999) [1921] *Tractatus Logico-Philosophicus*. Gyldendal, Oslo.

Øfsti, A. :

- (2003) "Apriori der idealen Kommunikationsgemeinschaft: metaphysische oder dialogpragmatische Implikationen?- einige Bemerkungen zu Albrecht Wellmer." i *Reflexion und Verantwortung* (red. Böhler, D., Kettner, M. og Skirbekk,G.), Suhrkamp, Frankfurt am Main, s.197-220.